



DET KONGELEGE
FINANSDEPARTEMENT

St.meld. nr. 6

(2001-2002)

Kredittmeldinga 2000

Om Noregs Bank, Kredittilsynet og Det internasjonale
pengefondet mfl. si verksemd i 2000

*Tilråding frå Finansdepartementet av 7. desember 2001,
godkjend i statsråd same dagen. (Regjeringa Bondevik II)*

1 Innleiing

1.1 Oversikt over meldinga

Finansdepartementet legg med dette fram Kredittmeldinga 2000.

I kapittel 1 blir det gitt generell informasjon om finansinstitusjonane og verdipapirhandelen i 2000, mens kapittel 2 handlar om nokre spørsmål i tilknytning til finansmarknaden. I kapittel 2 er det mellom anna omtale av bakgrunnen for at Finansdepartementet vil setje i gang eit lovarbeid med sikte på å endre finanslovgivinga slik at det blir høve til å danne om sparebankar til aksjeselskap. Kapittel 3 handlar om hovudtrekka i regelverksutviklinga og dei viktigaste enkeltsakene som departementet og Kredittilsynet har behandla på finansmarknadsområdet i 2000. Kapittel 5 omtalar verksemda til Kredittilsynet i 2000. Vidare er det ein omtale av verksemda til Noregs Bank (kapittel 4), Statens Banksikringsfond (kapittel 6) og Statens Bankinvesteringsfond (kapittel 7) i 2000. Omtalen av verksemda til desse institusjonane er pålagd ved lov, jf. sentralbanklova § 28, banksikringsfondslova § 8 og bankinvesteringsfondslova § 6. Omtalen i dei nemnde kapitla byggjer i stor grad på årsmeldingane frå institusjonane. Kapittel 8 tek opp verksemda til Folketrygdfondet i 2000, og kapittel 9 omtalar verksemda til Det internasjonale valutafondet (IMF).

Sjølv om meldinga gjeld for år 2000, er omtalen på nokre punkt utvida til også å ta med utviklinga i 2001. Årsmeldingane frå Noregs Bank, Kredittilsynet, Statens Banksikringsfond, Statens Bankinvesteringsfond og Folketrygdfondet for år 2000 følgjer som utrykte vedlegg til meldinga.

1.2 Utviklinga på finansmarknaden

Både sparebankane og forretningsbankane kunne vise til gode resultat for 2000. Dei spesielt gode resultata sparebankane fekk, har samanheng med sal av Fellesdata. Salet auka resultata med om lag 1,8 milliardar kroner. Resultata er ellers prega av at det framleis er press på rentemargarar, men at auka inntekter frå anna verksemd enn tradisjonelt innskot og utlån til ei viss grad kompenserer fallet i netto renteinntekter. Samstundes var kostnadsnivået lågare for begge bankgrupper. Bankane har bokført låge tap på utlån, noko som har medverka til gode resultat. Sjølv om samla tap framleis var på et lågt nivå, var det enkelte bankar som hadde relativt høge tap i 2000.

Negativ utvikling i verdipapirmarknaden førte til svake resultat for forsikringsselskapa i 2000. Gjennom året blei soliditeten til livsforsikringsselskapa markert svakare. Verdijustert resultat blei negativt, medan rekneskapsresultatet til selskapa var på nivå med fjoråret som følgje av auka realisasjon av aksjar. For skadeforsikringsselskapa var framleis erstatningskostnadene høge i høve til premieinntektene, samstundes som lågare finansinntekter medverka til eit svakt resultat av ordinær verksemd.

Tabell 1.1 viser utviklinga i talet på institusjonar i ulike delar av finansnæringa i Noreg i perioden 1960-2000. Talet på finansinstitusjonar er redusert

monaleg sidan 1960-talet. For skadeforsikringsselskapa kjem reduksjonen mellom anna av at fleire lokale brannkasser har blitt del av Gjensidige Skadeforsikring, og at ordninga med generalagentur blei oppheva, og at utanlandskåtte skadeforsikringsselskap blei omdanna til filialar. Reduksjonen i talet på sparebankar kjem hovudsakleg av samanslåingar. Talet på forretningsbankar er redusert, dels som følge av samanslåingar og dels som følge av oppkjøp. Samanslåingar og oppkjøp har òg vore med på å redusere talet på finansieringsselskap. Analysekapitlet i årsmeldinga for 2000 frå Kredittilsynet gir eit nærare oversyn over strukturutviklinga i den norske finansmarknaden.

Tabell 1.1: Talet på finansinstitusjonar etter type i perioden 1960-2000 ¹

	1960	1965	1970	1975	1980	1985	1990	1995	2000
Sparebankar	597	540	493	390	322	198	142	133	130
Forretningsbankar	68	50	40	28	24	27	23	16	13
Skadeforsikringsselskap	155	148	125	121	116	116	115	111	52
Livsforsikringsselskap	14	13	11	12	12	12	11	9	9
Finansieringsselskap	-	-	-	-	68	67	71	44	35
Kredittføretak	-	-	-	17	15	15	14	11	11
Private og kommunale									
pensjonskasser og -fond	-	-	-	-	642	503	427	300	240
Verdipapirfond	-	-	-	-	-	-	-	204	338

¹ Filialar av utanlandske selskap er ikkje medrekna

Kilde: Kjelde: Kredittilsynet

1.2.1 Bank

Forretningsbankane hadde i 2000 eit samla resultat av ordinær drift før skatt på nær 7,9 milliardar kroner. Dette var 0,8 milliardar meir enn året før. Sparebankane hadde eit resultat før skatt på 8,9 milliardar kroner, som var 1,7 milliardar kroner meir enn året før. Salet av Fellesdata auka inntektene i 2000, og medverka til det gode resultatet for sparebankane.

Press på rentemarginane har redusert netto renteinntekter i høve til gjennomsnittleg forvalta kapital både for forretningsbankane og sparebankane, men den kvartalsvise utviklinga i netto renteinntekter viste betring mot slutten av året. Målt i høve til gjennomsnittleg forvalta kapital hadde dei tre største forretningsbankane ei nettorente på 1,96 prosent, medan resten av forretningsbankane hadde ei nettorente på 1,80 prosent. Sparebankane har framleis ei høgre nettorente enn forretningsbankane målt i høve til forvalta kapital. Dei små og mellomstore bankane har eit høgre nivå enn dei store bankane. Den største sparebanken hadde ei nettorente på 2,30 prosent, dei nest største hadde 2,66 prosent, medan dei mellomstore og mindre sparebankane hadde ei nettorente på 2,95 prosent.

Forretningsbankane auka andre inntekter (utanom kursgevinstar på verdipapir) med 22 prosent samanlikna med 1999. Gode kursgevinstar på aksjar var ei viktig forklaring på dei gode bankresultata i 1999, men som følge av den negative utviklinga på aksjemarknaden i 2000 blei inntekter frå aksjar redusert monaleg i 2000. Betring i inntektene frå valuta og derivat førte likevel til at

inntektene frå verdipapirverksemda i 2000 var på line med 1999. For sparebankane blei andre inntekter reduserte, i hovudsak som følgje av lågare utbyttebetalingar. For sparebankane medverka den negative utviklinga i verdipapirmarknaden til at samla netto kursgevinstar frå verdipapir og valuta blei halverte i høve til 1999.

Både forretningsbankane og sparebankane har senka kostnadsnivået samanlikna med 1999. For forretningsbankane blei kostnadene reduserte frå 2,02 prosent av gjennomsnittleg forvalta kapital i 1999 til 1,91 prosent i 2000. Kostnadene til sparebankane gjekk ned 0,17 prosentpoeng i same periode, og utgjorde 1,92 prosent av forvalta kapital i 2000.

Bankane har i ein lang periode bokført låge tap på utlån. Dette har medverka til gode resultat. Dette gjeld òg i 2000, sjølv om einskilte bankar har auka tap på utlån i høve til 1999. Samla tap på utlån utgjorde 0,13 prosent av forvalta kapital i forretningsbankane. Dette var ein auke på 0,07 prosentpoeng i høve til 1999. Nivået på tap i høve til utlån var noko høgre for sparebankane med 0,23 prosent, det same nivået som i 1999. Det var ein nedgang i talet på misleghaldne lån i forretningsbankane, medan sparebankane hadde ein auke i talet på misleghaldne lån i 2000. Auken i misleghaldne lån var størst i dei minste bankane.

Avkastinga, som er resultat av ordinær drift før skatt og ekstraordinære postar målt som del av gjennomsnittleg eigenkapital, auka til 14,4 prosent i 2000 frå 14,0 prosent i 1999 og 10,1 prosent i 1998 for dei tre største forretningsbankane. For dei resterande forretningsbankane fall eigenkapitalavkastinga til 10,1 prosent, etter å ha auka frå 9,9 prosent i 1998 til 14,8 prosent i 1999. Sparebankane hadde ei eigenkapitalavkastning på 17,5 prosent i 2000 mot 15,4 prosent året før. Dei største sparebankane har ei høgre avkastning på eigenkapital enn dei mindre bankane.

Tabell 1.2: Resultatpostar i prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital for forretningsbankane

	1998	1999 ¹	2000
Netto renteinntekter	2,01	2,03	1,93
Andre inntekter	0,86	1,15	1,22
- Av dette kursgevinstar/tap på verdipapir og valuta	0,20	0,34	0,32
Andre kostnader	1,92	2,02	1,91
Resultat før tap	0,94	1,15	1,25
Tap på utlån og garantiar	0,29	0,06	0,13
Resultat av ordinær drift før skatt	0,68	1,11	1,12

¹ Tala for 1999 er påverka av at Sparebanken NOR tok over Gjensidige Bank, og at DnB tok over Postbanken. Tala for 1999 er òg påverka av ny rekneskapslov

Kilde: Kjelde: Kredittilsynet, skjema for hovudtal

Tabell 1.3: Resultatpostar i prosent av gjennomsnittleg forvalta kapital for sparebankane

	1998	1999	2000
Netto renteinntekter	2,90	2,84	2,68
Andre inntekter	0,64	0,97	0,68
- Av dette kursgevinstar/-tap på verdipapir og valuta	0,00	0,24	0,08
Andre kostnader	2,19	2,09	1,92
Resultat før tap	1,36	1,71	1,44
Tap på utlån og garantiar	0,20	0,23	0,23
Resultat av ordinær drift før skatt	1,24	1,60	1,69

Kilde: Kjelde: Rekneskapsstatistikk/Noregs Bank

Forretningsbankane hadde ein årsvekst i utlån på 10,6 prosent i 2000. Utlånsveksten var ved utgangen av året 13,8 prosent korrigert for overføring av utlånsporteføljar. Ved utgangen av tredje kvartal var veksten 13,0 prosent (13,4 prosent korrigert for overføring av utlånsporteføljar) slik at veksten i utlån blei noko redusert mot slutten av året. Veksten minka òg for sparebankane, som hadde ein årsvekst i utlån på 14,4 prosent (12,5 prosent korrigert for overføring av utlånsporteføljar) ved utgangen av 2000. Dette var ein nedgang frå 15,1 prosent ved utgangen av tredje kvartal (14,7 prosent korrigert).

Tabell 1.4: Balansepostar for forretningsbankar (morbank utanom utanlandske filialar i Noreg) i milliardar kroner og i vekst i prosent frå året før

	1998	Vekst i pst.	1999	Vekst i pst.	2000	Vekst i pst.
Utlån til kundar (brutto) ¹	400	2	477	8 (12)	527	11 (14)
Innskot frå kundar	254	6	340	9	365	7
Forvalta kapital	549	9	655	6	729	11

¹ Vekst i parentes er korrigert for overføringar av utlånsporteføljar

Kilde: Kjelde: Kredittilsynet, skjema for hovudtal

Tabell 1.5: Balansepostar for sparebankar

	1998	Vekst i pst.	1999	Vekst i pst. ¹	2000	Vekst i pst.
Utlån til kundar (brutto)	345	9	404	19 (14)	462	14 (13)
Innskot frå kundar	249	7	288	16	321	12
Forvalta kapital	403	11	488	21	559	15

¹ Vekst i parentes er korrigert for overføringar av utlånsporteføljar

Kilde: Kjelde: Rekneskapsstatistikk/Noregs Bank

Sterk vekst i utlån førte til at kjernekapitaldekninga både for forretningsbankane og sparebankane blei svekt samanlikna med utgangen av 1999. Fleire forretningsbankar henta inn ny kapital til dømes gjennom emisjonar, slik at fallet i kjernekapitaldekninga for forretningsbankane berre var 0,1 prosentpoeng siste år. Gjennomsnittleg kjernekapitaldekning for forretningsbankane var ved utgangen av 2000 på 7,8 prosent. Sparebankane hadde ei gjennomsnittleg kjernekapitaldekning på 10,9 prosent ved utgangen av 2000. Dette var ein reduksjon på 0,3 prosentpoeng samanlikna med 1999.

Med unntak av ein sparebank oppfylte alle forretningsbankane og sparebankane lovkravet til kapitaldekning på 8 prosent ved utgangen av 2000. Sju forretningsbankar og tre sparebankar rapporterte ei kjernekapitaldekning på under 8 prosent, og var såleis avhengige av tilleggskapital for å oppfylle minstekrava til soliditet i lova. Det er i hovudsak ansvarleg lånekapital som utgjer tilleggskapitalen.

1.2.2 Forsikringsselskap

Skadeforsikringsselskapa hadde i 2000 eit resultat av ordinær verksemd på 357 millionar kroner, som svarar til 2,4 prosent av premieinntekter for eiga rekning. Samanlikna med utgangen av 1999 blei resultatet svekt med 3,1 milliardar kroner. Det svake resultatet i høve til året før kjem av lågare finansinntekter som følgje av nedgang i kursane i verdipapirmarknaden.

Det tekniske resultatet (resultat før finansinntekter) var 474 millionar kroner og var ei klar betring i høve til underskotet i 1999 på 1 092 millionar kroner. Resultatet blei påverka positivt av at nedgangen i samla tryggingssavsetnader i 2000 førte til ei inntekt på 248 millionar kroner, medan ein auke i avsetnadene på 618 millionar kroner blei ført som kostnad i 1999. Dette gir ein positiv effekt på resultatet på 867 millionar kroner i høve til 1999. Hovuddelen av desse utslaga kjem frå to captiveselskap.

Skadeforsikringsmarknaden er dominert av dei fire største skadeforsikringsselskapa If Skadeforsikring NUF, Gjensidige NOR Forsikringsgruppen, Vesta Skadekonsern og Sparebank1 Skadeforsikring. If Skadeforsikring, tidlegare Storebrand Skadeforsikring, opererer i dag som filial i Noreg, og har dermed ikkje ordinær rapporteringsplikt til Kredittilsynet. Dei tre største skadeforsikringsselskapa, når ein ser bort frå If Skadeforsikring, hadde eit teknisk resultat for 2000 på minus 397 millionar kroner, mot minus 1 514 millionar kroner for 1999. Resultatet av ordinær verksemd var derimot svakare enn for 1999, minus 488 millionar kroner mot eit overskot på 1 510 millionar kroner. Tabell 1.6 syner dei viktigaste resultatpostane for dei tre skadekonserna i 1999 og 2000.

Den samla forvalta kapitalen i dei tre største skadeforsikringsselskapa var ved utgangen av 2000 på 37,6 milliardar kroner. Dette er 2,3 prosent høgre enn ved utgangen av 1999. Plasseringar i kortsiktige aksjar og fondsdelar utgjorde 18 prosent av samla forvalta kapital. Samla forvalta kapital i skadeselskapa, inkludert dei utanlandske filialane, var 81,2 milliardar kroner. Filialar av utanlandske selskap utgjer ein stor del av den norske skademarknaden, etter at marknadsdelen til Storebrand blir ført vidare av If Skadeforsikring. Den samla forvalta kapitalen til dei utanlandske filialane var 20 milliardar kroner ved utgangen av 2000.

Alle skade- og kredittforsikringsselskapa fylte ved utgangen av 2000 det lovfesta kravet om kapitaldekning på 8 prosent.

Det verdijusterte resultatet i livselskapa for 2000 var minus 6,7 milliardar kroner, ein nedgang frå 32,6 milliardar kroner i 1999. Den markante reduksjonen kjem i stor grad av den negative utviklinga i både norske og utanlandske aksjemarknader i år 2000. Underskotet for 2000 svarar til 1,8 prosent av gjennomsnittleg forvalta kapital. I 1999 hadde livselskapa eit overskot på 32,6 milliardar kroner, eller 9,8 prosent av gjennomsnittleg forvalta kapital. Som for skadeselskapa var resultatet påverka av nedgangen i verdipapirmarknaden. Kursreguleringsfondet i livselskapa, som er den positive skilnaden mellom prisen i marknaden og kjøpspris på verdipapira, gjekk ned frå 27,1 til 7,9 milliardar kroner frå utgangen av 1999 til utgangen av 2000. Det bokførte resultatet for 2000 var 12,5 milliardar kroner, som svarar til 3,4 prosent av gjennomsnittleg forvalta kapital i selskapa, mot 11,4 milliardar kroner og 3,4 prosent av gjennomsnittleg forvalta kapital i 1999. Tabell 1.7 syner dei viktigaste resultatpostane i livselskapa i 1999 og 2000.

Ved utgangen av 2000 hadde livselskapa ein samla forvalta kapital på 368 milliardar kroner, mot 361 milliardar kroner ved utgangen av 1999. Medan aksjar i balansen til selskapa har hatt ein klar auke dei seinare åra, var det ein nedgang frå 31,6 prosent av forvalta kapital ved utgangen av 1999 til 30 prosent ved utgangen av 2000. Utanlandsdelen av aksjebeholdninga til selskapa auka i same periode frå 64 til 69 prosent.

Store beholdningar av aksjar og obligasjonar gjer livselskapa sårbare for store fall i verdipapirmarknadane. Tilleggsavsetnader og kursreguleringsfond er dei viktigaste bufferane mot denne marknadsrisikoen. Alle selskapa hadde ved utgangen av år 2000 ei kapitaldekning som var høgare enn minstekravet på 8 prosent. Bufferkapitalen er påverka i negativ retning av nedgangen i verdipapirmarknaden i år 2000, som har redusert kursreguleringsfondet. Bufferkapitalen var 26,6 milliardar kroner ved utgangen av år 2000, mot 45,4 milliardar eitt år tidlegare. I første kvartal 2001 har det vore ein ytterlegare nedgang i verdipapirmarknaden, og bufferkapitalen fall til 18,1 milliardar kroner. Resultatet var minus 1,1 milliardar kroner (minus 8,2 milliardar justert) for første kvartal 2001.

KLP tilfredsstilte minstekravet til kapitaldekninga ved utgangen av første kvartal 2001, mellom anna ved å bruke ei reassuranseavtale, som medførte at kapitaldekninga blei 7,4 prosent. I tillegg blei reglane for utrekning av ansvarleg kapital endra 14. mai 2001 med tilbakeverkande kraft. På det viset fekk KLP ei kapitaldekning på 11,0 prosent.

Selskapa som tilbyr livsforsikring med investeringsval, fekk eit underskot på 9 millionar kroner i 2000, mot eit underskot på 15 millionar kroner eitt år før. Premieinntektene var 5,2 milliardar kroner, og forvalta kapital var 10,3 milliardar kroner ved utgangen av 2000. Det er ein auke på 4,3 milliardar kroner frå utgangen av 1999. Aksjar og aksjefond utgjorde 75 prosent av forvalta kapital i selskapa, om lag det same som ved utgangen av 1999. Det er i all hovudsak forsikringskundane som sit med risikoen knytt til aksjeinvesteringane i desse selskapa.

Tabell 1.6: Resultatpostar for dei tre skadekonserna samla. Millionar kroner og i prosent av premieinntekter for eiga rekning (f.e.r.)

	1999	2000	
	Mill.kr.	Mill.kr.	Pst.
Premieinntekter f.e.r.	12 550	12 899	
Pådregne skadar f.e.r.	11 199	11 481	89,0
Forsikringsrelaterte driftskostnader f.e.r.	3 808	3 408	26,4
Teknisk resultat	-1 514	-397	-3,1
Netto finansinntekter	4 382	1 613	12,5
Resultat av ordinær verksemd	1 510	-488	-3,8

Tabell 1.7: Resultatpostar i livsforsikring. Millionar kroner og i prosent av gjennomsnittleg forvalta kapital

	1999		2000	
	Mill.kr.	Pst.	Mill.kr.	Pst.
Premieinntekter	26 332	7,9	29 862	8,2
Inntekter frå finansielle egedelar	63 857	19,2	63 780	17,5
Erstatningar	21 620	6,5	27 076	7,4
Endringar i forsikringsavsetningar	17 689	5,3	20 510	5,6
Forsikringsrelaterte kostnader og adm.kostnader	2 357	0,7	2 489	0,7
Overskot før fordeling og skatt	11 444	3,4	12 481	3,4
Verdijustert resultat før fordeling og skatt	32 646	9,8	-6 704	-1,8

1.2.3 Finansieringsføretak

Frå 1999 til 2000 betra finansieringsselskapa resultatet av ordinær drift før skatt med 117 millionar kroner til 1 102 millionar kroner. Målt i høve til forvalta kapital var resultatet svekt med 0,41 prosentpoeng til 2,13 prosent. Auken i andre inntekter og lågare kostnader har ikkje klart å kompensere nedgangen i netto renteinntekter. Auke i pengemarknadsrenta og auka konkurranse har medverka til lågare rentemargin for finansieringsselskapa. Netto renteinntekter, målt i høve til gjennomsnittleg forvalta kapital, blei redusert med 0,78 prosentpoeng samanlikna med 1999, trass i ein auke mot slutten av året. Tap på utlån var lågare enn i 1999 som følgje av auke i tilbakeføringar av tidlegare tap i eit selskap. Eit finansieringsselskap hadde negativt resultat av ordinær drift som følgje av omfattande tap på utlån i 2000.

Finansieringsselskapa hadde ein årsvekst i utlån på 9,8 prosent ved utgangen av 2000, mot 12,0 prosent ved utgangen av tredje kvartal.

Ved utgangen av 2000 hadde finansieringsselskapa ei samla kjernekapitaldekning på 9,9 prosent. Dette var ein nedgang på 1,1 prosentpoeng samanlikna med 1999. Alle selskapa oppfylte minstekravet til kapitaldekning på 8 prosent. Tre selskap dekte ikkje kravet til kapitaldekning med kjernekapital.

Kredittføretaka hadde eit resultat av ordinær drift på 1 091 millionar kroner i 2000. Samanlikna med 1999 blei resultatet svekt med 0,05 prosentpoeng og utgjorde 0,65 prosent av forvalta kapital. Det var nedgang i netto rentein-

ntekter og lågare verdipapirvinstar som medverka til dårlegare resultat for 2000. Netto renteinntekter blei redusert med 0,05 prosentpoeng samanlikna med 1999, sjølv om netto renteinntekter auka mot slutten av året. Netto kursgevinstar på verdipapir blei redusert med 17 millionar kroner i same periode. Det var ein auke i tilbakeføringar av tap på utlån frå 1999 til 2000 som medverka positivt til resultatet.

Kredittføretaka auka utlåna til kundar med 9,5 prosent i 2000. Ved utgangen av tredje kvartal var årsveksten i utlån 5,7 prosent. Kommunalbanken blei omgjord frå statleg låneinstitut til kredittføretak i november 1999, og Fokus Kreditt blei etablert i 2000. Medrekna utlåna til desse føretaka var årsveksten i utlån over 14 prosent i 2000.

Gjennomsnittleg kjernekapitaldekning for kredittføretaka var 13,0 prosent ved utgangen av 2000, ein nedgang på 0,4 prosentpoeng samanlikna med året før. Eitt føretak oppfylte ikkje kapitaldekningskravet med kjernekapital. Alle føretaka oppfylte minstekravet til kapitaldekning ved utgangen av 2000.

1.2.4 Verdipapirhandel

Omsetninga på Oslo Børs var 609 milliardar kroner i 2000. Dette var ein vekst på 37 prosent samanlikna med 1999. Marknadsverdien av eigenkapitalinstrumenta som var noterte ved Oslo Børs, var ved utgangen av 2000 på 638 milliardar kroner, ein verdiauke på om lag 9 prosent frå 1999. Emisjonar knytte til børsnoterte selskap var uvanleg høg i 2000. I 2000 blei det emitert aksjar for 43,5 milliardar kroner. Av disse var om lag 16 milliardar kroner knytte til emisjonen i Telenor i slutten av 2000. Dersom denne emisjonen trekkes frå, blei det tilført om lag 27,5 milliardar kroner til dei børsnoterte selskapa. Dette er nesten dobbelt så mykje som året før og er eit monaleg høgare nivå enn tidlegare år.

Samla driftsinntekter for *verdipapirføretaka* i 2000 utgjorde 8,2 milliardar kroner. Dette er 37 prosent meir enn året før. Inntektene frå emisjons- og rådgivingsverksemda auka med 867 millionar kroner frå 1,3 milliardar kroner til 2,2 milliardar kroner. Dette er ein auke på 64 prosent samanlikna med 1999. Inntekter knytte til emisjons- og rådgivingsverksemd utgjorde 27 prosent av dei totale driftsinntektene i 2000, medan kurtasjehandel utgjorde 25 prosent. Samansetjinga av inntektsbiletet varierte likevel sterkt frå føretak til føretak. I verdipapirføretak i bank var driftsinntektene 608 millionar kroner høgare i 2000 enn i 1999. Dette svarar til ein vekst på 24 prosent.

Forvaltningskapitalen i norske *verdipapirfond* var 145 milliardar kroner ved utgangen av året. Det er ein vekst på 24 milliardar kroner samanlikna med 1999, eller på om lag 20 prosent. Auken kan i stor grad forklarast med vekst i netto nyteikning av fondsdelar. Netto nyteikning var 21 milliardar kroner i 2000, mot 8,8 milliardar kroner i 1999. Internasjonale fond hadde størst prosentvis vekst i forvaltningskapitalen både i 2000 og 1999, med ein vekst på høvesvis 51,8 og 115,5 prosent. Ved utgangen av 2000 var det om lag 2,3 millionar deleigarar i norske verdipapirfond. Til samanlikning var det 2 millionar deleigarar året før.

2 Nokre spørsmål i tilknytning til finansmarknaden

2.1 Kombinerte ordningar m.v.

I Ot.prp. nr. 78 (2000-2001) foreslo Finansdepartementet at ei innføring av kombinerte pensjonsordningar skulle bli vurdert på eit tidspunkt når ein hadde fått meir erfaring med dei nye pensjonsordningane etter innskotspensjonslova og lov om føretakspensjon. I Innst.O. nr. 110 (2000-2001) uttala eit fleirtal av medlemmane i finanskomiteen at det burde opnast for kombinerte pensjonsordningar, og departementet blei bedd om å kome attende med forslag om dette i samband med Kredittmeldinga hausten 2001.

I brev av 30. mai 2001 ba Finansdepartementet Kredittilsynet om å vurdere behovet for endringar i lov om føretakspensjon og innskotspensjonslova, og om å utarbeide utkast til lovreglar om kombinerte pensjonsordningar. Finansdepartementet sende 2. august 2001 ut eit høyringsnotat samt utkast til lovendringar som byggjer på Kredittilsynet sitt svarbrev til departementet av 20. juli 2001. Utkastet inneheld lovreglar som på enkelte vilkår opnar for kombinerte ordningar. Vidare blir det gitt heimel til å fastsette nærare reglar om utforminga av kombinerte ordningar i forskrift. Høyringsinstansane blei bedne om merknader innan fredag 14. september 2001.

Ei innføring av kombinerte ordningar vil som nemnd måtte innebere lovendringar, og derfor tar departementet sikte på å leggje fram ein odelstingsproposisjon om saka i haust.

I Ot.prp. nr. 42 (2000-2001) varsla Finansdepartementet at ein tok sikte på å sjå nærare på forståinga og praktiseringa av EU-reglane om forvaltning av pensjonskapital i livsforsikringsselskap. Eit fleirtall i Finanskomiteen, alle bortsett frå medlemmane frå Arbeiderpartiet og Sosialistisk Venstreparti, ba ved behandlinga av proposisjonen om at departementet ga dette arbeidet høgste prioritet, jf. Innst. O. nr. 85 (2000-2001). Departementet tar sikte på å vurdere problemstillinga i proposisjonen om kombinerte ordningar.

2.2 Omdanning av sparebankar

2.2.1 Innleiing

Gjensidige NOR ba i brev til Finansdepartementet 31. august 2000 om at det blei fremma forslag for å endre regelverket for finansinstitusjonar slik at det skulle bli mogleg å skipe om Sparebanken NOR til eit aksjeselskap. Bakgrunnen er at Gjensidige NOR ønskjer å omorganisere heile konsernet. Gjensidige NOR er i dag organisert som ei såkalla «konserngruppe» som består av sparebank og gjensidig forsikringsselskap, etter reglane i lov 10. juni 1988 nr. 40 «Om finansieringsvirksomhet og finansinstitusjoner» (finl.) § 2a-16.

I det følgjande omtalast gjeldande rett og tidlegare vurderingar kring spørsmålet om omdanning av sparebankar, Banklovkommisjonen sitt forslag i NOU 1998:14 «Finansforetak m.v.», noverande organisering av Gjensidige

NOR og deira syn på kvifor ein heimel til omdanning er naudsynt, Sparebankforeningen i Norge sin handsaming, samt departementet si vurdering.

2.2.2 Gjeldande rett og tidlegare vurderingar

Reglar om omdanning av gjensidige forsikringsselskap og kredittforeningar blei tatt inn i finansieringsverksemdlova ved lov 15. juni 1990 nr. 19. Det er ikkje gitt reglar om omdanning av sparebankar. Spørsmålet om ein sparebank skal kunne skipast om til aksjeselskap har blitt vurdert av Stortinget fleire gonger, utan at det er opna for det.

I St.meld. nr. 31 (1989-90) «Strukturpolitikken på finansmarkedet» heiter det på side 4 punkt 5.3:

«Regjeringen vil fremme lovbestemmelser slik at gjensidig forsikringsselskap og kredittforening kan omdannes til aksjeselskap. Det tas ikke opp forslag om en tilsvarende adgang for sparebankene. Dette har bl.a. sammenheng med at grunnfondsbevis er i ferd med å bli etablert som egenkapitalinstrument for sparebankene.»

I Innst. S. nr. 169 (1989-90) «Innstilling frå finanskomitéen om strukturpolitikken på finansmarkedet» side 7 uttalar eit fleirtall av medlemmane i komitéen, alle utanom medlemmene frå Framstegspartiet:

«Flertallet har merket seg at departementet ikke foreslår at sparebankene skal kunne omdannes til aksjeselskap. Flertallet er enig i Regjeringens konklusjon på dette punkt. Flertallet viser til at dette vil kunne bidra til at det alternativet sparebankene representerer opprettholdes, noe som vil medvirke til å sikre nødvendig konkurranse, og gi større bredde i tilbudet. Særlig i forhold til personkundene og de små og mellomstore bedriftene vil dette være viktig. Ulikhetene i spare- og forretningsbankenes organisasjon bør også kunne medvirke til at de utfyller hverandre på en hensiktsmessig måte. Flertallet er innforstått med at sparebankene vil stå overfor store utfordringer i tiden framover, bl.a. på egenkapitalsiden. Flertallet viser til at antallet fusjoner har økt betydelig de siste årene innen både sparebank- og forretningsbankmarkedet. Denne utviklingen skyldes flere forhold, blant annet at enkelte banker som følge av store tap har fått svekket egenkapitalandelen. Flertallet forutsetter at det blir lagt vekt på å løse disse problemene. Flertallet viser samtidig til at departementet opplyser at grunnfondsbevis nå er i ferd med å bli etablert som egenkapitalinstrument for sparebankene. Flertallet mener dette er positivt og at grunnfondsbeviset nå må få mulighet til å vise sin styrke i markedet i tiden fremover.»

Medlemmane frå Framstegspartiet i komitéen gjekk inn for å opne for at sparebankar får lov til å danne seg om til aksjeselskap.

I Ot.prp. nr. 42 (1989-90) side 28 annen spalte heiter det mellom anna:

«Det fastslås at bestemmelsene om omdannelse til aksjeselskap gjelder gjensidige forsikringsselskaper og kredittforeninger. [...] Bestemmelsene kan tjene som modell dersom det på et senere tidspunkt skulle bli aktuelt å endre sparebankloven for å gjøre omdannelse av sparebanker til aksjeselskaper lovmessig enklere.»

I Innst. O. nr. 8 (1991-92) «Innstilling fra finanskomitéen om lov om endringer i lov av 10. juni 1988 nr. 40 om finansieringsvirksomhet og finansinstitusjoner

og visse andre lover (Om finanskonsern)», har ein drøfta om sparebankar bør få heimel til omdanning. I innstillinga side 16 punkt 6 heiter det mellom anna:

«Komiteens medlemmer fra Høyre og Fremskrittspartiet vil bemerke at sparebanker ikke har en tilsvarende anledning til omdanning til aksjeselskap som kredittforeninger og gjensidige selskap. Disse medlemmer vil bl.a. vise til de begrensninger dette kan påføre sparebanker når det gjelder å få tilført egenkapital. Disse medlemmer vil peke på at dette regelverk også legger skranker på sparebankers mulighet for å inngå samordning med andre for å utvikle mer konkurransedyktige regionale finansenheter, f.eks. på regionalt nivå. Den foreslåtte utvidete adgang til å etablere finanskonserner aktualiserer etter disse medlemmers mening behovet for å myke opp dagens regler. Disse medlemmer har merket seg følgende uttalelse fra Norges Bank til departementets høringsskriv i anledning det foreliggende lovforslag:

«Norges Bank er av den oppfatning at den mest hensiktsmessige måten å gi sparebanker anledning til å inngå i et konsern sammen med forsikringsselskaper vil være gjennom omdannelse til aksjeselskap.»

Disse medlemmer er enig i dette og vil be departementet foreta en nærmere utredning og vurdering av hvordan en slik oppmyking mest hensiktsmessig kan gjennomføres. Komiteens medlemmer fra Arbeiderpartiet og Kristelig Folkeparti viser til at adgang for sparebanker til å omdanne seg til aksjeselskaper er blant de spørsmål som Banklovkommisjonen nå har tatt opp til vurdering. Disse medlemmer legger til grunn at Regjeringen vil komme tilbake til dette etter at det er foretatt en bred vurdering av saken. Komiteens medlemmer fra Sosialistisk Venstreparti, Senterpartiet og Aune lista viser til Innst. S. nr. 167 for 1989-90 s. 7 hvor det framgår at flertallet i komiteen, alle unntatt medlemmene fra Fremskrittspartiet, er enig om at sparebanker ikke kan omdannes til aksjeselskaper. Disse medlemmer står fast på dette viktige prinsipielle standpunkt og ser med bekymring på at saken om finanskonserner fører til oppmyking av viktige lovbestemmelser.»

Sjølv om det ikkje er gitt reglar om omdanning av sparebankar til aksjeselskap, opnar sparebanklova for at ein sparebank kan sluttast sammen med ein forretningsbank der forretningsbanken (aksjeselskap) først vidare som rettssubjekt, jf. sparebanklova § 47 siste ledd. Det følgjer av forretningsbanklova § 31 at ein fusjon mellom ein forretningsbank og ein annan bank føreset godkjenning av Kongen (Finansdepartementet). Dersom ein sparebank sluttast saman med eller blir avhenda til ein forretningsbank skal overtakingssummen etter at sparebanken sine skyldnader er dekte, gå til «fremme av sparebankvirksomhet», jf. sparebanklova § 47.

2.2.3 Banklovkommisjonens forslag

I NOU 1998:14 vurderer Banklovkommisjonen om det bør opnast for omdanning av sparebankar til aksjeselskap. Kommisjonen uttalar mellom anna (NOU 1998:14 side 128):

«Kommisjonen har sett nærmere på en del av de hensyn som taler for og mot at sparebanker skal få adgang til å omdanne seg.

Det er blitt anført at dersom sparebanker gis adgang til omdannelse til aksjeselskap, vil mye av sparebankenes særpreg og egenart stå i fare for å bli borte. Tradisjonelt har sparebankenes virksomhet vært knyttet til bankvirksomhet hvor den lokale og regionale tilknytning har vært sterk. Denne tilknytningen har blitt trukket frem

som et av sparebankenes fortrinn som har relativt stor økonomisk betydning. Dersom sparebanker skal kunne omdannes til aksjeselskaper, hevdes det at fordelene knyttet til dette særpreget kan bli borte. Sparebankene vil m.a.o. kunne miste et konkurransefortrinn.

I forlengelsen av resonnementet ovenfor kan det hevdes at dersom sparebankene får adgang til å omdanne seg, vil dette på sikt kunne føre til at konkurransen i bankmarkedet svekkes i den forstand at bankenes virksomhet vil kunne bli enda mer like enn i dag. På den annen side kan hensynet til like konkurransevilkår tilsi at det ikke bør være forskjellige krav til organisering av forretningsbanker og sparebanker.

Selv om adgangen til omdannelse av sparebanker skal være en frivillig ordning som det er opp til den enkelte sparebank å vurdere om man ønsker å benytte seg av eller ikke, mener motstandere av omdannelsesadgangen at presset for å skulle omdannes vil øke jo flere sparebanker som omdannes. Det er også påpekt at grunnfondsbeviset som egenkapitalinstrument vil kunne bli svekket jo flere av de større sparebankene som velger å omdannes. Dette vil i sin tur kunne føre til at flere sparebanker presses til omdannelse.

Det er også blitt anført mot omdannelsesadgang at jo flere sparebanker som omdannes, desto færre blir det å dele kostnader knyttet til tjenester som sparebankene tradisjonelt har gått sammen om for å få utført, f.eks. tjenester knyttet til betalingsformidling og andre IT-baserte tjenester.

Som argument for at sparebanker, på linje med gjensidige forsikringsselskaper og kredittforeninger, skal ha adgang til å omdanne seg til aksjeselskap, er det blitt fremhevet at begrensningene i adgangen til å få tilført egenkapital reduseres. Selv om grunnfondsbevisordningen har fungert brukbart i praksis, antas det å være allmenn enighet om at aksjer som egenkapitalinstrument har visse fortrinn fremfor grunnfondsbevis. Aksjer er bl.a. en noe billigere finansieringskilde enn grunnfondsbevis. Det er imidlertid noe ulike oppfatninger om hvor stor betydning denne forskjellen har i praksis.

Det hevdes at de organisasjonsmessige begrensningene som ligger i sparebankenes nåværende organisering kan være til hinder for ønskede strukturendringer, og at dette taler for at sparebanker bør få adgang til å omdannes til aksjeselskap. Ulik organisering av forretningsbanker og sparebanker får bl.a. betydning dersom en forretningsbank og en sparebank ønsker å fusjonere. En fusjon mellom en forretningsbank og en sparebank vil som hovedregel føre til at den videre drift videreføres som en sparebank. Organiseringen av et finanskonsern vil også påvirkes av om en sparebank skal inngå i konsernet. Med dagens organisering av sparebanker som selveiende institusjoner vil en sparebank måtte være morselskap (konsernspiss) i et finanskonsern.

De som er for omdannelsesadgang for sparebanker fremhever også at det er en frivillig ordning som det er opp til hver enkelt sparebank å vurdere om man ønsker å benytte. Som nevnt ovenfor mener de som er motstandere av en omdannelsesadgang at denne frivilligheten vil bli mer og mer illusorisk jo flere sparebanker som velger å omdannes.

Det fremheves også at aksjeselskapsformen som styringsform er klart definert i lovverket og gir noe bedre kontroll enn det som gjelder for mer kundestyrte institusjoner. Det er bl.a. vist til at aksjeselskaper er underlagt et særlig regelverk med krav til generalforsamling hvor eierne er representert. I de selveide finansforetakene vil generalfor-

samlingens sammensetning være bestemt av vedtektene og foretakets praktisering av disse.

Det blir hevdet at sparebankenes resultat er dårligere enn forretningsbankenes, da det ikke er samme krav til kapitalavkastning i sparebankene. Dette er blitt brukt som argument for at sparebanker skal kunne omdannes til aksjeselskaper, fordi eierne da vil stille strengere krav til avkastning på den investerte kapital. Det er neppe belegg for å hevde at sparebanker som ikke har utstedt grunnfondsbevis har vært mindre lønnsomme enn forretningsbanker. Selv om det i sparebanker som ikke har utstedt grunnfondsbevis ikke vil være noen eiere som har incitament til å stille avkastningskrav, betyr dette selvsagt ikke at styrene i disse sparebankene ikke setter krav til selve driften. De sparebanker som har utstedt grunnfondsbevis vil for øvrig ha et ekstra press på seg til å drive effektivt, slik at grunnfondsbeviserne kan få tilfredsstillende avkastning.»

Eit fleirtal i Banklovkommisjonen gikk inn for ei lovendring som gir sparebankar heimel til omdanning til aksjeselskap. Fleirtalet foreslo at dette skulle skje ved at aksjar i sparebanken ved omdanninga skal vere ått av ein finansstiftelse, med unntak av dei aksjane som svarer til grunnfondsbeviskapitalen. Stiftelsen skal etter forslaget vere unntekte frå eigaravgrensingsreglane om at ingen kan eige meir enn 10 prosent av aksjane i ein finansinstitusjon. Stiftelsen skal vere heilt uavhengig av banken. Det er vidare foreslått at finansstiftelsen skal skipast om til ein stiftelse etter stiftelseslova dersom den eig mindre enn ein femtedel av aksjane i banken eller morselskapet. Det er òg foreslått særlege reglar om organ, vedtekter og avvikling m.v. Utreiinga har vore på høyring. Sparebankforeningen og Forbrukerrådet gikk imot forslaget. Dei andre høyringsinstansane, medrekna Sparebanken NOR, støtta forslaget.

2.2.4 Gjensidige NOR sitt framlegg

Gjensidige NOR er som nemnd organisert som ei «konserngruppe» etter reglane i finl. § 2a-16. Desse reglane blei gitt ved lovvedtak 4. juni 1999. Målet med lovendringa var å gi eit rettsleg grunnlag for ein form for konsernskiping mellom Sparebanken NOR, Gjensidige Skadeforsikring og Gjensidige Livsforsikring, sjå nærare omtale i St. meld. nr. 5 (2000-2001) «Kredittmeldinga 1999» kapittel 3 og i Ot. prp. nr. 45 (1998-99).

Gjensidige NOR ønskjer no ei omdanning av Gjensidige NOR Sparebank og Gjensidige NOR Spareforsikring (livsforsikringsselskapet) til aksjeselskap. Ei omdanning av Gjensidige NOR Sparebank krev lovendring.

I følgje Gjensidige NOR er det fleire forhold som gjer det ønskjeleg å omorganisere konsernet.

For det første viser Gjensidige NOR til at strukturen i konsernet er særreigen. Gjensidige NOR meiner at verdipapirmarknaden oppfattar konsernstrukturen som komplisert og lite gjennomsiiktig, og at ein særleg overfor aktørane i dei utanlandske marknadene manglar ei god forklaring på dette.

Gjensidige NOR meiner vidare at grunnfondsbeviset har særtrekk som gjer det til eit mindre velegna langsiktig investeringsobjekt enn aksjar. Gjensidige NOR peikar mellom anna på at eigarane av grunnfondsbevis har mindre innverknad i eit selskap enn eigarar av aksjar har i eit aksjeselskap. Vidare uttalar Gjensidige NOR at fordelinga av overskot mellom grunnfondet og eigarane av grunnfondsbevis, der grunnfondet blir lagt til ein del av overskottet,

medfører at grunnfondsbevisegarane sin del av egenkapitalen i banken blir utvatna. Gjensidige NOR viser vidare til at grunnfondsbevis ikkje er med i Oslo Børs sin totalindeks. I følgje Gjensidige NOR er dei fleste store norske og internasjonale forvaltarar av kapital «indeksorienterte» i si forvaltning. I brev frå Gjensidige NOR til Finansdepartementet 31. august 2000 heiter det:

«Plassering i verdipapirer som ikke inngår i indeksen, representerer derfor en risiko for forvalterne - ikke på grunn av underliggende drift i den enkelte finansinstitusjon eller troen på norsk finanssektor - men rett og slett fordi papiret ikke inngår i de investeringsporteføljene forvalterne måles mot. Å ikke inngå i indeksen medfører derfor mindre etterspørsel, noe som er en klar ulempe for likviditeten og prisingen.»

I følgje Gjensidige NOR forklarar desse forholda kvifor utlendingar og institusjonelle investorar i stor grad har selt seg ned i grunnfondsbevis. Gjensidige NOR meiner dette har medverka til at prisen på banken sitt egenkapitalinstrumentet har utvikla seg svakare enn finansaksjar, sjølv om banken kan vise til gode resultat. Det heiter vidare:

«For Sparebanken NOR som utsteder grunnfondsbevis, har papiret to ulemper i forhold til aksjer:

- Lav prising gjør grunnfondsbeviset uegnet som betalingsmiddel ved ønskelige oppkjøp
- Grunnfondsbeviset betraktes i betydelig grad som et utbyttepapir, noe som gjennomgående medfører et behov for høyere kontantutbytte enn for aksjebanker. Dette begrenser bankens mulighet for egenkapitaloppbygging gjennom overskudd på driften.»

Gjensidige NOR meiner vidare at deira grunnfondsbevis er underprisa samanlikna med aksjar, og at dette fører med seg høge eigenkapitalkostnader. Gjensidige NOR meiner dette blei illustrert ved ein sterk kursauke då ønsket om omdanning til aksjeselskap blei kjent. Om forholdet mellom prisen på eigenkapital og konkurranseevne skriv Gjensidige NOR mellom anna:

«Prisen på egenkapital har betydning for de pristilbud konsernet er i stand til å gi i markedet. Den konkurranseulempe grunnfondsbeviset medfører for Sparebanken NOR, kan illustreres på flere ulike måter. Antar vi at grunnfondsbevisene handles til en rabatt på 25% i forhold til aksjebankene, og at markedets avkastningskrav til disse er 15%, må banken ha 20% avkastning for å oppnå lik prising.»

2.2.5 Sparebankforeningen i Norge sin handsaming

Sparebankforeningen har i tida etter Gjensidige NOR sitt framlegg til departementet hatt ei ny intern behandling av spørsmålet om omdanning. Styret i Sparebankforeningen fatta i april 2001 vedtak om at Sparebankforeningen «etter en samlet vurdering ikke [vil] gå imot at Finansdepartementet imøtekommer Gjensidige NOR Sparebanks søknad om omdanning». Eit mindretal gjekk derimot imot ein slik heimel til omdanning. Eit fleirtal av bankane som er medlem av Sparebankforeningen var imot ein heimel for omdanning. Derimot meinte bankar som representerer omlag 80 prosent av forvaltningskapitalen til sparebankane at det bør opnast for ein generell heimel til omdanning. Forslaget til Sparebankforeningen er, i samsvar med forslaget frå Banklovkommisjonen, basert på ein stiftelsesmodell. Foreininga foreslår derimot ei regulering av eigarskapen til stiftelsen som skal motverke uønska oppkjøp

av banken. Forslaget er ein føresetnad for fleirtalet sitt vedtak om ikkje å gå imot ein heimel til omdanning. Forslaget frå Banklovkommisjonen inneheld ikkje slike reglar. Eit fleirtal i styret fatta vedtaket:

1. Styret i Sparebankforeningen behandlet i 1998 Banklovkommisjonens delinnstilling nr. 4 hvor et flertall av kommisjonens medlemmer foreslo at det skulle gis en generell adgang for sparebanker til å kunne omdanne seg til aksjeselskap. Sparebankforeningens styre uttalte da at en var imot en slik omdanningsadgang, og viste for øvrig til mindretallet i Banklovkommisjonen.
2. I juni 2000 meddelte Gjensidige NOR Sparebank at de kom til å søke Finansdepartementet om å omdanne seg fra sparebank til aksjebank, samtidig som de ga uttrykk for at de ønsket å fortsette som sparebank. Gjensidige NOR Sparebank ønsket at en slik omdanningsadgang skulle gis gjennom en særlov for Gjensidige NOR Sparebank. De har ved egen søknad begrunnet behovet for dette. Ved sin søknad har Gjensidige NOR Sparebank, som landets største sparebank skapt en ny situasjon som har gjort at Sparebankforeningens styre har tatt opp spørsmålet om sparebankers adgang til omdanning til aksjeselskap til ny vurdering. Dette blant annet med bakgrunn i at Gjensidige NOR Sparebank er foreningens desidert største medlem og de argumenter som banken har fremført for sitt syn.
3. Sparebankforeningens styre ser prinsipielle betenkeligheter ved at sparebanker skal kunne omdanne seg til aksjesparebanker. I en markedssituasjon hvor strukturendringer har medført et fåtall forretningsbanker, mange med hovedkontor utenfor Norge, har dagens sparebankstiftelse vist seg å være et godt forankret forretningsmessig konsept som sikrer konkurransen i finansmarkedet samt lokalt og regionalt baserte finansielle miljøer. Sparebankene sikrer i tillegg en nasjonalt basert banknæring som et viktig alternativ til finanskonsern med hovedkontor utenfor Norge. Styret i Sparebankforeningen finner etter en samlet vurdering ikke å ville gå imot at Finansdepartementet imøtekommer Gjensidige NOR Sparebanks søknad om omdanning. I en slik situasjon er styret av den oppfatning at dersom Gjensidige NOR Sparebanks søknad imøtekommes, må dette skje gjennom en generell adgang til omdanning for sparebanker til aksjesparebanker. Forutsetningen for at Sparebankforeningens styre kan gi en slik tilrådning er imidlertid at:
 - Det må lages et lovverk rundt omdanningsadgangen som bidrar til at sparebankstiftelsen får en sterkere stilling og blir en sterkere garantist mot oppkjøp fra andre banker enn det Banklovkommisjonen har foreslått. Sparebankforeningens styre har utarbeidet hovedprinsipper for dette som følger som vedlegg 1 til dette vedtak.
 - Dersom en generell omdanningsadgang ikke skal skape press mot andre grunnfondsbevisbanker om omdanning mot deres ønske, må grunnfondsbevisets stilling styrkes. Sparebankforeningens styre har utarbeidet forslag til prioriterte tiltak som følger som vedlegg 2 til denne saken.
4. Styret vil videre tilrå at omdannede sparebanker fortsatt gis adgang til å kalle seg sparebanker forutsatt at forretningsideen bygger på sparebankenes idegrunnlag og hvor sparebankens stiftelse eier minimum ti prosent av aksjekapitalen i banken. Videre tilrås som følge av dette at den omdannede sparebank fortsetter som medlem av Sparebankenes sikringsfond. Sparebankforeningens styre vil for sin del foreslå overfor årsmøtet at

omdannede sparebanker som baserer seg på sparebankenes idegrunnlag, fortsatt skal være medlemmer av Sparebankforeningen.»

Når det gjeld reguleringa av sparebankstiftelsen meiner Sparebankforeningen for det første at det bør vere lovbestemt at stiftelsen i si eigarrolle skal føre vidare idégrunnlaget til sparebankane. Vidare bør stiftelsen, i følgje Sparebankforeningen, vere uavhengig av banken. Dette bør sikrast ved at det mellom anna blir gitt reglar om at tillitsvalde i stiftelsen sine organ og dagleg leiar ikkje kan ha tillitsverv eller tilsetjingsforhold i banken. Vidare bør det vere ei nedre grense for stiftelsen sin eigardel på 10 prosent for at banken skal kunne vere ein sparebank. Dersom eigardelen kjem under 10 prosent vil banken måtte skipast om til ein forretningsbank. Vidare meiner foreininga at det bør gjelda eit forbod mot at stiftelsen sel aksjar i banken dersom stiftelsen eig mindre enn ein tredel av aksjane eller dersom salet inneber ein eigardel under ein tredel. Sparebankforeningen meiner òg at stiftelsen maksimalt bør kunne dele ut 25 prosent av årleg avkastning til allmennyttige formål. Den resterande delen av avkastninga skal etter forslaget brukast til å forsvare stiftelsen sin eigardel i banken.

2.2.6 Departementet si vurdering

Det er etter gjeldande reglar ikkje heimel for at ein sparebank kan skipast om til eit aksjeselskap. Etter Finansdepartementet sitt syn er det heller ikkje rettsleg grunnlag for at ein sparebank opprettar ein ny forretningsbank for deretter å fusjonere inn verksemda til sparebanken. Departementet meiner ein slik framgangsmåte vil stride mot dei føresetnader som er lagt til grunn i samband med at det blei gitt heimel til å danne om gjensidige forsikringsselskap og kredittforeningar. Sjølv om ordlyden for så vidt opnar for ein slik framgangsmåte, vil godkjenning ikkje kunne bli gitt, og omdanning av ein sparebank til eit aksjeselskap krev derfor lovendring.

Departementet syner til Banklovkommisjonen sin gjennomgang av dei kryssande omsyna som gjer seg gjeldande.

Etter departementet si vurdering bør det gjerast ei lovendring som gjer det mogleg for sparebankar å skipa seg om til aksjeselskap. Departementet meiner denne heimelen bør gjerast generell, og ikkje bare gjelde for Gjensidige NOR Sparebank. Departementet vil derfor leggje fram for Stortinget eit lovforslag om endring i finanslovgjevinga som opnar for omdanning av sparebankar.

Etter departementet si vurdering bør ein i arbeidet med eit slikt lovforslag ta utgangspunkt i Banklovkommisjonen sitt forslag i NOU 1998:14. I samanheng med lovarbeidet vil ein ta sikte på ei regulering av stiftelsen som skal motverke eit ikkje ønskjeleg oppkjøp av sparebanken eller konsernet. I vurderinga vil det bli tatt omsyn til at formålet med ei omdanning er å få god tilgang på aksjekapital. Samstundes må ein i lovarbeidet vurdere forholdet til EØS avtalen nærare. Parallelt med lovarbeidet vil det bli vurdert tiltak for å betre rammevilkåra for mindre sparebankar. Ein moglegheit kan vere å styrkje ordninga med grunnfondsbevis.

3 Regelverksutvikling og forvaltningssaker på finansmarknadsområdet

3.1 Regelverksutvikling

Nedanfor følger ei oversikt over dei viktigaste endringane i regelverket på finansmarknadsområdet for 2000, og dessutan ei oversikt over sentrale forvaltningssaker for same år. Omtalen er i hovudsak avgrensa til 2000, men enkelte stader har ein ført framstillinga fram utover årsskiftet. Kredittmeldinga 1999 inneheld òg ei framstilling som på enkelte punkt omfattar endringar i 2000. Enkelte av desse sakene blir kort omtala på ny her. Ein viser elles til Kredittmeldinga 1999 kapittel 3.

3.1.1 Bank- og finansieringsverksemd

Finansdepartementet fastsette 10. og 11. januar 2000 endringar i forskrifta om grunnfondsbevis i sparebankar og i kapitaldekningsforskriftene som følgje av ny rekneskapslov. Endringane tok mellom anna sikte på at nye rekneskapsreglar ikkje skulle få verknad for kapitaldekninga.

Finansdepartementet fastsette 17. mars 2000 endringar i reglane om frådrag for ansvarleg kapital som er skoten inn i andre finansinstitusjonar, jf. forskrift 1. juni 1990 nr. 435 «Om beregning av ansvarlig kapital for finansinstitusjoner, oppgjørssentraler og verdipapirforetak».

Finansdepartementet fastsette 12. mai 2000 endringar i forskrift 25. mars 1991 nr. 214 «Om anvendelse av kapitaldekningsregler på konsolidert basis mv.» slik at det blir skilt mellom kapital som er skoten inn av forsikringsselskap og andre selskap i eit finanskonsern, ved bruk av frådragsreglane på konsolidert grunnlag.

Lov 17. desember 1999 nr. 95 «Om betalingssystemer m.v.» blei sett i kraft 14. april 2000. Samstundes fastsette Finansdepartementet overgangsreglar for verksemda til eksisterande interbank- og betalingssystem. Betalingssystemlova er omtala i Ot.prp. nr. 96 (1998-99) og i Kredittmeldinga 1999 pkt. 3.1.1.

Forskrift 1. juni 1990 nr. 432 «Om opplysningsplikt om priser og produktpakker» og forskrift 17. september 1998 nr. 892 «Om opplysningsplikt overfor låntakere og om avtale om lån til forbruker» blei oppheva av Finansdepartementet med verknad frå 1. juli 2000. Forskriftene blei frå same tid erstatta av reglar i den nye finansavtalelova.

Finansdepartementet fastsette 21. juni 2000 endringar i reglane om å rekne med postar utanom balansen i grunnlaget for kapitaldekning, jf. forskrift 22. oktober 1990 nr. 875 «Om minstekrav til kapitaldekning i finansinstitusjoner og verdipapirforetak». Endringane gjeld 50 prosent risikoveging av garantiar og kausjonar for bustadlån i einskilte høve, og metodar for konvertering av derivat til kredittrisiko.

Finansdepartementet fastsette 22. juni 2000 forskrift «Om minstekrav til kapitaldekning for markedsrisiko mv. for finansinstitusjoner og verdipapirforetak» (CAD-forskrifta). Forskrifta gjennomfører EØS-skyldnader etter

direktiv 98/31/EF (CAD II-direktivet). Etter forskrifta kan kredittinstitusjonar og verdipapirføretak søkje Kredittilsynet om å nytte såkalla «Value-at-Risk»-modellar for å rekne ut kapitalkravet for marknadsrisiko. Forskrifta erstattar forskrift 17. juli 1996 nr. 780 om minstekrav til kapitaldekning for marknadsrisiko mv. for kredittinstitusjonar og verdipapirføretak.

Finansdepartementet fastsette 7. februar 2001 forskrift nr. 108 «Om grunnfondsbevis i sparebanker, kredittforeningar og gjensidige forsikringsselskaper». Forskrifta gjer at moderniserte reglar for grunnfondsbevis i sparebankar òg er gjeldande for grunnfondsbevis som er utskrivne av gjensidige forsikringsselskap og kredittforeiningar.

Finansdepartementet reduserte 12. februar 2001 kravet til risikoveging av bustadlån mellom 60 og 80 prosent av verdigrunnlaget frå 100 til 50 prosent gjennom ei endring i forskrift 22. oktober 1990 nr. 875 «Om minstekrav til kapitaldekning i finansinstitusjoner og verdipapirforetak». Samstundes blei retningslinene for Kredittilsynet si godkjenning av opptak av tidsgrensa ansvarleg lånekapital endra i retning av større fleksibilitet ut ifrå risikoforholda i kvar einskild institusjon.

Finansdepartementet fastsette 14. mai 2001 endringar i forskrift 1. juni 1990 nr. 435 «Om beregning av ansvarlig kapital for finansinstitusjoner, oppgjørssentraler og verdipapirforetak» slik at livsforsikringsselskap og pensjonskasser kan rekne med ein part av sine tilleggsavsetjingar som kjernekapital på kvartalsbasis.

3.1.2 Forsikringsverksemd og pensjonsordningar

Lov om føretakspensjon blei sanksjonert 24. mars 2000 og tok til å gjelde 1. januar 2001. Ein syner til omtale av lova i Kredittmeldinga 1999.

Ved endringsforskrift av 11. mai 2000 nr. 428 blei forskrift 23. april 1997 nr. 377 «Om forsikringsselskapers kapitalforvaltning» justert og presisert på enkelte område. Mellom anna blei krav som eitt forsikringsselskap har på eit anna forsikringsselskap i samband med flytting, friteke frå regelen om høgste enkeltengasjement.

Finansdepartementet fremma i statsråd 16. juni 2000 Ot.prp. nr. 71 (1999-2000) «Om lov om innskuddspensjon i arbeidsforhold (innskuddspensjonsloven)». Proposisjonen byggjer på NOU 1999: 32 «Utkast til lov om innskuddspensjon», høyringa til denne, og på lov om føretakspensjon slik ho blei vedteken av Stortinget i mars 2000. Lova om innskotspensjon blei vedteken av Stortinget 31. oktober 2000, med visse endringar i høve til framlegget frå Regjeringa. Mellom anna blei framlegget til reglar om såkalla kollektivt investeringsval ikkje vedteke, jamfør omtale nedanfor om Ot.prp. nr. 42 (2000-2001). Lova om innskotspensjon tok til å gjelde frå 1. januar 2001, jamfør kongeleg resolusjon av 24. november 2000.

Lova om innskotspensjon inneheld reglar om opptening av alderspensjon og forvaltning av kapital som er ulike dei som gjeld i ytingsbaserte pensjonsordningar, jamfør lov om føretakspensjon. Mellom anna har medlemmen i ei ordning etter lova om innskotspensjon ikkje rett til ei bestemt pensjonsyting, men rett til årlege innskot og til heile eller delar av avkastninga på opparbeidd pensjonskapital. I oppsparingsperioden blir pensjonskapitalen forvalta som sparing utan dødsarv i ein bank, eit livsforsikringsselskap, eit forvaltningsselskap.

skap for verdipapirfond eller i ei pensjonskasse. Sluttar medlemmen i ordninga, blir det skrive ut eit pensjonskapitalbevis. Beviset utgjer eit eige rettsforhold mellom kravshavar og institusjonen som forvaltar midlane knytte til pensjonskapitalbeviset, og kan overførast mellom ulike institusjonar på initiativ frå kravshavar. Pensjonskapitalen, også pensjonskapital knytt til pensjonskapitalbevis, er bunden fram til pensjonsalder, og skal deretter utbetalast i årlege ratar i minst ti år. Når kravshavar har nådd pensjonsalder, kan pensjonskapitalen konverterast til ei pensjonsforsikring med dødsarv.

Finansdepartementet fastsette 16. juni 2000 endringar i forskrift 19. februar 1993 nr. 117 «Om pensjonskasser og pensjonsfond». Dette inneber at pensjonskassene har plikt til å melde frå om vedtektsendringar, som erstatning for og forenkling av tidlegare prosedyre då Kredittilsynet skulle godkjenne vedtektsendringane. Vedtektene til nye pensjonskasser skal framleis godkjennast av Kredittilsynet. Vidare blir det stilt krav om at det skal liggje ved erklæring både frå advokat og ansvarleg aktuar når vedtekter og vedtektsendringar blir sende inn til Kredittilsynet.

Finansdepartementet fastsette 14. juli 2000 endring av forskrift 22. september 1995 nr. 827 «Om forsikringstjenesteytelser og etablering av filial av forsikringsselskap med hovedsete i annen stat i Det europeiske økonomiske samarbeidsområde m.m.» § 10 nr. 1. Heile § 3 i forskrift 21. november 1989 nr. 1167 «Om fordeling av kostnader, tap, inntekter, fond mv. mellom forsikringsselskap i konsernforhold og mellom bransjar og kontrakter i forsikringsselskaper», og ikkje berre § 3 andre ledd som tidlegare, gjeld no for den verksemda utanlandske forsikringsselskap driv i Noreg. Dette inneber blant anna at livsforsikringsselskap ikkje kan krevje særskilt gebyr for gjenkjøp av forsikringar.

Kredittilsynet fastsette 25. september 2000 forskrift nr. 979 «Om tilleggsavsetninger i livsforsikringsselskaper». Forskrifta vidarefører i hovudsak tidlegare fastsette retningslinjer, men har ein ny regel som gjer at forsikringsselskapa skal føre attende midlar til kundane når tilleggsavsetjingane kjem over eit fastsett nivå.

Regjeringa fremma i Ot.prp. nr. 1 (2000-2001) forslag om ein reduksjon av det beløpet føretaket kan få trekkje frå inntekta si, når føretaket betaler inn til premiefond i ei pensjonsordning etter lov om føretakspensjon. Forslaget omfatta òg retten til å få trekt frå innbetaling til premiefond til ei TPES-ordning, så lenge innbetalinga skjer innanfor den overgangsperioden som følgjer av overgangsreglane i lov om føretakspensjon. Forslaget er teke inn i lov om føretakspensjon og lov om innskotspensjon, og tok til å gjelde saman med resten av lovene.

Finansdepartementet fremma i statsråd 17. november 2000 Ot.prp. nr. 20 (2000-2001) «Om lov om endringer i lov om foretakspensjon m.v.». Proposisjonen inneheld forslag til reglar om eingongsbetalt føretakspensjon og investeringsval for premiereserve knytt til alderspensjon i ytingsbaserte ordningar. Framlegget bygde på NOU 2000: 13 «Årlig kjøp av ferdig betalt alderspensjon - Innskuddssikret foretakspensjon» og høyringsmerknadene til denne. I tillegg blei det ved utforminga av endringslova teke omsyn til at Stortinget sitt vedtak til lov om innskotspensjon på nokre punkt var ulikt det forslag Regjeringa la fram i Ot.prp. nr. 71 (1999-2000) «Om lov om innskuddspensjon i

arbeidsforhold». Det blei til dømes ikkje fremma forslag om reglar om kollektivt investeringsval for ordningar med eingongsbetalt føretakspensjon, sjølv om det i NOU 1999:13 var utarbeidd utkast til slike reglar. Lov om endringar i lov om føretakspensjon m.v. blei vedteken av Stortinget 18. desember 2000. Endringslova tok til å gjelde frå 1. januar 2001, jamfør kongeleg resolusjon av 21. desember 2000.

Finansdepartementet fastsette 1. desember 2000 forskrift nr. 1212 «Til lov av 24. mars 2000 nr. 16 om føretakspensjon». Forskrifta gir mellom anna utfyllande reglar om pensjonsalder, samanslåing av fripolisar og overgangsreglar. Ved endringsforskrift av 22. desember 2000 nr. 1414 blei det lagt til reglar om parallelle pensjonsordningar og lukking av eksisterande føretakspensjonsordning ved overgang til innskotspensjon eller eingongsbetalt pensjon.

Finansdepartementet fastsette 20. desember 2000 endring av forskrift 27. november 1991 nr. 757 «Om rett til overføring av oppsamlede midler knyttet til kollektiv eller individuell livs- eller pensjonsforsikring.» Forskriftsendringa inneber at når ein kunde vil flytte forsikringa si frå Kommunal Landspensjonskasse (KLP), så gjeld dei same reglane for overføring av midlar som i andre livsforsikringsselskap. Før forskriftsendringa kunne midlane gå direkte til premiefondet dersom ein kunde flytte frå KLP, og kunne såleis bli brukte til premiebetaling. Etter forskriftsendringa skal ein overføre midlar som gjeld kursreserve, til tilleggsavsetjingar i staden for til premiefondet.

Finansdepartementet fastsette ved forskrift 20. desember 2000 nr. 1328 eit mellombels unntak frå minstekravet til eigenkapital for GIEK Kredittforsikring AS, fram til stortingsløyvet er overført til GIEK Kredittforsikring AS.

Finansdepartementet fastsette 22. desember 2000 forskrift nr. 1413 «Til lov av 24. november 2000 nr. 81 om innskuddspensjon i arbeidsforhold (innskuddspensjonsloven)». Forskrifta gjeld reglar om krav om informasjon til arbeidstakarar, fordeling av avkastning mellom føretak og medlemmer, parallelle pensjonsordningar, grenser for maksimale innskot og utfyllande reglar om pensjonsalder. Ved endringsforskrift av 29. desember 2000 nr. 1418 blei det lagt til reglar om flytting av midlar knytte til innskotspensjon. Forskrifta tok til å gjelde samtidig med føretakspensjonslova.

Finansdepartementet fastsette 22. desember 2000 endringar i ei rekkje forskrifter til forsikringsverksemdslova. Bakgrunnen for endringane var den nye lova om innskotspensjon i arbeidsforhold. Ved endring i forskrift 18. september 1995 nr. 797 «Om inndeling i forsikringsklasser som grunnlag for konsesjonstildeling» blei klassen kapitaliseringsprodukt utvida til å omfatte innskotspensjonsordningar. Klassesdefinisjonen blei samstundes gitt ei kvalitativ utforming utan eksplisitt krav til den avkastningsgarantien som må vere oppfylt. Finansdepartementet fastsette òg ei rekkje meir tekniske endringar i forskrift 23. april 1997 nr. 377 «Om forsikringsselskapers kapitalforvaltning», forskrift 21. november 1989 nr. 1170 «Om forvaltning og bruk av midler i premie- og pensjonsreguleringsfond», forskrift 27. november 1991 nr. 757 «Om rett til overføring av oppsamlede midler knyttet til kollektiv eller individuell livs- eller pensjonsforsikring» og forskrift 19. februar 1993 nr. 117 «Om forsikringsvirksomhetslovens anvendelse på pensjonskasser og pensjonsfond». Formålet med desse forskriftsendringane var å tilpasse forskriftene til ny lov om innskotspensjon.

Finansdepartementet fremma i statsråd 2. mars 2001 Ot.prp. nr. 42 (2000-2001) «Om lov om endring i lov om innskuddspensjon i arbeidsforhold og i lov om foretakspensjon». Lovforslaget omhandla to separate forhold. For det første foreslo departementet reglar slik at midlar knytte til alderspensjon i ordningar oppretta etter lov om innskottspensjon og for ordningar med eingongsbetalt alderspensjon kan forvaltaast med kollektivt investeringsval. Lovforslaget var på dette punkt ei oppfølging av Stortinget sitt vedtak om å be Regjeringa fremme nytt forslag til slike reglar, jamfør Innst. O. nr. 2 (2000-2001) «Om lov om foretakspensjon» og Innst. O. nr. 2 (2000-2001) «Om lov om innskuddspensjon». Lovforslaget inneheld i tillegg forslag til endra føresegner i lov om føretakspensjon slik at premiereserve for uførepensjon, premiefritak ved uførleik og etterlatnepensjon - pensjonar som i alle høve er ytingsbaserte pensjonar - skulle kunne forvaltaast med investeringsval for føretaket. «Lov om endring i lov om innskuddspensjon i arbeidsforhold og i lov om foretakspensjon» blei vedteken av Stortinget 7. juni 2001 og tok til å gjelde frå 1. januar 2001, jamfør kongeleg resolusjon av 24. november 2000.

Finansdepartementet fastsette 26. april 2001 endringar i forskrift 19. mai 1995 nr. 481 «Om beregning av solvensmarginkrav og solvensmarginkapital for norske livsforsikringsselskaper». Forskriftsendringa var ei teknisk justering for å ta omsyn til uføreforsikringar i fondsforsikringsselskap.

Regjeringa fremma 27. april 2001 Ot.prp. nr. 78 (2000-2001) «Om lov om endringer i innskuddspensjonsloven, lov om foretakspensjon og enkelte andre lover (parallelle ordninger mv.)» for å ivareta merknader frå Stortinget, jf. Innst. O. nr. 2 (2000-2001), mellom anna knytt til utforminga av årlege innskott i ei innskottspensjonsordning, høve til å ha parallelle pensjonsordningar og høve til å lukke ytingsbasert føretakspensjon ved overgang til innskottspensjonsordning. Det blei også gitt ei vurdering av om det er mogleg å samanlikne innskotts- og ytingsordningar, og dessutan ei vurdering av kombinerte ordningar. Sjå lov av 15. juni nr. 41 «Om endringer i innskuddspensjonsloven, lov om foretakspensjon og enkelte andre lover (parallelle ordninger mv.)». Reglar om parallelle ordningar i forskrift av 22. desember 2000 nr. 1413 til lov om innskottspensjon i arbeidsforhold og reglar om parallelle ordningar og lukking gitt i forskrift av 1. desember 2000 nr. 1212 til lov om føretakspensjon har med dette blitt erstatta av lovreglar.

3.1.3 Verdipapirhandel

Finansdepartementet fremma 16. juni 2000 forslag om ny børslov i Ot.prp. nr. 73 (1999-2000). Ein viser til omtale i Kredittmeldinga 1999. Lova blei sanksjonert 17. november 2000 og sett i kraft 31. mars 2001. Etter børslova er Kredittilsynet tilsynsorgan for børsar og autoriserte marknadsplassar.

Som følgje av at børslova blei vedteken, blei det samstundes vedteke endringar i andre lover, mellom anna i lov 19. juni 1997 nr. 79 om verdipapirhandel (verdipapirhandelloya), lov av 7. desember 1956 nr. 1 om tilsynet for kredittinstitusjonar, forsikringsselskap og verdipapirhandel m.v. (kredittilsynslova) og lov 10. juni 1988 nr. 40 om finansieringsverksemd og finansinstitusjonar (finansieringsverksemdslova). Endringane i verdipapirhandelloya inneber mellom anna at ved tilbod som gjeld verdipapir som ikkje er børsnoterte, og der det heller ikkje er søkt om at dei skal bli det, skal prospektet sen-

dast til Føretaksregisteret før offentliggjøring, jf. verdipapirhandellova § 5-8, og om retten tilsette i Folketrygdfondet har til å ta del i avgjerder om kjøp, sal eller teikning av finansielle instrument, jf. verdipapirhandellova § 2a-4. Endringane tok til å gjelde frå 31. mars 2001.

I samband med at børslova blei vedteken, fastsette Finansdepartementet ei rekkje nye forskrifter eller endringar i eksisterande forskrifter:

- Forskrift 30. mars 2001 nr. 290 «Om ikrafttredelse og overgangsbestemmelser til lov av 17. november 2000 nr. 80 om børsvirksomhet m.m. (børsloven)».
- Forskrift 30. mars 2001 nr. 319 «Om markedsovervåkning». Forskrifta skal mellom anna sørge for at overvakinga av marknaden ved børs og autorisert marknadsplass er organisert slik at ho på ein tilfredsstillande måte sikrar at selskap som skriv ut aksjar og medlemmer, følgjer dei åtferds-, opplysnings- og rapporteringsreglane som følgjer av lov, forskrift og dei reglar og forretningsvilkår som gjeld ved børsen eller den autoriserte marknadsplassen.
- Forskrift 30. mars 2001 nr. 323 «Om omdannelse av Oslo Børs». Den nye børslova krev at børs skal vere organisert som allmennaksjeselskap. Forskrifta gjeld avviklinga av den sjølvstendige institusjonen Oslo Børs og overføringa av verdiane i Oslo Børs til det nystifta allmennaksjeselskapet.
- Forskrift 30. mars 2001 nr. 324 «Om habilitetskrav for ansatte ved børs og autorisert marknadsplass, samt om ansattes, tillitsvalgte og deres nærstående handel med finansielle instrumenter». Forskrifta handlar om tilsette på børsen eller tilsette i føretak med løyve til å drive verksemd som autorisert marknadsplass, og regulerer deira høve til å ha styreverv eller attåtyrke i selskap som har finansielle instrument opptekne til notering og handel på vedkomande børs eller autoriserte marknadsplass. Vidare regulerer forskrifta tilsettes høve til å handle i finansielle instrument.
- Forskrift 30. mars 2001 nr. 325 «Om unntak fra børsers og autoriserte markedsplassers taushetsplikt». Forskrifta inneheld unntak frå tieplikta for tillitsvalde, tilsette og revisor ved børs og autorisert marknadsplass som følgjer av børslova, og på kva for vilkår opplysningar kan utleverast.
- Forskrift 30. mars 2001 nr. 326 om endring av børsforskrift av 17. januar 1994 nr. 30. Endringane var naudsynte som følgje av den nye organiseringa av børsverksemd som følgjer av børslova. Mellom anna blei kompetanse som tidlegare låg til børsdirektøren eller børsstyret, lagd til sjølv børsen .
- Forskrift 2. april 2001 nr. 327 om endring av forskrift 7. november 1997 nr. 1151 «Om krav til opplysninger i prospekt ved offentlig tilbud om tegning eller kjøp av omsettelige verdipapirer».
- Forskrift 2. april 2001 nr. 328 om endring av forskrift 7. november 1997 nr. 1150 «Om samordning av prospektkrav ved offentlig tilbud om tegning eller kjøp av omsettelige verdipapirer i flere EØS-stater». Forskrifta inkluderer Føretaksregisteret som myndigheit i høve til slike prospekt som er nemnde i verdipapirhandellova § 5-8.
- Forskrift 2. april 2001 nr. 364 «Om kontrollkomité for børsers». Forskrifta regulerer mellom anna val av kontrollkomité, krav til medlemmene i kontrollkomiteen, og kva for oppgåver komiteen har.
- Forskrift 2. april 2001 nr. 366 om endring av forskrift 20. juni 1997 nr. 1057 «Om klargjøring av kontrollansvar, dokumentasjon og bekreftelse av den interne kontroll» og forskrift 2. april 2001 nr. 367 om endring av forskrift

16. desember 1992 nr. 1157 «Om bruk av informasjonsteknologi (IT)». Begge endringane inneber at virkeområdet til forskrifta blir utvida slik at børsar og autoriserte marknadsplassar er omfatta av forskriftene.

I samband med Ot.prp. nr. 78 (2000-2001) fremma Finansdepartementet òg forslag om at det må bli høve til å gi forskrifter om avgrensingar for kredittinstitusjonar når det gjeld å bruke opplysningar om sikringsordningar i marknadsføringa. Slike reglar kan vere naudsynte for å fylle plikter etter EØS-avtalen. Endringar i finansieringsverksemdslova i samsvar med forslaget blei sanksjonerte 17. november 2000 og tok til å gjelde 31. mars 2001. Heimelen er førebels ikkje nytta.

Verdipapirsentrallovutvalet si innstilling i NOU 2000: 10 «Lov om registrering av finansielle instrumenter» blei send på høring 23. juni 2000 med frist for merknader 23. september 2000. Saka er òg omtala i Kredittmeldinga for 1999. Saka er til behandling i departementet.

Finansdepartementet fastsette i forskrift 21. desember 2000 endringar i forskrift av 25. oktober 1985 nr. 3040 «Om oppnevning og sammensetning av Verdipapirsentralens representantskap».

Finansdepartementet fastsette i forskrift 2. februar 2001 endringar i forskrift av 14. oktober 1996 nr. 985 «Om startkapital for verdipapirforetak», med heimel i verdipapirhandelloya § 8-9, som følgje av ny rekneskapslov.

Finansdepartementet fastsette i forskrift 14. februar 2001 endringar i forskrift av 15. desember 1997 nr. 1307 «Om krav til garanti ved fremsettelse av pliktig tilbud», med heimel i verdipapirhandelloya § 4-10. Forskriftsendringane omfattar mellom anna endringar i krav til garantisten og garantibeløpet.

Finansdepartementet fremma i Ot.prp. nr. 53 (2000-2001) forslag til lov om endringar i verdipapirhandelloya (om regulering av handel med varederivat) i statsråd 30. mars 2001. Proposisjonen byggjer på varederivatutvalet si innstilling i NOU 1999:29 og høyringa til denne. Loya blei sanksjonert 15. juni 2001 og tek til å gjelde når Kongen bestemmer.

Formålet med lova er å leggje til rette for sikker, ordna og effektiv handel med varederivat i Noreg. I tillegg er det eit mål å leggje til rette for at slik verksemd kan drivast i Noreg. Kraftderivatmarknaden er for tida den einaste varederivatmarknaden med marknadsplass i Noreg.

Endringslova inneber for det første at «varederivat» blir definert som eit finansielt instrument i verdipapirhandelloya, på lik line med for eksempel aksjar og derivat baserte på aksjar. Det er viktige forskjellar mellom varederivatmarknader og verdipapirmarknader. Det blei derfor ikkje foreslått å gjere alle reglane som gjeld i verdipapirmarknaden, gjeldande i varederivatmarknaden. For det andre inneber lova at enkelte av dei alminnelege handelsreglane ved handel i verdipapirmarknaden skal gjelde ved handel i varederivatmarknaden. Dette inneber mellom anna at investorar og andre må unngå urimelege forretningsmetodar og marknadsmanipulasjon. Forbodet mot innsidehandel blir ikkje gjort direkte gjeldande i lova. For det tredje pålegg lova enkelte plikter for føretak som opptrer som mellommenn i varederivatmarknaden. Slike føretak må mellom anna overhalde lovreglar om god forretningsskikk. Loya inneber ikkje ei generell konsesjonsplikt for slike mellommenn, sjølv om ei slik konsesjonsplikt gjeld for mellommenn i verdipapirmarknaden. For det fjerde inneber lova at marknadsplassar for varederivat

skal kunne søkje om konsesjon som børs eller autorisert marknadsplass etter reglane i børslova. Dette inneber mellom anna at Nord Pool ASA kan søkje om børskonsesjon. Lova inneheld også lovreglar om oppgjjer, registrering og motrekning av varederivat. Departementet foreslo at varederivat som blei gjorde opp under medverknad av ein oppgjerssentral, skulle kunne motreknaast, etter reglane i verdipapirhandelova kapittel 10. Stortinget vedtok å innføre eit generelt høve til motrekning for varederivat.

Eit framlegg til endringar i innsidereglane i verdipapirhandelova blei sendt over til Finansdepartementet frå Kredittilsynet i januar 2000. Finansdepartementet fremma 27. april 2001 Ot.prp. nr. 80 (2000-2001) om lov om endringar i lov 19. juni 1997 nr. 79 «Om verdipapirhandel (tiltak mot ulovleg innsidehandel mv.)». Lova blei sanksjonert 15. juni 2001 og tok til å gjelde 1. juli 2001. Endringa tek sikte på å effektivisere, klargjere og skjerpe forbodet mot ulovleg innsidehandel. Departementet vil følgje opp føresetnaden frå Stortinget, som gjekk ut på at ein må vurdere nærare administrative sanksjonar ved brot på meldeplikta etter lova § 3-1 og § 3-3.

Kredittilsynet har gjort framlegg til endringar i verdipapirfondlova, sjå mellom anna Kredittmeldinga 1999. Finansdepartementet fremma 1. juni 2001 forslag om lov om endringar i verdipapirfondlova m.v., jf. Ot.prp. nr. 98 (2000-2001). Lova blei sanksjonert 15. juni 2001, og delar av lova tok til å gjelde frå 1. august 2001. Lova tek sikte på å modernisere og oppdatere det rettslege rammeverket for verdipapirfond. Mellom anna blir det lagt vekt på at det bør vere like rammevilkår på område som kan samanliknast, både i høve til dei som tilbyr konkurrerande internasjonale verdipapirfondprodukt, og i høve til relaterte nasjonale marknader. Investeringsområdet for verdipapirfond blir til ein viss grad utvida, og det blir opna for å tilby særskilde fondsprodukt. I forlenginga av dette gjeld auka krav til informasjon til investorane.

Finansdepartementet fremma 1. juni 2001 Ot.prp. nr. 101 (2000-2001) med forslag til endringar i finansieringsverksemdlova. Forslaget opnar for at staten kan eige meir enn 10 prosent av aksjekapitalen i ein finansinstitusjon som tilbyr særlege finansielle tenester. Bakgrunnen er forslag i St.prp. nr. 84 (2000-2001) om at staten skal gå inn som eigar av 15 prosent av aksjane i Eksportfinans ASA. Endringslova blei sanksjonert 15. juni 2001 og tok til å gjelde same dag.

3.1.4 Rekneskap og revisjon

Finansdepartementet oppheva i forskrift 2. februar 2000 (i kraft 15. februar) forskrift 12. desember 1988 nr. 3916 «Om konsernregnskap for konsern hvor livsforsikringsselskap inngår i konsernet». Rekneskapsforskriftene for forsikringsselskap og bankar frå 16. desember 1998 har einskilte reglar som har verknad for slike konsernrekneskapar.

Finansdepartementet fastsette 22. februar 2000 justeringar av reglane om sikring av revisor sitt ansvar i forskrift 25. juni 1999 nr. 712 «Om revisjon og revisorer». Endringane blei sette i kraft straks.

Kredittilsynet fastsette 23. februar 2000 forskrift nr. 198 «Om beregning av virkelig verdi for bygninger og andre faste eiendommer for livsforsikringsselskaper og pensjonskasser». Forskrifta blei sett i kraft straks. Det blei gjort einskilte justeringar i forskrifta ved ei forskriftsendring 2. mai 2001.

I samband med lovendringane om utsetjing av plikta til å nytte eigenkapitalmetoden fastsette Finansdepartementet 9. mars og 22. desember 2000 endringar i reglane om dette i rekneskapsforskriftene for forsikringsselskap og bankar. Utsetjinga for rekneskapsåret 1999 blei ved endringa 9. mars gjort gjeldande òg for livsforsikringsselskap. For andre finansinstitusjonar gjeld utsetjingane fullt ut utan at det var naudsynt med forskriftsendringar. Det blei presisert i rekneskapsforskrifta for bankar at utsetjingane òg gjeld for delårsrekneskapane. Ved endringa 22. desember blei eigenkapitalmetoden på ny gjort obligatorisk for livsforsikringsselskap ut frå omsynet til den særskilde delinga av overskotet mellom kundane og eigarane.

Finansdepartementet fastsette 10. mars 2000 forskrift nr. 218 «Om summarisk omregning av registrerte regnskapsopplysninger i utenlandsk valuta til norsk valuta for føring i årsregnskapet i henhold til regnskapsloven § 3-4». Forskrifta gjer eit avgrensa unntak frå kravet om at norske kroner skal vere rekneskapsvaluta. Forskrifta blei sett i kraft straks.

Forskrift 16. desember 1998 nr. 1238 «Om adgang til å føre konsernregnskapet på annet språk enn norsk» slo ved ein inkurie fast at konsernrekneskapen kunne vere på svensk, dansk eller engelsk i tillegg til norsk. Meininga har vore å godta desse språka, som ei lemping av krav om norsk språk i konsernrekneskap, for at dotterselskap, som sjølv er morselskap, skal få fritak frå plikt til å utarbeide underkonsernrekneskap. Finansdepartementet fastsette 14. juli 2000 endringar i forskrifta i samsvar med dette. Forskrifta fekk tittelen «Forskrift om unntak fra konsernregnskapsplikt for morselskap i underkonsern». Endringa blei sett i kraft straks. Det blei fastsett ein overgangsregel om at høvet til å føre konsernrekneskapen på svensk, dansk eller engelsk likevel gjeld for rekneskapsår påbegynte før 31. desember 2000.

Finansdepartementet fastsette 18. juli 2000 om endring i forskrift 16. desember 1998 nr. 1234 «Om innsending av årsregnskap m.v. til Regnskapsregisteret og rett til innsyn i årsregnskap m.v.». Endringa innebar mellom anna at det for rekneskapsåret 1999 ikkje skulle betalast forseinkingsgebyr etter rekneskapslova § 8-3 dersom dokumenta som er nemnde i rekneskapslova § 8-2 første ledd og i § 1-2 i forskrifta, blei sende til Rekneskapsregisteret før 1. september 2000, og dokumenta ikkje hadde manglar som gjorde at dei ikkje kunne godkjennast som årsrekneskap o.l. Endringa tok til å gjelde frå 31. juli 2000.

Finansdepartementet fremma 3. november 2000 Ot.prp. nr. 13 (2000-2001) «Om lov om endring i lov 17. juli 1998 nr. 56 om årsregnskap m.v. (regnskapsloven) samt endringer i visse andre lover». Stortinget vedtok lovendringa slik at plikta til å nytte bokføringsreglane i den nye rekneskapslova blei utsett på ubestemt tid. Plikta til å nytte eigenkapitalmetoden blei ytterlegare utsett for rekneskapsåra til og med 2003. Det blei fastsett justeringar i plikta til å setje av til eit fond for vurderingsforskjellar og i notekrav for rekneskapspliktig som er dotterselskap. Vidare oppheva ein kravet som einskilde lover har hatt om at revisor skal vere statsautorisert. Lovendringa blei sanksjonert 21. desember 2000 og sett i kraft frå 1. januar 2001.

I samband med lovendringa om utsett plikt til å nytte bokføringsreglane etter den nye rekneskapslova fastsette Finansdepartementet 15. januar 2001 endringar i forskrift 16. desember 1998 nr. 1235 «Om bruk av bokføringsre-

gler i lov om regnskapsplikt mv. og enkelte andre lover». Endringane presiserer høvet til framleis å nytte gamle og no oppheva bokføringsreglar. Endringane blei sette i kraft straks.

Finansdepartementet fastsette 27. februar 2001 forskrift nr. 325 «Om årsregnskap m.m. for pensjonskasser». Forskrifta erstatta ei mellombels forskrift om at rekneskapsreglane for livsforsikringsselskap galdt tilsvarende for pensjonskasser. Forskrifta blei sett i kraft frå 1. januar 2001. Det blei fastsett nokre justeringar i forskrifta 2. mai 2001.

Kredittilsynet fastsette 21. mars 2001 justeringar i utdannings- og praksiskrava i forskrift 8. februar 1999 nr. 196 «Om autorisasjon av regnskapsførere m.v.».

Finansdepartementet fastsette 24. april 2001 forskrift nr. 433 «Om gjennomføring av praktisk prøve for revisorer». Forskrifta har reglar om eksamen o.a. Forskrifta blei sett i kraft straks.

3.2 Oversikt over viktige forvaltningssaker

Finansdepartementet gav 25. februar 2000 Skandia løyve til å ha dotterselskap i Noreg, og dessutan godkjenning av fisjon og endring i konsernstrukturen i Vesta-konsernet.

Finansdepartementet gav 9. mars 2000 DnB løyve til å bruke fondsobligasjonar (Perpetual Capital Securities) som kjernekapital. Vidare gav Finansdepartementet 30. mars 2000 Sparebanken NOR løyve til å bruke fondsobligasjonar som kjernekapital.

Finansdepartementet gav 6. april 2000 Tryg-Baltica AS løyve til å overta Vesta Forsikring AS og Skandia LTS Holding Norge AS.

Finansdepartementet gav 28. april 2000 Eika-Gruppen AS unntak frå eigaravgrensingsregelen i finansieringsverksemdslova, slik at Eika Kort AS kan ha ein eigardel på 35 prosent i Sparebank 1 Kredittkort AS.

Finansdepartementet gav 28. april 2000 SpareBank 1 Gruppen AS unntak frå eigaravgrensingsregelen i finansieringsverksemdslova, slik at SpareBank 1 Gruppen AS kan eige 65 prosent av aksjane i SpareBank 1 Kredittkort AS. Vidare godkjende Finansdepartementet endringar i organiseringa av finanskonsernet SpareBank 1 Gruppen AS som følgje av det nemnde unntaket.

Finansdepartementet gav 23. mai 2000 løyve til at Stiftelsen UNI kunne bli avvikla som stifting etter finansieringsverksemdslova.

Finansdepartementet gav 30. mai 2000 Oslo Pensjonskasse løyve til å drive verksemd innanfor livsforsikringsklasse I b og c og klasse V. Finansdepartementet gjorde unntak frå eigaravgrensingsregelen i finansieringsverksemdslova slik at Oslo kommune kan eige alle aksjane i Oslo Pensjonskasse.

Finansdepartementet gav 13. juni 2000 SpareBank 1 Gruppen AS løyve til å eige 100 prosent av aksjane i Vår Gruppen ASA. I samband med dette blir det gitt ei rekkje løyve.

Finansdepartementet gav 16. juni 2000 Bayerische Rückversicherung Norge AS løyve til å drive direkte skadeforsikring og gjenforsikring i Noreg i alle forsikringsklassar. Departementet gav samstundes Rück Treasury & Management (Luxembourg) S.A. løyve til å eige 100 prosent av aksjane i Bayerische Rückversicherung Norge AS.

Finansdepartementet gav 26. juni 2000 mellombels løyve til at Netcom GSM AS kan drive finansieringsverksemd. Det blir samstundes gitt dispensasjon frå reglar i finansieringsverksemdslova og sett vilkår for løyvet.

Finansdepartementet gav 28. juni 2000 Storebrand ASA løyve til å tileigne seg inntil 50 prosent av aksjane i livsforsikringsselskapet Euroben Life and Pension Limited i Irland.

Finansdepartementet gav 7. juli 2000 løyve til at Kommunal Landspensjonskasse opprettar eit dotterselskap i Danmark som skal vere ått av KLP eiendom AS. Det blir samtidig gitt løyve for Kommunal Landspensjonskasse til å yte eit lån på inntil 500 millionar kroner til det nyoppretta dotterselskapet.

Finansdepartementet gav 30. august 2000 Finansbanken ASA løyve til å kjøpe 100 prosent av aksjane i Den Københavnske Bank A/S. Finansdepartementet har godkjent endringa i Storebrand-konsernet som kjøpet fører med seg.

Ved kongeleg resolusjon 29. september 2000 blei det gjort vedtak om å gi Privat-banken ASA løyve til å drive bankverksemd, jf. lov 24. mai 1961 nr. 2 om forretningsbankar (forretningsbankloven) § 8 første ledd.

Finansdepartementet gav 6. oktober 2000 løyve til etablering av Jernbanepersonalets Sparebank og konserngruppa Jernbanepersonalets Bank og Forsikring. Jernbanepersonalets Sparebank blir medlem av Sparebankenes sikringsfond.

Finansdepartementet gav 9. oktober 2000 løyve til at Fondsforsikringsselskapet Vesta Link AS kan drive livsforsikringsverksemd med investeringsval og godkjenne endringar i organiseringa av Vesta-konsernet.

Finansdepartementet vurderte i den såkalla «Nordstjernen-saken» spørsmålet om ein fann grunnlag for konsolidering av eigardelar i Storebrand ASA, jf. finansieringsverksemdslova § 2-6. Likt med fleirtalet i styret for Kredittilsynet kom departementet 25. oktober 2000 til at ein ikkje fann tilstrekkeleg grunnlag for konsolidering ut frå det faktum Kredittilsynet hadde lagt til grunn for si vurdering.

Finansdepartementet godkjende 2. november 2000 vedtektsendringar for Forretningsbankenes Sikringsfond. Endringane omfatta visse føresegner om kapitalforvaltninga og valkomité. Vedtektene opnar etter dette for at sikringsfondet kan plassere midlar også i finansielle instrument som har tilsvarande likviditet som børsnoterte obligasjonar og sertifikat.

Finansdepartementet godkjende 2. november 2000 også vedtektsendringar for Sparebankenes Sikringsfond slik at minst ein tredjedel av midlane til sikringsfondet skal plasserast i stats- og statsgaranterte obligasjonar og statssertifikat, mot tidlegare minst ein halvpart.

Kredittilsynet gav 9. november 2000 DnB Finans AS løyve til å kjøpe alle aksjane i Telenor Finans AS. Finansdepartementet stilte som vilkår at Telenor Finans ville bli avvikla eller fusjonert med DnB Finans AS innan seks månader frå løyvet blei gitt.

Etter børslova kapittel 10 med føresegner har Oslo Børs ein frist på inntil to år på å omdanne seg frå sjølvått institusjon til allmennaksjeselskap. Den sjølvåtte institusjonen har òg ein frist på to år til å avvikle seg. Etter same kapittel i børslova skal aksjane i det nystifta allmennaksjeselskapet seljast, og sal-

sprovenyet, med frådrag for utgifter knytte til salet, skal overførast til staten. Stortinget fatta 30. november 2000 følgjande vedtak (vedtak nr. 46):

«Stortinget ber Regjeringen i forbindelse med RNB 2001 legge fram forslag til oppretting og omfang av et fond for å fremme økt kunnskap om kapitaldannelse, øke bevisstheten og innsikten rundt næringslivsetikk og også forskning på disse områdene.»

Da salet av aksjane i Oslo Børs blei gjort i mai 2001, var det ikkje mogleg for Regjeringa å leggje fram forslag om oppretting av eit fond i samband med RNB 2001. Den delen av prospektet for sal av aksjane i Oslo Børs som gjaldt tildelingskriteria, blei lagd fram for Finansdepartementet før prospektet blei godkjent av børsstyret, jf. forskrift «Om omdannelse av Oslo Børs» § 5 andre stykket. Salet av aksjane gav eit bruttoproveny på kr. 475.005.141. Nettoprovenyet etter frådrag for kostnader i samband med aksjesalet til saman kr. 450.196.723, er i tråd med føresetnadene for omdanninga overført frå Oslo Børs til staten. Finansdepartementet har i St.prp. nr. 1 (2001 2002) tilrådd at om lag ein femdel av netto salssum blir sett av til eit finansmarknadsfond. For nærare omtale av fondet viser ein til omtala i St.prp. nr. 1 (2001 2002).

Finansdepartementet gav 18. desember 2000 MeritaNordbanken Abp løyve til å tileigne seg alle aksjar i Christiania Bank og Kreditkasse ASA. Det blei sett vilkår for løyva (sjå nærare omtale i punkt 7.5).

Finansdepartementet gav 19. desember 2000 Lindorff Capital AS løyve til å drive finansieringsverksemd. Lindorff Holding AS fekk samtidig løyve til å vere morselskap i finanskonsern og til å eige alle aksjane i Lindorff Capital AS.

Finansdepartementet gav 20. desember 2000 GIEK Kredittforsikring AS løyve til å drive forsikringsverksemd. Det blei samtidig gitt løyve til at GIEK kan eige alle aksjane i GIEK Kredittforsikring AS. Løvet byggjer på at Stortinget har gitt samtykke til å skilje ut delar av verksemda, og forholdet er tidlegare omtala i St.prp. nr. 61 (1999-2000) og i St.prp. nr. 1 (2000-2001).

Finansdepartementet gav 9. januar 2001 Storebrand Skadeforsikring AS løyve til å eige inntil 44 prosent av aksjane og stemme for inntil 50 prosent av stemmene i holdingselskapet If Skadeförsäkring Holding AB.

Ved kongeleg resolusjon 26. januar 2001 blei det gjort vedtak om å gi ACTA Bank ASA løyve til å drive bankverksemd, jf. forretningsbanklova.

Finansdepartementet gav 14. februar 2001 Oslo Børs løyve til å eige aksjar for nominelt 2 millionar danske kroner i selskapet Nordic Exchanges A/S, som eit ledd i samarbeidsavtale mellom OM Stockholmsbörsen AB (OMSB), Københavns Fondsbørs A/S (KF), Islands Fondsbørs og Oslo Børs (OB) (Norex-alliansen). I vedtaket blei det presisert at når den nye børslova trer i kraft, så skal Oslo Børs jamleg vurdere om verksemda i selskapet er av ein slik art at Oslo Børs eigarskap er i tråd med lova.

Ved kongeleg resolusjon 18. mai 2001 blei det gjort vedtak om å gi Bankia Bank ASA løyve til å drive bankverksemd, jf. forretningsbanklova.

Finansdepartementet gav 22. mai 2001 Gjensidige NOR Sparebank og Gjensidige NOR Spareforsikring avslag på klage om pålegg om endring av rekneskap.

Kredittilsynet har i 2000 trekt attende eitt løyve til å yte investeringstener, medan 14 føretak har levert inn løyve sjølve. Ved utgangen av 2000

hadde Kredittilsynet tilsyn med 93 verdipapirforetak og 29 forvaltningsselskap for fond.

Kredittilsynet har i løpet av 2000 meldt tre saker til ØKOKRIM der det låg føre konkret mistanke om ulovleg innsidehandel. Dei fleste sakene er likevel knytte til brot på meldeplikta til primærinnsidarane overfor Oslo Børs ved eigne transaksjonar. 17 saker er her melde til ØKOKRIM.

4 Verksemda i Noregs Bank i 2000

4.1 Årsmeldinga for 2000

Årsmeldinga 2000 for Noregs Bank blei handsama og godkjend i hovudstyremøte 14. mars 2000. Etter § 28 i «lov av 24. mai 1985 nr. 28 om Norges Bank og pengevesenet (sentralbankloven)» skal årsmelding og årsrekneskap sendast til departementet, som så skal leggje det fram for Kongen og gjere det kjent for Stortinget. Etter § 5 i instruks skal Riksrevisjonen sende «et eksemplar av de i § 2 nevnte dokumenter til Stortinget sammen med sine mulige bemerkninger om resultatet av kontrollen». Årsmeldinga følgjer denne meldinga som uttrykt vedlegg.

Det følgjer av sentralbanklova § 2 siste ledd at «Riksrevisjonen fører kontroll med statsrådens myndighetsutøvelse etter instruks fastsatt av Stortinget». Stortinget har fastsett ein slik instruks 10. april 1987 «for Riksrevisjonens kontroll vedrørende Norges Bank». Etter § 2 i denne instruksen «skal statsråden, snarest mulig etter at Norges Banks årsregnskap og årsberetning er mottatt i departementet, oversende til Riksrevisjonen:

1. Bankens årsregnskap, fastsatt av representantskapet, med revisjonens beretning
2. Hovedstyrets årsberetning
3. Representantskapets uttalelse om hovedstyrets protokoller og eventuelt om andre forhold vedrørende banken
4. Statsrådens beretning vedrørende departementets og regjeringens myndighetsutøvelse i saker som gjelder Norges Bank.»

Dokumenta som er nemnde i instruksen § 2 nr. 1-3, blir sendt av departementet til Riksrevisjonen når departementet har motteke dei frå Noregs Bank. Tidlegare har departementet lagt til grunn at instruksen § 2 nr. 4 blir oppfylt ved at dei forholda som § 2 nr. 4 tek opp, blir omtala i samband med at den årlege Kredittmeldinga blir lagd fram om hausten. I brev til Finansdepartementet 15. mars 2001 ba Riksrevisjonen om at statsråden sin omtale som nemnd i instruksen § 2 nr. 4 skulle bli sendt til Riksrevisjonen ein månad etter at Noregs Bank sitt årsrekneskap er motteken i departementet. Brevet i frå Riksrevisjonen gjorde det nødvendig å gå nærare inn i kva som skal reknast som «statsrådens myndighetsutøvelse». Dette inneber kompliserte juridiske spørsmål, sidan statsråden i utgangspunktet har avgrensa tilgang til å utøve myndigheit overfor Noregs Bank. I sitt brev til Riksrevisjonen 7. september 2001 går Finansdepartementet gjennom dei ulike måtar «myndighetsutøvelse» kan tolkast på. Etter departementet sitt syn skal «myndighetsutøvelse» omfatte dei instruksar som Kongen i statsråd fastsett med heimel i sentralbanklova § 2 fjerde ledd. Departementet gav uttrykk for meir tvil om ei avgjerd om ikkje å instruere Noregs Bank skal reknast som «myndighetsutøvelse». Etter departementet sitt syn var det uansett nyttig at Riksrevisjonen mottek informasjon også i slike saker. Det blei lagd til grunn at statsråden sin omtale om myndighetsutøvelse mest praktisk kunne oppfyllast ved at Riksrevisjonen får gjenpart av den korrespondansen som skjer mellom departementet og Noregs

Bank i slike saker som nemnd ovanfor (saker om instruksjon og saker kor en unnlet å instruere).

4.1.1 Leiling og administrasjon

4.1.1.1 Hovudstyret

Hovudstyret har sju medlemmer som er oppnemnde av Kongen, jf. § 6 i sentralbanklova. Sentralbanksjefen er leiar og visesentralbanksjefen nestleiar i hovudstyret. Hovudstyret blir supplert med to medlemmer som representerer dei tilsette i banken når styret har oppe administrative saker. Hovudstyret hadde 21 møte i 2000. Boks 4.1 viser samansetjinga av hovudstyret i 2000.

Boks 4.1 Hovudstyret i Noregs Bank

Hovudstyret var i 2000 samansett slik (vararepresentantar i parentes):
Sentralbanksjef Svein Gjedrem, leiar
Visesentralbanksjef Jarle Bergo, nestleiar
Konsulent Esther Kostøl, 1998-2001 (nestleiar Eystein Gjelsvik)
Administrerande direktør Torgeir Høien, 1998-2001 (advokat Ingfrid O. Tveit)
Dagleg leiar Sylvi Røssland Sørffonn, 2000-2003 (revisor Tore Johansen)
Fylkesmann Sigbjørn Johnsen, 1998-2001 (fylkesrådmann Ottar Brage Guttelvik)
Konsernsjef Trond R. Reinertsen, 2000-2003 (konsulent Kari Olrud Moen)
Representantar for dei tilsette:
Mekanikar Espen Halvorsen (fullmektig Marit Hoftvedt Moe)
Avdelingssjef Sonja Blichfeldt Myhre (fullmektig Arne Ege)

4.1.1.2 Representantskapet

Stortinget oppnemner eit representantskap med 15 medlemmer og vel leiar og nestleiar, jf. sentralbanklova § 7. Boks 4.2 viser samansetjinga av representantskapet i 2000.

Boks 4.2 Representantskapet i Noregs Bank

Representantskapet var i 2000 samansett slik (vararepresentantar i parentes):
Skolesjef Mary Kvidal, leiar, 1998-2001 (informasjonssjef Bjørnar Olsen)
Skipsreiar Jens Marcussen, nestleiar, 1998-2001 (avdelingsleiar Nils-Olav Skilbred)
Dagleg leiar Solveig Nordkvist Haugerud, 2000-2003 (kommunalråd Monica Mæland)
Varaordførar Terje Ohnstad, 2000-2003 (lærer Ragnhild Weiseth)
Sekretær Berit I. Hultmann, 1998-2001 (fagopplæringssjef Frode R. Svendsen)

Fylkeskultursjef Hanne Varhaug Søberg, 2000-2003 (avdelingsleiar Bjørn Arild Gram)
 Ass. fylkeshelsesjef Veslemøy Rabe, 2000-2003 (student Camilla Bakken Øvald)
 Husmor Reidun Romfo, 2000-2003 (ordførar Rigmor Aasrud Jahren)
 Fylkesutdanningssjef Johan Solheim, 2000-2003 (salssjef Armand Bjørnholt)
 Advokat Morten Steenstrup, 2000-2003 (direktør Søren Fredrik Voie)
 Kontorleiar Aslaug Mildrid Sofie Eriksen, 1998-2001 (prosjektdirektør Odd Erik Hansgaard)
 Cand.oecon Hans Hammond Rossbach, 1998-2001 (sikkerheitskonsulent Olav Pedersen)
 Grosserar Hakon Lunde, 1998-2001 (distriktsbanksjef Dag Sandstå)
 Rektor Per Aas, 1998-2001 (ordførar Trude Brosvik)
 Konsulent Kåre Harila, 2000-2003 (fylkespolitikar Unni Hennum Lie)

4.1.1.3 Personalet

Som tabell 4.1 viser, hadde Noregs Bank ved utgangen av 2000 til saman 1086 heil- og deltidstilsette, noko som innebar ein samla nedgang på 68 i høve til 1999. Same året auka talet på tilsette i Noregs Bank Kapitalforvaltning med tolv, slik at denne verksemda, som forvaltar Statens petroleumsfond på vegner av Finansdepartementet, ved utgangen av 2000 hadde 91 tilsette. Då Den Kongelege Mynt (DKM) 1. januar 2001 blei skild frå Noregs Bank og etablert som eige aksjeselskap (DKM AS), gjekk talet på tilsette i Noregs Bank ned med ytterlegare 48.

Tabell 4.1 viser fordelinga av dei fast tilsette i banken på hovudkontoret og andre einingar.

Tabell 4.1: Fordeling av dei fast tilsette i Noregs Bank på hovudkontoret og i andre einingar ¹

	1996	1997	1998	1999	2000
Hovudkontoret	599	594	629	657	643
Avdelingane utanfor Oslo	424	397	375	366	337
Seteltrykkeriet og den Kongelege Mynt	159	151	149	131	106
Sum	1 182	1 142	1 153	1 154	1 086

¹ Tala i tabell 4.1 er henta frå lønssystemet til Noregs Bank, og viser kor mange personar som var tilsette i Noregs Bank per 31. desember 2000. Tala er mellom anna påverka av talet på deltidstilsette, og av at det ofte går litt tid frå ein sluttar i ei stilling og til den neste tek til. Tala let seg derfor ikkje samanlikne direkte med den faktiske bruken av årsverksressursar gjennom året.

Kilde: Kjelde: Noregs Bank

4.1.1.4 Bruken av ressursar i Noregs Bank

Noregs Bank har i brev 26. juni 2001 til Finansdepartementet gjort greie for utviklinga i ressursbruken. Der står det mellom anna:

«Noregs Bank legg stor vekt på at verksemda i banken skal vere kostnadseffektiv. Alle delar av banken skal ha god evne til omstilling. Dei

siste åra har særleg vore prega av arbeidet med å omstille setel- og myntområdet frå ein forvaltningsorganisasjon til ei verksemd som skal drivast på forretningsmessige vilkår.

Den Kongelege Mynt vart skilt ut som aksjeselskap - DKM AS - frå 1. januar 2001. Omlegginga har bakgrunn i at DKM gjennom dei siste åra har utvikla ei relativt omfattande næringsverksemd. Produksjon av norsk mynt for Noregs Bank er framleis ei hovudoppgåve, men verksemda produserer òg medaljar, minnemynt og liknande for den private marknaden. Det nye selskapet er heileigd av Noregs Bank med ein aksjekapital på 25 millionar kronar. Ved etableringa vart 48 medarbeidarar overførte frå Noregs Bank til det nye DKM AS. Produksjonsverksemda held elles fram i dei same bygningane på Kongsberg, og bygningane vart i juni 2001 selde til selskapet.

For den andre produksjonsverksemda, Noregs Banks Seteltrykkeri (NBS), har det vore stadig nedgang i verksemda. Produksjonen av frimerke er avvikla, og talet på tilsette vart i 2000 redusert frå rundt 80 til om lag 60 årsverk. Produksjonen av norske pass vert truleg lagd ned i 2002. Dette vil føre til ein ytterlegare reduksjon i talet på tilsette i seteltrykkeriet. På same måte som for DKM må òg NBS sin framtidige situasjon vurderast. Etter at hovudstyret drøfta saka 25. april 2001, er det lagt til grunn at verksemda i seteltrykkeriet vert avgrensa til produksjon av norske setlar, og at verksemda held fram som ei eining i Noregs Bank.

For å redusere kostnadene og få ei meir effektiv samla verksemd innanfor kontanthandsaminga har det vore naudsynt å redusere talet på distriktsavdelingar. Slik det vart gjort greie for i den førre kredittmeldinga, gav representantskapet i september 2000 si tilslutning til forslaget frå hovudstyret om å leggje ned avdelingane i Vardø, Hammerfest, Bodø, Ålesund og Fredrikstad, og i tillegg kassekontoret i Haugesund. Representantskapet la i vedtaket mellom anna til grunn at «avdelingene i Finnmark skal opprettholdes som sentralbankdrevne depot i egen regi ut fra regionalpolitiske vurderingar, inntil arbeidsoppgaver som beskrevet i hovudstyret sitt brev 30.08.00 er overført til Finnmark. (..) For at tjenestetilbudet til bank/post i Øst- og Vest-Finnmark samt Nordland skal vere tilfredsstillende, vil det i Vardø, Hammerfest og Bodø bli opprettet depoter i samarbeid med privat bank. Behandling av sedler og mynt frå de bankdrevne depotene i Finnmark og Nordland vil foregå i Tromsø avdeling.»

Distriktsavdelingane i Vardø og Hammerfest vart lagde ned i februar 2001. I samarbeid med Sparebanken Nord-Norge er det oppretta depot i dei to Finnmarks-byane. Noregs Bank held lokala, medan sparebanken nyttar eige personale til verksemda. I dei tidlegare lokala til Bodø avdeling vert det arbeidd med å etablere eit tredje depot i samarbeid med ein privat bank. For å dempe verknadene av at arbeidsplassar gjekk tapt, vart sentralbordet for Noregs Bank og nokre arkivfunksjonar flytte frå hovudkontoret i Oslo til Vardø våren 2001. Dette vil gje fem til sju arbeidsplassar i Vardø i tida framover. Også verksemda ved kassekontoret i Haugesund er lagd ned, og bygningen seld våren 2001. Avdelingskontora i Ålesund og Fredrikstad vert baa lagde ned 1. juli 2001, og representantskapet godkjende i juni 2001 at bygningane kan seljast.

Omstillingstiltak og avvikling av verksemda ved dei fem distriktsavdelingane får konsekvensar for dei tilsette som vert råka. For å dempe desse verknadene har banken tatt i bruk ulike personalpolitiske tiltak. I 2000 fekk om lag hundre tilsette innvilga søknad om avgang ved bruk av slike personalpolitiske verkemiddel i

omstillingshøve. Dette er hovudårsaka til at talet på tilsette i banken gjekk ned med 68 medarbeidarar frå 1154 ved utgangen av 1999 til 1086 ved utgangen av 2000. Den vesentlege reduksjonen som følgje av omstillingane vil likevel kome i 2001 og 2002.

Samstundes har det vore ein viss vekst i delar av verksemda: Ved inngangen til 2001 hadde Noregs Bank Kapitalforvaltning 91 tilsette, noko som er ein auke på 12 frå året før.

Dei attverande sju distriktsavdelingane vart i 2000 organiserte som ei eiga resultateining. Som Noregs Bank gjorde greie for i foreleggingsbrevet til Finansdepartementet 18. januar 2001, har det sidan hausten 2000 vore arbeidd med sikte på å organisere desse avdelingane i eit eige aksjeselskap saman med dei private bankane. Frå Noregs Bank si side har ein lagt særleg vekt på at eit slikt felles selskap med bankane vil kunne bidra til ei strukturrasjonalisering innanfor kontanthandsaminga, og at alternativet for sentralbanken elles ville vere å avvikle forretningsverksemda også ved desse distriktsavdelingane. Det har våren 2001 vore forhandla med ei rekkje bankar og samanslutningar av bankar, for å avklare grunnlaget for eit slikt felles selskap.

I møte 14. juni 2001 gav representantskapet i Noregs Bank, under visse føresetnader, si tilslutning til at Noregs Bank deltek i eit felles aksjeselskap saman med bankane. Under handsaminga av Revidert nasjonalbudsjett den 15. juni 2001 tok Stortinget Finansdepartementet si orientering om saka til orientering, og i brev til Noregs Bank 18. juni 2001 går det fram at Finansdepartementet ikkje har innvendingar i saka. Etter at også styringsorgana i dei deltakande bankane har fatta dei naudsynte vedtaka, vart det klart at ein kunne skipe selskapet som planlagt, og konstituerande generalforsamling vart halden 21. juni. Etableringa av AS Kontanthandtering inneber at dei resterande sju distriktsavdelingane i Noregs Bank vert avvikla frå og med 1. juli 2001, og at om lag 300 medarbeidarar i Noregs Bank frå same tidspunkt går over i det nystifta selskapet. Noregs Bank vil eige minst 33,5 prosent av aksjane. Aksjekapitalen er sett til 50 millionar kroner. Dei deltakande partane i tillegg til Noregs Bank vert Den norske Bank ASA, Gjensidige NOR Sparebank, Fokus Bank ASA, Sparebank 1-gruppen, Nordlandsbanken ASA og Terra-gruppen AS. Utferding av setlar og mynt er det framleis Noregs Bank som skal gjere, medan andre funksjonar, som forsyning, destruksjon, innløysing og innskot/mottak av betalingsmiddel, skal overførast til selskapet.

For ein vidare omtale av ressursbruken i Noregs Bank viser ein elles til banken si årsmelding for 2000.»

Departementet viser til dei omleggingane Noregs Bank har gjort for å sikre ei effektiv ressursutnytting. Ein er innforstått med at det kan vere naudsynt med ein auke i ressursbruken innanfor kapitalforvaltninga i Noregs Bank i samband med oppbygginga av petroleumsfondet.

4.1.2 Nærare om verksemda til Noregs Bank i 2000

Etter sentralbanklova § 1 skal Noregs Bank mellom anna vere utøvande og rådgivande organ i penge-, kreditt- og valutapolitikken. Banken skal gi ut setlar og mynt og fremme eit effektivt betalingssystem. Vidare skal banken overvake penge-, kreditt- og valutamarknadene.

Det følgjande er ei kort framstilling av verksemda i 2000, som byggjer på årsmeldinga frå Noregs Bank. For ein meir utfyllande gjennomgang viser ein

til årsmeldinga. Ein viser òg til omtalen av penge-, kreditt- og renteutviklinga i nasjonalbudsjettpublikasjonane.

4.1.2.1 Pengepolitikken

Forskrifta om kursordninga for krona frå 6. mai 1994, som gjaldt i 2000, gav Noregs Bank i oppgåve å halde ein stabil kronekurs mot europeiske valutaer. Banken definerte europeiske valutaer som euro frå januar 1999.

Retningslinene for pengepolitikken blei endra ved forskrift av 29. mars 2001, jamfør St.meld. nr. 29 (2000-2001) «Retningslinjer for den økonomiske politikken». På bakgrunn av dei nye retningslinene skal pengepolitikken sikte mot stabilitet i verdien av den norske krona, nasjonalt og i forhold til handelspartnarane våre. Samstundes skal pengepolitikken støtte opp om budsjettpolitikken ved å medverke til å stabilisere utviklinga i produksjon og sysselsetjing. I den nye forskrifta om pengepolitikken heiter det vidare: «Norges Banks operative gjennomføring av pengepolitikken skal i samsvar med første ledd rettes inn mot lav og stabil inflasjon. Det operative målet for pengepolitikken skal være en årsvekst i konsumprisene som over tid er nær 2,5 prosent.»

I Noregs Bank sitt brev til Finansdepartementet frå 27. mars 2001 står det mellom anna: «Norges Bank har på grunnlag av sitt nåværende mandat innrettet virkemidlene i pengepolitikken med sikte på å bringe pris- og kostnadsveksten ned mot den stigningen Den Europeiske Sentralbanken sikter mot.» Det heiter òg: «I lys av utviklingen de senere årene kan de nye retningslinjene gjøres gjeldende uten at det i seg selv vil føre til vesentlige endringer i hvordan pengepolitikken utøves.»

Hovudstyret i Noregs Bank har regelmessig drøftingar av pengepolitikken. Fram til juni 2000 blei pengepolitikken drøfta ein gong i månaden. Deretter har hovudstyret hatt rentemøte kvar sjette veke. Eventuelle vedtak om endringar i renta eller andre viktige omleggingar av bruken av verkemidla blir i normale høve fatta i desse møta.

Hovudstyret i Noregs Bank fastset rentesatsane på dagsinnskota og dagslåna som bankane har i Noregs Bank. Renta på dagsinnskot, foliorenta, er Noregs Bank si styringsrente. I normale høve ligg dei heilt kortsiktige rentene i pengemarknaden nære foliorenta. Rentene i penge- og kapitalmarknadene verkar på kronekursen, prisane på verdipapira, bustadprisane og på etterspurnaden etter lån og investeringar. Endringar i Noregs Bank si rente kan òg verke inn på forventningane om framtidig inflasjon og økonomisk utvikling. Gjennom alle desse kanalane verkar renta på dei samla etterspurnads- og produksjonsforholda og på prisar og løner.

I årsmeldinga til Noregs Bank for 2000 skriv hovudstyret: «På bakgrunn av ny informasjon om den økonomiske utviklingen og endrede utsikter for pris- og kostnadsveksten, endret Norges Bank sitt syn på renteutviklingen i første kvartal 2000. I perioden 12. april til 20. september vedtok hovedstyret fire ganger å øke styringsrentene med til sammen 1,50 prosentpoeng, fordelt på to ganger 0,25 prosentpoeng og to ganger 0,50 prosentpoeng. Ved utgangen av året var foliorenten 7 prosent.» Kronekursen mot euro blei svekt frå 8,06 til 8,23 gjennom året. Noregs Bank har drøfta utøvinga av pengepoli-

tikken nærare i årsmeldinga si for 2000. Her finn ein òg oversikt over brev og fråsegner frå Noregs Bank.

Noregs Bank vurderer i årsmeldinga for 2000 utøvinga av pengepolitikken og resultata som er nådd slik: «Gitt det beslutningsgrunnlaget banken rådet over i 1999, var det grunn til å tro at det ville bli en vekstpause i norsk økonomi, og at pris- og kostnadsveksten ville falle. I tillegg var det internasjonale finansmarkedet skjørt som følge av de mange finansielle krisene året før. Etter hvert som informasjonen om økt vekst i Norge og internasjonalt ble tilgjengelig, samtidig som pris- og kostnadsveksten ble høyere enn ventet, ble renten hevet. Dette så ved utgangen av 2000 ut til å ha bidratt til å stabilisere utviklingen i kronekursen, utsiktene for prisstigningen og veksten i den samlede etterspørselen i norsk økonomi.»

Noregs Bank intervenerte ikkje i valutamarknaden i 2000. I brevet til Finansdepartementet 17. desember 1999 om den økonomiske politikken i 2000 heiter det at «Norges Bank har dårlige erfaringer med omfattende kjøp eller salg i valutamarkedet for å påvirke kronekursen. Dersom sentralbanken er tungt inne med støttekjøp, har det lett for å oppstå en spillsituasjon der markedsaktørene oppfatter sentralbankens intervensjoner som en interessant profittmulighet». Banken kan likevel bruke intervensjonar i avgrensa omfang og har beredskap til å kunne intervenere i valuta- og pengemarknaden på kort varsel. Til dette formålet har banken likviditetsporteføljen (sjå punkt 4.1.2.5 Kapitalforvaltning), som i mesteparten av 2000 var på om lag 30-35 milliardar kroner. Dei andre valutaeservane kan òg nyttast til intervensjonar om tilhøva i valutamarknaden skulle tilseie det. Ordninga med at Noregs Bank kjøper valuta på dagleg basis til oppbygging av Statens petroleumsfond og Statens petroleumsforsikringsfond, blei ført vidare i 2001. I 2000 kjøpte Noregs Bank brutto utanlandsk valuta tilsvarende 52 900 millionar kroner. Ordninga med direkte overføringar til Noregs Bank av valutainntekter som staten tek imot gjennom statens direkte økonomiske engasjement i petroleumsverksemda (SDØE), er òg ført vidare i 2001.

Likviditetspolitikken skal syte for at rentevedtaka i hovudstyret får breitt gjennomslag i dei kortsiktige pengemarknadsrentene. Dette oppnår ein ved å bruke dei likviditetspolitiske verkemidla til Noregs Bank slik at den marginale dagsrenta i banksystemet blir lik renta på dagsinnskott i Noregs Bank (foliorenta). Folioarenta er dermed den pengepolitiske styringsrenta.

Dei viktigaste likviditetspolitiske instrumenta er fastrentelån (F-lån) som er pantesikra, og fastrenteinnskott (F-innskott). F-lån blir nytta for å tilføre likviditet til bankane, medan F-innskott blir nytta til å binde midlar i sentralbanken. F-lån og F-innskott har normalt ei løpetid på mellom ein og fem dagar og renta blir fastsett ved ordinær auksjon.

4.1.2.2 Betalingssystem og betalingsmiddel

Noregs Bank har oppgåver knytte til betalingssystema som heilskap. Noregs Bank står for oppgjør av krav og skyldnader mellom bankane og for pengeoppgjør i verdipapirhandelen, og har oppgåver knytte til statens økonomiforvaltning. Som setelbank står Noregs Bank for produksjon og distribusjon av setlar og mynt.

Betalingssystemet er ein viktig del av infrastrukturen i det finansielle systemet. Svikt her kan ha store samfunnsøkonomiske konsekvensar og kostnader. Noregs Bank har lagt særleg vekt på å avgrense risikoen for at problem i ein finansinstitusjon eller ein delmarknad skal forplante seg til andre institusjonar og marknader gjennom betalingssystema. I 2000 sette Noregs Bank i verk ei undersøking av risikoen i dei ulike nettoavrekningane som blir gjorde opp i Noregs Bank. Undersøkinga viste at eksponeringane generelt er på eit nivå som deltakarane kan handtere. Det viste seg også at ein har fått redusert risikoen mykje ved hyppigare nettooppgjer og kontinuerleg oppgjer av ein-skilde transaksjonar i Noregs Bank sitt oppgjerssystem.

Noregs Bank fekk gjennom lov om betalingssystem mv. av 17. desember 1999 større fullmakter til å sikre at betalingssystema er organiserte slik at omsynet til finansiell stabilitet blir ivareteke. Denne lova blei sett i kraft 14. april 2000. Lova innfører konsesjonsplikt for etablering og drift av interbank-system, som er system for avrekning, oppgjer eller overføring av pengar mellom kredittinstitusjonar. Noregs Bank er gitt konsesjons- og tilsynsansvar for interbanksystema. Interbanksystem som var i verksemd då lova blei sett i kraft, måtte søkje om godkjenning innan utgangen av 2000. Noregs Bank fekk i første omgang seks søknader. Den 14. mars 2001 vedtok Noregs Bank å godkjenne banknæringa sitt felles avrekningssystem (NICS) og avreknings- og oppgjerssystemet til Gjensidige NOR Sparebank. I konsesjonsbehandlinga er det teke omsyn til om systema oppfyller internasjonale tilrådingar. Noregs Bank skal føre tilsyn med dei godkjende systema. Fire mindre system fekk fritak frå konsesjonsplikta. I tillegg vedtok Noregs Bank 6. juni å gi konsesjon til Den norske Bank for etablering og drift av eit planlagt oppgjerssystem for mindre bankar.

Noregs Bank er oppgjersbank for pengetransaksjonar i samband med den såkalla NICS-masseavrekninga, der mellom anna giroar, betalningar med kort og sjekkar er med. Bankane har i 2000 endra rutinane sine for å redusere risikoen knytt til oppgjeret. Banken til betalingsmottakar godskriv ikkje lenger kunden sin konto før oppgjer er motteke frå banken til kunden som sende betalinga. Slik blir ein stor del av kredittrisikoen i samband med dette oppgjeret fjerna. For å unngå at mottakaren må vente lenge på godskrivinga, innførte Noregs Bank frå 26. juni 2000 derfor eit ekstra masseoppgjer på morgonen.

Noregs Bank deltek i samarbeidet mellom sentralbankane for å redusere risikoen knytt til betalingssystema. I 2000 gjekk dette arbeid særleg ut på å følgje utviklinga av eit nytt internasjonalt oppgjerssystem for valutatransaksjonar, Continuous Linked Settlement (CLS). Noregs Bank arbeider for at norske kroner skal bli omfatta av systemet og på det viset redusere den oppgjersrisikoen norske bankar tek i samband med valutahandel. Ei undersøking Noregs Bank gjennomførte i 2000, synte at norske bankar tek på seg store eksponeringar i samband med valutahandel, og at desse i nokre tilfelle samla utgjør meir enn tre gonger eigenkapitalen til dei involverte bankane.

For å effektivisere og tilpasse arbeidet i Noregs Bank med beredskap i finansiell sektor vedtok hovudstyret i oktober 2000 å etablere eit nytt beredskapsutval for finansiell infrastruktur (BFI). Vedtaket blei fatta i samråd med Finansdepartementet og sentrale aktørar i finansiell sektor. Beredskapsutvalet,

som erstattar fleire andre beredskapsorgan i finansiell sektor, har to hovudoppgåver: (i) kome fram til og samordne tiltak for å førebyggje og løyse krisesituasjonar og andre situasjonar som kan føre til stor uro i den finansielle infrastrukturen, og (ii) samordne nødvendige beredskapssaker innanfor finansiell sektor, mellom anna samordne utarbeiding og iverksetjing av varslingsplanar og beredskapstiltak ved tryggingspolitiske kriser og krig på grunnlag av sivil beredskapssystem. Beredskapsutvalet har leiing og sekretariat i Noregs Bank og deltakarar frå mellom anna Kredittilsynet og sentrale aktørar i finansiell sektor.

Etter sentralbanklova har Noregs Bank ansvaret for utgiving og destruksjon av setlar og mynt. Noregs Bank arbeider for å effektivisere sentralbanken si rolle i forsyningssystemet for kontantar. Eit ledd i dette arbeidet er å skilje klarare mellom dei oppgåvene Noregs Bank er pålagt etter lova, og tenester som blir utførte for bankane. I 2000 blei det arbeidd vidare med å skilje ut kontanthandteringa i ei separat eining som driv etter forretningsmessige prinsipp. Eininga skal utføre sentralbankoppgåver på oppdrag frå Noregs Bank, og andre handteringstenester på oppdrag frå private bankar. Handteringstenestene blir prissette, og bankane ber dermed kostnadene som er knytte til oppdraga deira, noko som er med på å effektivisering av kontanthandteringa.

Sett i høve til verdien av privat konsum har det vore ein nedgang i setlar og mynt i omløp sidan 1995, og i 2000 var det i gjennomsnitt setlar og mynt for om lag 43,6 milliardar kroner i omløp. Forholdet mellom dei ulike valørane i setelomløpet har endra seg mykje. Det mest tydelege er nedgang for valøren 100 kroner og auke for valør av 200 kroner og 500 kroner. 1000-kronesetelen står framleis for den høgaste delen av setelomløpet rekna i verdi, endå om det har vore ein markert nedgang dei seinare åra. 20-kronemynten aukar framleis sin del av myntomløpet, og utgjorde 28 prosent av myntomløpet rekna i verdi ved utgangen av 2000.

4.1.2.3 Finansmarknaden og den finansielle strukturen

Noregs Bank har eit ansvar for å medverke til robuste og effektive finansmarknader og betalingssystem, dvs. medverke til finansiell stabilitet. Skulle det oppstå ein situasjon der sjølv det finansielle systemet er truga, vil Noregs Bank, i samråd med andre styringsorgan det vedkjem, vurdere om det er naudsynt å setje i verk tiltak for å sikre tilliten til det finansielle systemet.

Det førebyggjande arbeidet sentralbanken driv i tilknyting til finansiell stabilitet, er tredelt. For det første arbeider sentralbanken med å redusere risikoen i betalingssystema og gjere dei meir robuste. Vidare driv Noregs Bank overvaking av faktorar som kan ha noko å seie for finansiell stabilitet. I tillegg vurderer ein kva verknad pengepolitikken og resten av den økonomiske politikken har på den finansielle stabiliteten.

Sidan 1995 har Noregs Bank utarbeidd rapportar som gir ei samanfattande framstilling av situasjonen i finansiell sektor og utsiktene framover. Arbeidet omfattar både analysar av utviklinga i finansinstitusjonane, særleg bankane, og av samanhengen mellom makroøkonomiske utviklingstrekk og utviklinga i finansiell sektor. Analysar av den finansielle stillinga til hushald og føretak er viktige element i dette arbeidet. Overvakinga av internasjonale tilhøve blei trappa opp i 2000. Rapportane blir drøfta med Finansdepartementet og Kredit-

tilsynet. Gjennom 2000 har ikkje Noregs Bank funne grunnlag for å gjere framlegg om at andre myndigheiter må setje i verk spesielle tiltak med sikte på å redusere faren for systemproblem.

Noregs Bank gir tilrådingar til Finansdepartementet og Kredittilsynet i samband med høyringar om lover, føresegner og anna regelverk for finansinstitusjonane og finansmarknadene. Som hovudregel ber dessutan Kredittilsynet Noregs Bank om å gi tilråding i saker som gjeld søknader frå dei enkelte finansinstitusjonane om nyetablering, oppkjøp, fusjon, o.a. I dei seinare åra har Noregs Bank i aukande grad konsentrert ressursinnsatsen om saker som har noko å seie for den finansielle stabiliteten. Dette inneber at sentralbanken i første rekkje uttalar seg om saker knytte til dei sentrale delane av regelverket og enkeltsaker som har tilknytning til dei største finansinstitusjonane. Ved vurdering av søknadene legg Noregs Bank særleg vekt på omsynet til konkurranse, soliditet og organisering. Dei viktigaste sakene som blei handsama i 2000, er omtalen i årsmeldinga frå sentralbanken, som følgjer denne meldinga som uttrykt vedlegg.

Samarbeidet mellom Kredittilsynet og Noregs Bank har følgd den ordninga som er etablert gjennom tidlegare år. Noregs Bank er representert med ein observatør i styret i Kredittilsynet. Det er nær og regelbunden kontakt mellom leiingane i dei to institusjonane, der mellom anna gjennomgang av den økonomiske situasjonen og utviklinga i finansinstitusjonane er faste tema. Dette samarbeidet er det gjort nærare greie for i punkt 4.1.2.6 «Samarbeidet mellom Kredittilsynet og Noregs Bank».

4.1.2.4 Statistikkarbeid og kontrolloppgåver

Noregs Bank samarbeider nært med Kredittilsynet, Statistisk sentralbyrå og Verdipapirsentralen om datainnhenting og utarbeiding av statistikk for kreditt- og verdipapirmarknaden. Datamaterialet blir først og fremst nytta til Noregs Bank sitt arbeid med pengepolitikken og finansiell stabilitet. Noregs Bank står for arbeidet med å oppdatere og halde ved like den sentrale databasen for mellom anna bankstatistikk (FIKS-basen), som også blir nytta av Kredittilsynet og Statistisk sentralbyrå. Banken hentar inn, kontrollerer, legg til rette og publiserer den mest detaljerte statistikken for bankar, statlege låneinstitutt, finansieringsselskap, kredittføretak og verdipapirfond. Banken har starta eit arbeid med å betre og automatisere datainngangen frå rapportørane. Eit resultat av dette arbeidet er at ein no nyttar banken si heimeside på Internett som det viktigaste mediet for å gi finansføretaka informasjon som er relevant for rapporteringa.

Primærstatistikken for bankar og andre finansføretak er hovudgrunnlaget for dei månadlege indikatorane for kredittutviklinga (kredittindikatorane) og utviklinga i pengemengda, og for utarbeiding av kvartalsvise finansielle sektorbalansar. Noregs Bank hentar kvart kvartal inn renterapportar frå alle bankar, livsforsikringsselskap, kredittføretak og statlege låneinstitutt. Rapportane gir rente- og provisjonssatsar per utgangen av kvartalet for spesifiserte utlåns- og innskotsartar. Verdipapirsentralen (VPS) er ei svært viktig datakjelde for å kartleggje finansielle eigedelar og straumar mellom institusjonelle sektorar for dei finansobjekta som er registrerte der, dvs. børsnoterte aksjar, obligasjonar, sertifikat og grunnfondsbevis som er lagde ut i Noreg.

Basert på slike oppgaver frå VPS kvart kvartal lagar Noregs Bank statistikkar over dei finansobjekta som er registrerte i VPS, fordelte på eigar- og utferdar-sektorar og transaksjonar mellom sektorane.

Valutastatistikken gir hovudgrunnlaget for utanriksrekneskapen som Statistisk sentralbyrå publiserer kvar månad. Det meste av informasjonsgrunnlaget er faste rapportar om betalningar mellom Noreg og utlandet, samt beholdningar, dels frå norske bankar og dels frå føretak som har konto i utanlandske bankar eller oppgjersordning med utanlandske selskap. I mars 2000 blei Noregs Bank si forskrift om valutaregulering endra, og då blei det utvida høve til å gi fritak frå rapportplikt for konti i utanlandske bankar og for andre oppgjersordningar med utlendingar.

Hausten 1999 starta eit utgreiingsarbeid for å vurdere alternative framtidige rapportssystem for valutastatistikken. Endringane i valutastatistikksystemet kjem til å endre grunnlaget for Noregs Bank sitt samarbeid med kontrollinstitusjonane (Skatte- og tolletaten og Økokrim). Det detaljerte datagrunnlaget som desse etatane ønskjer tilgang til, fell bort. På bakgrunn av utgreiingsarbeidet starta banken ein dialog med Statistisk sentralbyrå (SSB) om å endre arbeidsdelinga for innsamling av data til utanriksrekneskapen. Utfallet av desse diskusjonane er presentert i eit felles brev frå SSB og Noregs Bank til Finansdepartementet datert 17. januar 2001. Finansdepartementet har teke den nye arbeidsdelinga til etterretning i brev av 13. mars 2001. Det blir lagt opp til overgang til nytt system for innsamling av data til utanriksrekneskapen innan 2005. SSB har iverksett utgreiing av korleis ein vil henta inn opplysningar om føretaka sine økonomiske samkvem med utlandet (UT-prosjektet). Ein legg til grunn at det nye systemet vil bli basert på direkte rapportar frå føretaka. Noregs Bank vil også i framtida ha ansvaret for å hente inn data frå dei finansielle føretaka og medverkar i utgreiinga gjennom deltaking på fleire felt.

Statistikkrapporteringa frå Noregs Bank til internasjonale organisasjonar har auka dei siste åra, og det kjem stadig nye krav og ønske om meir data frå slike organisasjonar. Banken rapporterer til Bank for International Settlements (BIS), Den europeiske sentralbanken (ESB), Eurostat, Det internasjonale pengefondet (IMF) og Organisasjonen for økonomisk samarbeid og utvikling (OECD). Noregs Bank tek del i fora der utviklinga av internasjonale statistikkstandardar og internasjonal rapportering blir drøfta. Dette skjer mellom anna i Eurostat sin Committee on Monetary, Financial and Balance of Payments Statistics og i arbeidsgrupper under denne komiteen, der Noreg tek del i samsvar med EØS-avtalen. Noreg slutta seg til IMF sin standard for dataspreiing, SDDS, i 1996. Standarden stiller omfattande krav til statistikkproduksjonen i deltakarlanda når det gjeld dekning, kvalitet, frekvens, aktualitet og tilgang. I første halvår av 2000 begynte Noregs Bank å publisere meir detaljerte data om valutareservar og valutalikviditet på bakgrunn av nye SDDS-krav.

Noregs Bank sine faste oppgaver på valutaregulerings- og kontrollområdet gjeld blant anna samarbeidet med kontrollinstitusjonane (Skatte- og tolletaten og Økokrim) og arbeid i samband med oppfølging og kontroll knytt til EU-tiltak og sanksjonar som Dei sameinte nasjonane (FN) har vedteke mot andre land. Talet på førespurnader frå kontrollinstitusjonane var 966 i 2000

mot 928 i 1999. Med dette som utgangspunkt er det søkt på 1589 namngitte foretak eller privatpersonar.

Norske styresmakter har vedteke forskrifter som set i verk FN-sanksjonar om økonomisk boikott av land og/eller landområde. I samband med dette har Finansdepartementet delegert oppgåva som kontroll- og lisensorgan for finansielle transaksjonar til Noregs Bank. I 2000 har Irak og Den føderale republikken Jugoslavia (FRJ) vore omfatta av FN-sanksjonar. Når det gjeld Libya, blei sanksjonane mellombels oppheva med verknad frå 5. april 1999. For FRJ sin del omfatta FN-sanksjonane i 2000 berre innskot eller tilsvarende plasseringar i Noreg gjort av offisielle jugoslaviske styresmakter eller av juridisk person som er ått eller kontrollert av FRJ. Desse sanksjonane blei oppheva med verknad frå 1. november 2000. Noregs Bank har i 2000 ikkje motteke søknader om overføring til Irak. Stortinget vedtok 25. juni 1999 lov om særlege tiltak mot FRJ. Med heimel i denne lova vedtok Regjeringa 6. august 1999 forskrift om gjennomføring av tiltaka. I samband med dette har Finansdepartementet delegert oppgåva som kontroll- og lisensorgan for finansielle transaksjonar til Noregs Bank. Alle transaksjonar som det blir søkt om å få gjennomføre i tråd med unntaksreglane i forskrifta, må på førehand godkjennast av Noregs Bank. Det er i 2000 behandla 121 søknader om overføring av midlar til Den føderale republikken Jugoslavia.

4.1.2.5 Kapitalforvaltning

Noregs Bank Kapitalforvaltning (KAP) forvaltar Statens petroleumsfond med grunnlag i lov av 22. juni 1990 nr. 36. Marknadsverdien av fondet sin portefølje av utanlandske verdipapir var ved slutten av 1999 på 222,3 milliardar kroner. Til saman 150 milliardar kroner blei overførte frå Finansdepartementet i 2000. Avkastninga i norske kroner var på 6,5 prosent, og 31. desember 2000 var fondet sin marknadsverdi på 386,1 milliardar kroner.

Forvaltninga i 2000 var i tråd med forskrifta som blei fastsett av Finansdepartementet 3. oktober 1997, med heimel i § 7 i lov 22. juni 1990 nr. 36 «Om Statens petroleumsfond», og seinast endra 4. oktober 2000. Frå 1. januar 2000 blei sju nye land tekne med i investeringsuniverset for eigenkapitalinstrument. Av desse var seks land såkalla framveksande marknader. Frå 4. oktober 2000 blei Hellas teke med i investeringsuniverset for renteberande instrument. Finansdepartementet sin referanseportefølje for fondet inneheld 40 prosent eigenkapitalinstrument og 60 prosent renteberande instrument. Dei nye landa blei tekne med i referanseporteføljen frå 31. januar 2001.

Frå 31. januar 2001 er det oppretta eit eige miljøfond av aksjar. Marknadsverdien av fondet var ved starten på ein milliard kroner, som blir investert i dei bedriftene i referanseporteføljen som oppfyller bestemte krav til miljørapportering og miljøsertifisering, og i andre selskap med liten negativ innverknad på miljøet.

Avkastninga på Statens petroleumsfond var i 2000 0,2 prosentpoeng høgare enn avkastninga på referanseporteføljen. Over dei tre siste åra, fram til utgangen av år 2000, har Petroleumsfondet hatt ei nominell avkastning på 45 prosent rekna i norske kroner. Det er 1,8 prosentpoeng høgare enn avkastninga på referanseporteføljen. Forvaltninga av Statens petroleumsfond er omtala i statsrekneskapen og i ein eigen årsrapport for fondet.

KAP forvaltar tre delporteføljor av valutareservane. Det er immuniseringsporteføljen, petrobufferporteføljen og den langsiktige porteføljen. Marknadsoperasjonsavdelinga forvaltar den fjerde delporteføljen, likviditetsporteføljen.

Ved utgangen av året utgjorde immuniseringsporteføljen 7,5 milliardar kroner, petrobufferporteføljen 16,9 milliardar kroner og den langsiktige porteføljen 105,5 milliardar kroner. Likviditetsporteføljen - valuta selt på termin m.m. - utgjorde til saman 44,7 milliardar kroner. På same tid utgjorde samla valutareservar 174,5 milliardar kroner. Den langsiktige porteføljen blir forvalta med sikte på høgast mogleg avkastning. I 2000 var avkastninga på 12,4 prosent, som var 0,12 prosentpoeng høgare enn avkastninga på referanseporteføljen.

Noregs Bank Kapitalforvaltning (KAP) forvaltar Statens petroleumsforsikringsfond på oppdrag frå Olje- og energidepartementet. Marknadsverdien av fondet var ved utgangen av 2000 på 10,8 milliardar kroner. Fondet hadde i 2000 ei avkastning på 9,9 prosent, som var 0,15 prosentpoeng høgare enn avkastninga på referanseporteføljen.

Noregs Bank Kapitalforvaltning er ei eiga eining direkte under sentralbanksjefen. KAP har i 2000 stått for omtrent all forvaltning av renteinstrument i alle porteføljane, medan det meste av forvaltninga av eigenkapitalinstrument er utført av eksterne forvaltarar. Ved utgangen av året var det tre eksterne aksjeforvaltarar med indeksmandat, det vil seie at dei hadde som oppgåve å halde porteføljane nær opp til referanseporteføljen. Åtte aksjeforvaltarar hadde til saman ni aktive mandat, med større høve til å avvike frå referanseporteføljen for å oppnå høgare avkastning. Tre renteforvaltarar hadde aktive mandat for både Petroleumsfondet og den langsiktige porteføljen i valutarreservane. To forvaltarar hadde mandat for taktisk aktiva-allokering i Petroleumsfondet.

Det er bygd opp kontrollapparat for verksemda både innanfor KAP og i andre delar av sentralbanken. Rekneskapen for alle fonda blir revidert av Noregs Banks Revisjon, for dei to eksterne fonda på vegner av Riksrevisjonen.

4.1.2.6 Samarbeid mellom Kredittilsynet og Noregs Bank

I 1992 kom Stortinget til at det skulle gjennomførast tiltak for å styrkje samarbeidet og koordineringa mellom Noregs Bank og Kredittilsynet (jf. Innst. S. nr. 246 (1991-92)) mellom anna for å sikre Kredittilsynet tilgang på naudsynt samfunnsøkonomisk kompetanse. Dette resulterte i at det blei utarbeidd ein rapport som blei send til Finansdepartementet 26. april 1993 med anbefaling om samarbeidsformer. Denne rapporten er følgd opp med oppdaterte framstillingar om samarbeidsformene mellom dei to institusjonane, sist i brev til Finansdepartementet 19. mars 2001. Omtalen under byggjer på dette brevet.

Formålet med samarbeidet har vore å utnytte spesialkompetansen i dei to institusjonane og unngå dobbeltarbeid som ikkje er naudsynt, samstundes med at dei to institusjonane får behalde dei sjølvstendige rollene og oppgåvene dei no har. Som eit ledd i det faste samarbeidet prøver ein så langt det er tenleg, å avgrense ressursbruken i dei to institusjonane til område der den eine institusjonen heilt klart har eit hovudansvar.

I samsvar med kredittilsynslova er Noregs Bank representert med ein observatør i styret i Kredittilsynet. Gjennom styredokumenta og møtedeltak-

inga får Noregs Bank brei innsikt i det jamlege arbeidet i Kredittilsynet, samstundes som observatøren kjem med synspunkt der sentralbanken har spesielle føresetnader for dette.

Det har sidan andre kvartal 1993 vore halde kvartalsvise møte mellom den øvste leiinga i Kredittilsynet og Noregs Bank. På desse møta er det orienteringar og diskusjonar om tema med interesse for begge institusjonane, ikkje minst knytt til arbeidet dei to institusjonane gjer med finansiell stabilitet, Noregs Banks «Inflasjonsrapport», deltaking i internasjonale forum og anna.

Det er kontaktmøte mellom leiinga i Finans- og forsikringsavdelinga i Kredittilsynet og Område II, Betalingssystem og finansmarknader i Noregs Bank kvar månad for mellom anna å diskutere utviklinga i finansføretaka. Kvart kvartal deltek i tillegg Marknadsavdelinga i Kredittilsynet på desse møta i samband med spørsmål knytte til verdipapir.

Det er etablert ei permanent gruppe for finansmarknaden med deltaking frå Noregs Bank, Kredittilsynet og Statistisk sentralbyrå. Gruppa behandlar spørsmål knytte til bankane og finansieringsføretaka si felles rapportering til desse institusjonane. Gruppa har møte etter behov, men vanlegvis minst ein gong kvart kvartal. Det er også nyleg etablert ei arbeidsgruppe med deltakarar frå Noregs Bank, Kredittilsynet og Statistisk sentralbyrå, som skal sjå nærare på arbeidsdelinga mellom Noregs Bank og Statistisk sentralbyrå når det gjeld finansiell statistikk i samband med forsikring, finansielle holdingføretak, verdipapirføretak, fondsforvaltningsføretak o.a.

Ei jamleg og brei informasjonsutveksling mellom dei to institusjonane er ein føresetnad for eit godt samarbeid. Som det går fram av framstillinga over, er det mykje informasjonsutveksling i dei faste møta mellom Kredittilsynet og Noregs Bank. Vidare blir det utveksla notat og rapportar både systematisk og etter behov. Noregs Bank blir også jamleg orientert om inspeksjonsverksemda som Kredittilsynet driv.

Kredittilsynet og Noregs Bank har samarbeidd om utvikling av regelverk på finans- og forsikringsområdet. Spesielt har arbeidsgrupper med deltaking frå begge institusjonar arbeidd med regelverk knytt til soliditeten i institusjonane. Døme på dette er to faste arbeidsgrupper som vurderer kapitaldekning for kredittrisiko og marknadsrisiko. Ei av desse gruppene har nyleg utarbeidd ei felles høyring til BIS og EU i samband med eit nytt regelverk på kapitaldekning. Gjennom slike felles arbeidsgrupper har ein kunna utnytte ekspertise i begge institusjonane på ein god måte.

Både Kredittilsynet og Noregs Bank har i dei seinare åra drive omfattande metodeutvikling og utgreiingsverksemd knytt til arbeidet med finansiell stabilitet, og har etablert eit nært samarbeid på området. Institusjonane har også samarbeidd om metodar og utgreiing på andre og liknande område. Eit døme på dette er institusjonane si utveksling av data i samband med Noregs Banks SEBRA-database, som inneheld årsrekneskap for alle norske aksjeselskap for perioden 1988-1999. Dette er ledd i eit arbeid med å betre overvakinga av kredittrisikoen i bankane. Det er òg nyleg etablert ei førebels arbeidsgruppe med personar frå dei to institusjonane som skal sjå på motpartseksposisjonane til dei største norske bankane.

Også samarbeidet om felles kompetanseutvikling er utvikla vidare. Det blir utveksla invitasjonar til gjensidig deltaking på kurs arrangerte av institus-

jonane. Det er dessutan ei omfattande utveksling av interne og eksterne utgreiingar, rapportar og anna som ledd i felles kompetanseutvikling.

I dei seinare åra har Kredittilsynet og Noregs Bank i mindre grad sendt saker frå felles interesseområde til kvarandre til fråsegn. Noregs Bank har vedteke i større grad å leggje vekt på høyringar som er knytte opp mot dei største finansinstitusjonane, og som kan ha verknad for finansiell stabilitet. Noregs Bank har omtala dette i brev til Finansdepartementet av 12. november 1999.

Kredittilsynet og Noregs Bank har saman med Statistisk sentralbyrå eit utstrekt samarbeid om finansstatistikk, og har vidareutvikla samarbeidet om ein felles database. Noregs Bank har sidan 1996 hatt teknisk ansvar for databasen og er ansvarleg for innhenting og behandling av rekneskapsdata frå bankar og finansieringsføretak. Kredittilsynet er ansvarleg for utarbeiding og vedlikehald av regelverk på området. Kredittilsynet og Noregs Bank har dei siste åra utvikla eit samarbeid knytt til løpetidsrapportering i samband med likviditeten til bankane. I det komande året vil ein samarbeide om å utvikle rapportering for finanskonsern. Det er vidare oppretta ei arbeidsgruppe med deltaking frå Noregs Bank, Kredittilsynet og Statistisk sentralbyrå for å samordne finans- og valutastatistikk.

Samarbeidet om internasjonal verksemd er utvikla vidare dei siste åra. Begge institusjonane har omfattande kontaktar og hyppig møteverksemd internasjonalt, og utvekslar jamleg informasjon frå internasjonale møte av felles interesse. Kredittilsynet og Noregs Bank samarbeider også om fråsegner knytte til høyringar frå internasjonale organisasjonar når dei er av felles interesse.

Både Kredittilsynet og Noregs Bank har sidan 1995 utarbeidd rapportar om finansiell stabilitet som ledd i overvakinga av den finansielle sektoren. Rapportane blir laga to gonger i året, og blir behandla i møte med Finansdepartementet. I samband med dette arbeidet er det etablert eit nært samarbeid gjennom mellom anna utveksling av rapportar, drøfting av resultat og metodar, orientering om faste og planlagde prosjekt o.a.

Samarbeidet på området for betalingssystem har i lang tid vore avgrensa, men er blitt intensivert i samband med førebuing og oppfølging av lov om betalingssystem o.a. av 17. desember 1999. Partane har samtala om og avklart ansvars- og arbeidsdeling knytt til dei ulike systema som lova vedkjem.

Når ein skal føre tilsyn med finanskonsern som har stor verksemd på tvers av landegrenser, er det naudsynt med eit nært samarbeid og utveksling av informasjon mellom tilsynsmyndigheitene og sentralbankane i dei aktuelle landa. Dei nordiske tilsynsorgana (mellom anna Kredittilsynet) skreiv i 2000 under på ein samarbeidsavtale om tilsyn med Nordea. Vidare har dei nordiske sentralbankane nyleg utarbeidd ein rapport om kva rolle sentralbankane har i tilknytning til finanskonsern som driv verksemd i fleire nordiske land.

4.1.2.7 Internasjonalt samarbeid

Noregs Bank forvaltar Noregs rettar og oppfyller dei pliktene som følgjer av deltaking i Det internasjonale valutafondet (IMF). IMF har som si fremste oppgåve å arbeide for internasjonal monetær og finansiell stabilitet. Fondet gir råd til medlemslanda om den økonomiske politikken og gir mellombels finan-

siering når landa har problem med betalingsbalansen. IMF forsterka i 2000 arbeidet med gjeldslette for dei fattigaste utviklingslanda.

Jugoslavia blei i 2000 teke inn att som medlem av IMF. I samband med dette gav Noregs Bank eit «same dag»-lån som sette landet i stand til å betale restansane sine til IMF. Lånet blei gitt innanfor ramma av § 26 i sentralbanklova, der ein føresetnad er tilstrekkeleg tryggleik og godkjenning av Finansdepartementet. Verksemda i IMF er omtala i kapittel 9.

Bank for International Settlements, BIS, har til oppgåve å fremme samarbeidet mellom sentralbankar. Sentralbanksjefen deltek regelmessig på møte i BIS.

Den økonomiske utviklinga og pengepolitikken i EU gir viktige rammevilkår for norsk pengepolitikk. Noregs Bank har regelmessig kontakt med ESB og med sentralbankar i EU. Det føregår eit omfattande samarbeid med dei nordiske sentralbankane på ei rekkje felt.

4.1.2.8 Anna verksemd - Informasjonsverksemd

Etter avtale mellom Finansdepartementet og Noregs Bank yter banken tenester som rådgivar, tilretteleggjar og betalingsagent i samband med opptak og forvaltning av dei statslåna som blir omsette i den innanlandske marknaden. Frå andre halvår blei statssertifikat avløyste av statskassevekslar, det vil seie nullkupongpapir. Frå oktober blei statspapira auksjonerte over det elektroniske handelssystemet til Oslo Børs. I desember 2000 blei det kunngjort eit endra emisjonsopplegg for 2001, med auksjonskalender for eit heilt år om gongen. Vekslane blir for ein stor del rullerte på forfallstidspunkta, og staten låner meir i 3-4 månadersegmentet. Formålet med desse endringane er å få til betre tilpassing til etterspurnaden frå investorane og til svingingane i statens kontantbeholdning. Marknadspleia i andrehandsmarknaden blei ikkje endra i 2000.

Noregs Bank har ei plikt etter sentralbanklova § 3 til å informere allmenta om penge-, kreditt og valutatilhøva. I tillegg søker banken å oppnå breiast mogleg forståing for den pengepolitikken som blir ført, og for dei mekanismane som verkar til finansiell stabilitet, gjennom ei aktiv informasjonsverksemd. Noregs Bank legg stor vekt på å møte ei aukande interesse frå media og andre gjennom å vere open og pårekeleg.

Noregs Bank gir ut fleire publikasjonar i tillegg til årsmeldinga (Annual Report). Penger og Kreditt og den engelske versjonen Economic Bulletin er bankens kvartalsskrift. Det er laga ei eiga årsmelding for Statens petroleumsfond, og for dei tre første kvartala i året kom det kvartalsrapportar for denne verksemda. Det blei gitt ut fire inflasjonsrapportar i 2000, rapporten Finansiell stabilitet kom to gonger, og det kom ein årleg rapport om betalingsformidling. Av andre publikasjonar blei det gitt ut ei doktorgradsavhandling i bankens skriftserie, seksten arbeidsnotat om forskings- og utgreiingsprosjekt, fem gjenoptrykk av artiklar som medarbeidarar i banken har fått trykt i internasjonale fagtidsskrift, og femten rundskriv til finansinstitusjonar o.a. Finansstatistikk, som kom med atten nummer i 2000, blir frå 2001 berre publisert på internett, der det òg blir lagt ut mykje annan statistikk.

Pressekonferansar er innførte som ei fast ordning etter alle rentemøta i hovudstyret og ved offentleggjing av inflasjonsrapportane og rapportane om

Statens petroleumsfond. Gjennom året blei det dessutan arrangert fire presseseminar om finansiell stabilitet, den internasjonale økonomiske utviklinga og forvaltninga av Statens petroleumsfond. Det blei sendt ut 48 pressemeldingar.

Bruken av internett utgjer ein stadig viktigare del av bankens informasjonsstrategi. Det er gjennomført ei omlegging av internettsidene med sikte på å gjere denne tenesta meir brukarvenleg og funksjonell. Frå og med andre halvår har pressekonferansane i samband med rentemøta og inflasjonsrapportane vore lydoverførte over Internett. Alle publikasjonane og dei fleste foredrag og debattinnlegga som er haldne av leiinga i Noregs Bank, blir også offentleggjorde på internettsidene til banken. Bruken av denne tenesta auka med 29 prosent når ein måler talet på treff per månad, frå 136 000 treff i 1999 til nesten 176 000 i slutten av 2000.

4.2 Rekneskap og budsjett for 2000

4.2.1 Balansen 31. desember 2000

Tabell 4.2 og 4.3 viser balanserekneskapen til Noregs Bank ved utgangen av 2000, samanlikna med tilsvarande tal for 1997, 1998 og 1999.

Tabell 4.2: Eigedlane til Noregs Bank 31. desember 2000. Millionar kroner

Eigedelar:	1997	1998	1999	2000
Internasjonale reservar	171 368,1	142 045,2	167 218,8	245 862,6
Av dette:				
Gull	283,6	284,8	2 206,9	2 275,1
Spesielle trekkrettar i IMF	2 545,4	3 147,0	3 279,3	2 713,3
Reserveposisjon i IMF	7 161,9	9 243,7	6 836,8	5 166,0
Lån til IMF	938,4	1 522,7	1 337,9	1 268,5
Plasseringar for Statens petroleumsfond	113 313,0	167 643,8	222 277,7	386 126,1
Andre fordringar på utlandet	11 824,1	12 192,7	37 955,6	14 131,4
Norske statssertifikat	1 963,2	1 716,7	1,591,7	2 776,3
Norske statsobligasjonar	8 682,5	7 709,5	9 180,2	10 742,8
Innanlandske utlån	7 982,1	19 774,2	26 141,0	21 733,5
Av dette:				
Forretningsbankar	6 251,5	7 435,2	19 573,0	18 721,0
Sparebankar	1 270,8	4 712,7	6 001,5	2 437,1
Andre innanlandske fordringar	685,7	736,9	847,9	2 182,4
Varige driftsmiddel	2 148,3	2 064,3	2 010,1	1 939,0
Sum eigedelar	317 967,0	353 883,6	467 223,0	685 494,1

Kilde: Kjelde: Noregs Bank

Tabell 4.3: Gjelda og eigenkapitalen til Noregs Bank 31. desember 2000. Millionar kroner

Gjeld og eigenkapital:	1997	1998	1999	2000
------------------------	------	------	------	------

Tabell 4.3: Gjelda og eigenkapitalen til Noregs Bank 31. desember 2000. Millionar kroner

Diverse gjeld til utlandet	12 724,0	13 325,5	38 925,0	74 998,1
Motverdien av spesielle trekkrettar	1 656,0	1 795,3	1 846,4	1 934,2
Setlar og mynt i omløp	46 014,4	46 070,2	48 020,1	46 951,6
Innanlandske innskot på foliokonti	104 621,0	64 909,0	103 831,5	119 712,8
Av dette:				
Statskassa	84 387,4	51 193,2	67 685,8	96 082,5
Statens petroleumsfond	113 313,0	167 643,8	222 277,7	386 126,1
Innskot som gjeld skattefrie fondsavsetjingar	10,1	9,9	6,2	0
Anna innanlandsk gjeld	379,5	771,2	21 219,9	10 953,5
Eigenkapital	39 249,0	59 358,7	31 096,2	44 817,8
Av dette:				
Kursreguleringsfond	30 193,0	27 215,1	27 339,2	41 072,9
Overføringsfond	7 056,3	30 227,6	0	0
Annan eigenkapital	1 999,7	1 916,0	3 756,9	3 744,9
Sum gjeld og eigenkapital	317 967,0	353 883,6	467 223,0	685 494,1

4.2.1.1 Noregs Banks aktiva

Internasjonale reservar utgjer 245,9 milliardar kroner og inneheld frå og med 2000 mellom anna obligasjonar med gjenkjøpsavtalar. Gjenkjøpsavtalane må sjåast i samanheng med innlån frå utland, som medrekna pådregne renter utgjer 59,9 milliardar kroner.

Noregs Bank sine gullreservar er førte opp til verkeleg verdi under internasjonale reservar med 2 275,1 millionar kroner. Verkeleg verdi er vurdert til 20 prosent under marknadsprisen per 31.12.2000. Marknadsprisen per 31.12.2000 tilsvarar ein kilopris på 77 300 kroner, og verkeleg verdi er derfor verdisett til 61 800 kroner per kilo gull.

Amerikanske dollar utgjorde 21,9 prosent og euro 35,0 prosent av valutarreservane ved utgangen av 2000, mot respektive 27,2 prosent og 33,5 prosent året før.

Posten andre fordringar på utlandet består mellom anna av den delen av Noregs kvote i IMF som er i norske kroner. Tilsvarende gjeldsbeløp er bokført under gjeld til utlandet.

Noregs Bank si beholdning av norske verdipapir er sett saman av omsetjelege sertifikat og norske statsobligasjonar. I 2000 kjøpte sentralbanken statssertifikat i første- og andrehandsmarknaden for om lag 3,5 milliardar kroner. Då Noregs Bank si beholdning av einskilte statssertifikat blei lita, etterteikna Noregs Bank statssertifikat for 1,0 milliard kroner.

Eigedomsmassen, maskinane og inventaret til Noregs Bank utgjer 1 939 millionar kroner per 31.12.2000.

4.2.1.2 Noregs Banks passiva

Setlar og mynt i omløp minka i 2000 med 1,1 milliardar kroner til 46,9 milliardar kroner, mot 48,0 milliardar kroner året før. Innskot frå statskassa auka i 2000 med 28,4 milliardar kroner til 96,1 milliardar kroner, mot 67,7 milliardar kroner året før. Eigenkapitalen auka med 13,7 milliardar kroner til 44,8 milliardar kroner, mot 31,1 milliardar kroner ved utgangen av 1999.

Statens petroleumsfond er plassert som kroneinnskot på særskild konto i Noregs Bank. Noregs Bank plasserer desse midlane særskilt i bankens eige namn i aktiva denominerte i utanlandsk valuta. Forvaltninga blir handsama i samsvar med forskrift for forvaltning av Statens petroleumsfond av 3. oktober 1997. Fondet utgjorde 386,1 milliardar kroner per 31.12.2000.

4.2.2 Resultatrekneskapen for 2000Tabell 4.4: Noregs Banks resultatrekneskap for 1999 og 2000 ¹

Tal i heile tusen kroner	1999	2000
Renteinntekter utland	8 829 373	11 663 079
Avkastning, plassering for Statens petroleumsfond	30 295 484	14 178 454
Rentekostnader utland	759 216	1 796 644
Renteinntekter innland	1 152 319	1 202 149
Rentekostnader innland	32 856 674	18 769 642
<i>Netto renteinntekter utland og innland</i>	6 661 286	6 477 396
Netto kursreguleringar	(9 042 111)	8 095 019
<i>Netto renteinntekter og kursreguleringar</i>	(2 380 825)	14 572 415
Driftsinntekter	408 329	585 111
Driftskostnader	1 142 169	1 435 948
<i>Driftsresultat før tap på utlån</i>	(3 114 665)	13 721 578
Avsetningar og tap på utlån/fordringar	357	(37)
<i>Overskot før ekstraordinære postar</i>	(3 115 022)	13 721 615
Overskot	(3 115 022)	13 721 615
Overføringer:		
Overført frå kursreguleringsfondet	0	0
Overført frå annan eigenkapital	3 371 763	80 197
<i>Til disposisjon</i>	256 741	13 801 812
Avsett til annan eigenkapital	132 593	68 118
Avsett til kursreguleringsfondet	124 148	13 733 694
Avsett til overføringsfondet	0	0
Disponert i alt	256 741	13 801 812

¹ Tal i parentes er negative tal

Noregs Bank hadde i 2000 eit overskot etter kursreguleringar på 13,7 milliardar kroner, mot eit underskot på 3,1 milliardar kroner året før. Dette har samanheng med endringar i prisar på norske og utanlandske verdipapir som medførte ein kursgevinst i 2000 på 2,1 milliardar kroner, mot eit tap i 1999 på 8,2 milliardar kroner. I tillegg har det vore kursgevinst på valuta i 2000 med i alt 6,0 milliardar kroner i 2000, mot eit tap i 1999 på 0,9 milliardar kroner.

Samla renteinntekter for Noregs Bank var for 2000 12,9 milliardar kroner, mot 10,0 milliardar kroner i 1999. Renteinntektene frå innanlandske sektorar var i 2000 på 1,2 milliardar kroner og viste dermed inga endring frå 1999. Renteinntektene frå utanlandske sektorar i 2000 var 11,7 milliardar kroner, mot 8,8 milliardar kroner året før.

Netto driftskostnader for Noregs Bank var i 2000 på 850,8 millionar kroner, mot 733,8 millionar kroner i 1999. Personalkostnadene i 2000 utgjorde 685,6 millionar kroner, mot 513,9 millionar kroner ved utgangen av 1999. Auken kjem i hovudsak av auka omstillingskostnader.

4.2.2.1 Disponering av overskotet i 2000

Retningslinene for avsetjing og disponering av Noregs Banks overskot blei fastsette i kgl.res. 7. februar 1986. Retningslinene er endra fleire gonger, seinast ved kgl.res. 21. desember 2000, og har denne ordlyden:

1. Av Norges Banks overskudd avsettes til kursreguleringsfondet inntil dette har nådd 5 % av bankens fordringer i norske verdipapirer og 25 % av bankens netto valutareserver unntatt immuniseringsporteføljen og de midler som forvaltes for Statens petroleumsfond, andre fordringer på/forpliktelser overfor utlandet og eventuelt andre engasjementer som av Hovedstyret vurderes å ha ikke ubetydelig kursrisiko. Immuniseringsporteføljen svarer til den del av Norges Banks valutareserver som er skilt ut som egen portefølje der avkastning godskrives/belastes staten i samme års regnskap. Det samme gjelder for porteføljen til Statens petroleumsfond. Dersom kursreguleringsfondet er større enn det som følger av forholdstallene nevnt i pkt. 1, første avsnitt, skal det overskytende tilbakeføres til resultatregnskapet.
2. Eventuelt overskudd etter avsetning til, eller tilførsel fra kursreguleringsfondet, avsettes til overføringsfondet.
3. Fra overføringsfondet overføres hvert årsoppgjør til statskassen et beløp svarende til gjennomsnittet av brutto avsetninger til overføringsfondet ved de tre foregående årsoppgjør.
4. Eventuelle underskudd i Norges Banks regnskap dekkes ved overføringer fra kursreguleringsfondet.»

Kursreguleringsfondet blei tilført 13 734 millionar kroner i 2000. Kursreguleringsfondet utgjør etter dette 41 072,9 millionar kroner ved utgangen av året. Kursreguleringsfondet har likevel ikkje nådd storleiken som følgjer av første punkt i retningslinene.

I samsvar med andre punkt i retningslinene blei det ikkje gjort avsetning til overføringsfondet.

I samsvar med tredje punkt i retningslinene blei det overført 10 685,1 millionar kroner til statskassa.

I samsvar med utsegn frå Finansdepartementet blei det overført netto 12 millionar kroner frå annan eigenkapital.

5 Verksemda til Kredittilsynet i 2000

Kredittilsynet er det sentrale offentlege organet som fører tilsyn med at finansinstitusjonane innrettar seg etter dei rettslege rammevilkåra som til ein kvar tid gjeld for finansmarknaden. Mellom anna skal Kredittilsynet sjå til at lover og forskrifter blir følgde.

Kredittilsynet skal, ifølgje kredittilsynslova § 8 andre ledd, kvart år gi Finansdepartementet ei melding om verksemda. I meldinga omtalar Kredittilsynet organisatoriske forhold, rekneskap og generelle spørsmål knytte til tilsynsarbeidet. Vidare blir det gitt ein nærare omtale av arbeidet innanfor dei ulike tilsynsområda.

Etter § 1 i kredittilsynslova har Kredittilsynet tilsyn med finansinstitusjonar, under dette forretnings- og sparebankar, liv- og skadeforsikringsselskap, private, kommunale og fylkeskommunale pensjonskasser og pensjonsfond, finansieringsføretak og forsikringsmeklarar. Etter kredittilsynslova § 1 nr. 13, jf. verdipapirhandelova § 12-1, har Kredittilsynet ansvar for å føre tilsyn med verksemda til verdipapirføretak og oppgjerssentralar, og tilsyn med at reglane i verdipapirhandelova blir følgde. Det same gjeld kontrollen med eigedomsmeklarar etter eigedomsmeklarlova § 2-7, kontrollen med inkassoverksemd etter lov om inkassoverksemd § 24, kontrollen med forvaltning av verdipapirfond etter lov om verdipapirfond § 8-2, jf. kredittilsynslova § 1 nr. 15, tilsynet med revisorar og revisjonsselskap etter kredittilsynslova § 1 nr. 9, tilsynet med sjøtrygdslag, jf. kredittilsynslova § 1 nr. 11 og tilsynet med føretak som driv låneformidling, jf. kredittilsynslova § 1 nr. 7. Kredittilsynet fører tilsyn med rekneskapsførarar etter rekneskapslova § 13. Kredittilsynet fører òg tilsyn med verksemda til filialar av kreditt- og andre finansinstitusjonar frå andre statar, i dei høve slikt tilsyn ikkje blir ført av myndigheitene i heimlandet. Det blir dessutan ført tilsyn med filialar av norske finansinstitusjonar i utlandet.

Kredittilsynet skal etter lova sjå til at dei institusjonane det har tilsyn med, verkar på ein formålstenleg og trygg måte i samsvar med lov og føresegner og med det formålet og dei vedtektene som ligg til grunn for kvar einskild institusjon. For å utføre tilsynsoppgåvene skal Kredittilsynet granske rekneskapar og andre oppgåver frå institusjonane og elles gjere dei undersøkingar som dei ut frå si verksemd som kredittilsyn finn naudsynt, jf. kredittilsynslova § 3.

Kredittilsynet blir leidd av eit styre på fem medlemmer, og er oppnemnd av Kongen for ein periode på fire år, jf. kredittilsynslova § 2 andre ledd. Ein ny periode starta 30. januar 1998.

Styret i Kredittilsynet har i 2000 vore samansett som vist i boks 5.1.

Boks 5.1 Styret i Kredittilsynet i 2000

Professor dr. juris Erling Selvig, leiar

Professor Asbjørn Rødseth, nestleiar

Advokat Eli Aas, styremedlem

Direktør Kolbjørn Almlid, styremedlem

Assisterande direktør Hilde Myrberg, styremedlem

Varamedlemmer:

Direktør Lisbet Hjort (første varamedlem)

Avd. direktør Morten Berg ¹ (andre varamedlem)

Representantar for dei tilsette:

Seniorrådgivar Aud Kogstad

Rådgivar Kjell Engen

¹ Morten Berg gjekk ut av styret frå og med november 2000 då han gjekk over til ny stilling i Nærings- og handelsdepartementet.

Noregs Bank har ein observatør i styret, og avløysande direktør Asbjørn Fidjestøl i Noregs Bank hadde dette vervet fram til 1. juli 2000 då han flytte til utlandet. Frå same tidspunkt blei fagdirektør Henning Strand oppnemnd til observatør. Fagdirektør Trond Eklund er avløysar.

Om administrasjon og personale heiter det i årsmeldinga (s. 54):

«Ved utgangen av 2000 var det 157 fast tilsatte i Kredittilsynet, mot 149 ved utgangen av 1999. Av de fast tilsatte var 52 prosent kvinner.

(...)

Kredittilsynet har generelt sett tilfredsstillende tilgang på gode søkere, spesielt nyutdannede fra universitet og høyskoler. Kredittilsynet legger i tillegg stor vekt på å knytte til seg medarbeidere med god kompetanse og bred erfaring fra bransjene. Når det gjelder tilgangen på søkere med denne bakgrunnen og noen spesielle utdanningsgrupper, blant annet aktuarer og revisorer, er situasjonen noe mindre tilfredsstillende. Ved utgangen av 2000 hadde Kredittilsynet likevel 30 medarbeidere med god erfaring fra bransjene. Andelen tilsatte med høyere utdanning var 81 prosent.»

Dei samla utgiftene til Kredittilsynet var 105,5 millionar kroner, ein auke på 10,6 prosent frå 1999. Utgiftene blir dekte ved innkrevjing frå dei tilsynspliktige. Ein viser til Kredittilsynet si årsmelding for nærare omtale av administrative tilhøve o.a. i Kredittilsynet. Årsmeldinga inneheld òg Kredittilsynet sitt syn på tilhøva i finansmarknaden og verksemdar under tilsyn. Årsmeldinga frå Kredittilsynet følgjer som uttrykt vedlegg til meldinga.

6 Verksemda i Statens Banksikringsfond i 2000

6.1 Det rettslege grunnlaget for Statens Banksikringsfond

Statens Banksikringsfond (SBF) blei skipa ved lov 15. mars 1991 nr. 2 «Om Statens Banksikringsfond». Fondet har til formål å støtte opp om soliditeten i norske bankar gjennom å yte lån på særskilde vilkår (støttelån) til Forretningsbankenes sikringsfond og Sparebankenes sikringsfond. I særlege høve kan fondet òg kjøpe aksjar, grunnfondsbevis eller andre eigenkapitalinstrument i norske bankar og stille eigenkapitalgarantiar overfor norske bankar.

Departementet vil, som varsla i Kredittmeldinga 1999, kome attende med forslag om oppheving av lov om Statens Banksikringsfond.

6.2 Organisasjon og leiing

Statens Banksikringsfond er organisert som eit eige rettssubjekt. Det øvste organet i fondet er eit styre som står for verksemda, og som forvaltar fondsmidlane. Før styret gjer vedtak som er særleg viktige, skal saka skriftleg leggjast fram for Finansdepartementet. Kongen kan i særskilde høve instruere styret i enkeltsaker. Denne retten er delegert til Finansdepartementet. Styret skal ha fått høve til å uttale seg skriftleg før departementet gjer vedtak om å instruere fondet. Departementet skal informere Stortinget om slikt vedtak.

Samansetjinga av styret for 2000 er vist i boks 6.1.

Boks 6.1 Styret i Statens Banksikringsfond i 2000

Professor Einar Hope, leiar
Justitiarius Rakel Surlien, nestleiar
Advokat Kristine Schei, styremedlem

Kredittilsynet og Noregs Bank peikar ut kvar sin representant som tek del i styremøta som rådgivarar. Rådgivarane i 2000 var avdelingsdirektør Sven-Henning Kjelsrud, Kredittilsynet, og direktør Jan F. Qvigstad, Noregs Bank. Noregs Bank tek hand om sekretariatsfunksjonane. Forretningsfører for fondet er kontorsjef Harald Karlsen, som avløyste direktør Jon A. Solheim ved halvårsskiftet 2000. Det er gjort greie for arbeidsforma og saksbehandlinga til fondet i Kredittmeldinga for 1991 og 1992.

Årsmeldinga om verksemda til Statens Banksikringsfond i 2000 blei gitt av styret 20. mars 2001, og følgjer som uttrykt vedlegg til meldinga.

6.3 Rekneskapen for 2000

Statens Banksikringsfond hadde i 2000 eit overskot på 184,1 millionar kroner. Hovuddelen av inntektene var utbyttet på aksjar i Den norske Bank, med 182

millionar kroner. Fondet hadde dessutan renteinntekter på til saman 5 millionar kroner.

Fondet hadde i 2000 kostnader på til saman 2,9 millionar kroner. Forvaltningshonorar til Statens Bankinvesteringsfond og kostnader knytte til eit planlagt aksjesal utgjer hovuddelen av kostnadene. Ved utgangen av 2000 hadde fondet 104 millionar aksjar i DnB som i rekneskapen var verdsette til 1 040 millionar kroner. Marknadsverdien på aksjane var på same tid 4 940 millionar kroner.

Forvaltningskapitalen til fondet var ved utgangen av 2000 på 1 113,5 millionar kroner.

Dei likvide midlane til fondet er, med unntak av inneståande på driftskonto og mindre beløp knytte til fordringar, plasserte som kontolån til staten. Kontolån til staten utgjorde 66,4 millionar kroner ved utgangen av 2000. Fondet førte tilbake til staten 182 millionar kroner i 2000. Denne overføringa er ført direkte mot fondet sin eigenkapital.

6.4 Verksemda i 2000

Verksemda i Statens Banksikringsfond (SBF) har gradvis blitt lågare dei siste åra. Fondet har i 2000 følgd opp Den norske Bank, Kreditkassen (Nordea) og Fokus Bank ved å gå gjennom kvartalsrapportane frå bankane og også arbeidd med forhold knytte til avviklinga av Oslobanken.

7 Verksemda i Statens Bankinvesteringsfond i 2000

7.1 Det rettslege grunnlaget for Statens Bankinvesteringsfond

Statens Bankinvesteringsfond («Bankinvesteringsfondet») blei oppretta ved eiga lov av 29. november 1991 med ein grunnkapital på 4 500 millionar kroner. Statens Bankinvesteringsfond har som formål å stille ansvarleg kapital til rådvelde for norske bankar med utgangspunkt i forretningsmessige vurderingar, men kan i særlege tilfelle tileigne seg aksjar og grunnfondsbevis frå Statens Banksikringsfond, eller overta ansvarlege lån frå Statens Banksikringsfond utan at forretningsmessige vurderingar ligg til grunn for kjøpet.

7.2 Styre og administrasjon i Statens Bankinvesteringsfond

Statens Bankinvesteringsfond er eit eige rettssubjekt. Fondet har eit eige styre og ein administrerande direktør. Før styret gjer vedtak om bruk av midlar eller avhending av aktiva, skal saka leggjast fram for Finansdepartementet skriftleg. Finansdepartementet kan i særlege tilfelle instruere styret i enkelt saker. Styret skal ha løyve til å uttale seg før Finansdepartementet gjer slike vedtak. Samansetjinga av styret i 2000 er vist i boks 7.1.

Boks 7.1 Styret i Statens Bankinvesteringsfond i 2000

Advokat Erik Keiserud, leiar
Professor Hermod Skånland, nestleiar
Viseadministrerande direktør Anita Roarsen, medlem
Ordførar Elisabeth Nilsen, medlem
Advokat Endre Skjørestad, medlem

Ordførar Elisabeth Nilsen blei oppnemnd som ny styremedlem 14. juni 2000 etter likestillingsombod Anne Lise Ryel, som gjekk inn i stilling som statssekretær. Advokat Endre Skjørestad blei oppnemnd som ny styremedlem 16. juni 2000 etter sjeføkonom Stein Reegård, som slutta etter eige ønske.

Administrasjonen bestod i 2000 av tre personar. Siviløkonom Jan W. Hopland er administrerande direktør i fondet. I tillegg bruker fondet både utanlandske og norske rådgivarar for nærare definerte utgreiings- og rådgivingssoppgåver.

Årsmeldinga for arbeidet i Statens Bankinvesteringsfond i 2000 blei lagd fram av styret 15. februar 2000.

7.3 Rekneskap og balanse i 2000

Rekneskapen for 2000 viser eit årsresultat på 9 187,4 millionar kroner mot 2 776,0 millionar kroner i 1999. Forskjellen mellom dei to periodane kjem hov-

udsakleg av gevinsten ved salet av 191 millionar aksjar i Kreditkassen til MeritaNordbanken i desember 2000. I samsvar med forvaltningsavtalen mellom Bankinvesteringsfondet og Banksikringsfondet, datert 12. januar 1995, har Bankinvesteringsfondet inntektsført 1,3 millionar kroner i forretningsførarhonorar i 2000. Sum renter av bankinnskot og kontolån er svakt redusert samanlikna med 1999 som følgje av ei noko lågare gjennomsnittsbehaldning av likvide midlar. Derimot hadde fondet ei eingongsinntekt på 140,4 millionar kroner, svarande til tillagde renter i samband med salet av aksjar i Kreditkassen.

Bankinvesteringsfondet har ikkje gitt tilsegn om deltaking i ny ansvarleg kapital i 2000.

Ved fusjonen mellom DnB og Postbanken mottok staten ved Finansdepartementet 138 157 895 aksjar, pålydande 10 kroner, i DnB. I desember 1999 vedtok Stortinget å overføre desse aksjane til Bankinvesteringsfondet, og vidare blei det vedteke at grunnkapitalen i Bankinvesteringsfondet skulle aukast tilsvarende marknadsverdien av aksjane på transaksjonstidspunktet. I slutten av januar 2000 overtok Bankinvesteringsfondet 138 157 895 aksjar til kurs 30,10 kroner per aksje, svarande til ein kapitalauke på 4 158 552 639,50 kroner. Bankinvesteringsfondet har etter dette 368 157 895 aksjar i DnB Holding ASA.

I desember 2000 selde Bankinvesteringsfondet heile behaldninga si på 191 millionar aksjar i Kreditkassen til kurs 49,00 kroner per aksje, svarande til ein brutto salsverdi på 9 359,0 millionar kroner. Bankinvesteringsfondet hadde ein rekneskapsmessig gevinst på ca. 7 750 millionar kroner.

Andre driftskostnader inkludert løn auka samanlikna med 1999. Det kjem hovudsakleg av at det blei brukt meir konsulentar i samband med vurdering av ulike strukturalternativ for DnB og Kreditkassen i perioden fram til juli 2000.

Marknadsverdien for Bankinvesteringsfondet si behaldning av aksjar i DnB utgjorde 17 524,3 millionar kroner per 31. desember 2000, noko som svarar til ein meirverdi på om lag 10 457,4 millionar kroner samanlikna med bokført verdi på same tidspunkt.

Heile årsoverskotet på 9 187 435 247 kroner er sett av som utbytte til staten.

Resultatet for porteføljen til Banksikringsfondet utgjer 183 millionar kroner, mot 140,4 millionar i 1999. Meirverdien i porteføljen utgjorde 3 910,4 millionar kroner per 31. desember 2000, mot 2 381,6 millionar ved førre årsskifte.

Verdipapirporteføljen som Bankinvesteringsfondet totalt forvaltar, hadde i 2000 eit samla nettoresultat på 9 370,4 millionar kroner etter frådrag av kostnader, mot 2 916,4 millionar året før.

Samla marknadsverdi for porteføljen Bankinvesteringsfondet forvaltar, utgjorde 22 474,7 millionar kroner per 31. desember 2000 etter sal av aksjar for 9,3 milliardar kroner, mot ein marknadsverdi på totalt 18 533 millionar kroner ved førre årsskifte. Total meirverdi i heile porteføljen utgjorde 14 367,8 millionar kroner ved årsskiftet, mot 12 986 millionar kroner ved utgangen av 1999.

Bankinvesteringsfondet har rekna ut kor stor avkastning staten har hatt på sitt engasjement i Bankinvesteringsfondet. Basert på realiserte kontantstraumar sidan etableringa i 1991, i tillegg til marknadsverdien på Bankinvesteringsfondet sine aksjar i DnB per 31. desember 2000, har staten oppnådd ei årleg avkastning (internrente) på ca. 24 prosent.

7.4 Verdiutvikling for aksjeporteføljen som Statens Bankinvesteringsfond forvalta i 2000

Oslo Børs Totalindeks hadde i 2000 ein nedgang på 1,7 prosent, som var ein mindre nedgang enn dei fleste andre aksjemarknader i verda. Norske finansaksjar hadde ei svært positiv kursutvikling i 2000, illustrert ved ein oppgang i Oslo Børs Finansindeks på 27,9 prosent. Den sterke kursoppgangen kom mellom anna av det auka bodet frå MeritaNordbanken på Kreditkassen, ei markant oppjustering av forventningane til innteninga og kursmåla for DnB i marknaden og stor interesse for finansaksjar generelt i eit elles uroleg børsår.

DnB-aksjen slutta i 2000 på kurs 47,60 kroner. Medrekna utbetalt utbytte på 1,75 kroner gav DnB såleis ei avkastning for året på 49,7 prosent. Tilsvarende var den samla avkastninga på Kreditkassen-aksjen 32,6 prosent. Det blei i 2000 omsett aksjar i DnB og Kreditkassen på Oslo Børs til ein verdi av høvesvis 11,9 og 43,9 milliardar kroner.

Ved utgangen av 2000 hadde Bankinvesteringsfondet ein eigardel i DnB med ein marknadsverdi på 17 488 millionar kroner. I tillegg til dette forvalta Bankinvesteringsfondet ein portefølje av aksjar i DnB for Statens Bank-sikringsfond med ein marknadsverdi på 4 940 millionar kroner. Samla marknadsverdi av porteføljen Bankinvesteringsfondet forvalta per 31.12.00, var på 22 474,7 millionar kroner, jf. tabell 7.1.

Tabell 7.1: Eigardel og marknadsverdi i dei ulike bankane ved utgangen av 1999 og 2000

	31.12.00		31.12.99	
(Beløp i mill. kroner)	Eigardel	Marknadsverdi	Eigardel	Marknadsverdi
DnB ¹	60,6 %	22 474,7	42,9 %	10 988,6
Kreditkassen	0,0 %		34,6 %	7 544,5
Sum		22 474,7		18 756,1

¹ Eigardelen i Postbanken blei overført til Statens Bankinvesteringsfond 31. januar 2000

Kilde: Kjelde: Statens Bankinvesteringsfond

7.5 Sal av aksjar i Kreditkassen

20. september 1999 sette MeritaNordbanken Plc (MeritaNordbanken) fram eit kontantbod på alle aksjar i Kreditkassen på kroner 44 per aksje. Tilbodspe-rioden var i utgangspunktet 28. september til 29. oktober 1999, men blei sein-are utvida fleire gonger.

I brev 20. juni frå Finansdepartementet til Statens Bankinvesteringsfond (SBIF) bad departementet SBIF om å førebu eit sal av statens aksjar i Kreditkassen.

På dette grunnlaget gjekk Bankinvesteringsfondet straks i gang med å førebu aksjesalet gjennom ein bodprosess. Bankinvesteringsfondet kunng-jorde at ein tok sikte på å gjennomføre bodprosessen innan utgangen av sep-tember 2000. SSSB og Fondsfinans blei engasjerte som rådgivarar og tilret-teleggjarar for salet.

I samarbeid med rådgivarane tok Bankinvesteringsfondet kontakt med ei rekkje potensielle interessentar med tanke på å avklare interessa for Kredit-

kassen. Fleire av desse institusjonane blei seinare inviterte til å delta i ein strukturert og konfidensiell bodprosess. Basert på innleiande indikasjonar av interesse - inkludert både pris og andre kriterium - fekk så ei «short-list» av interessentar høve til å gjennomføre ein «due diligence» av Kreditkassen.

Den 22. august 2000 mottok Bankinvesteringsfondet eit brev frå Finansdepartementet der «Departementet ber om at foreleggelse av saken først skjer etter at statsbudsjettet er lagt fram. På denne måten vil det ikke kunne stilles spørsmål om staten har noen annen informasjon enn andre aktører i markedet.».

Informasjonen det blir vist til, gjaldt arbeid med forslag om skatte- og avgiftsforhold i statsbudsjettet, som kunne tenkjast å påverke aksjeverdier. Brevet frå Finansdepartementet må også sjåast på bakgrunn av at det nokre dagar tidlegare var blitt kjent at statens sal av aksjar i Telenor ASA - av same årsak - var blitt utsett til etter framlegginga av statsbudsjettet. På bakgrunn av brevet frå Finansdepartementet kunngjorde Bankinvesteringsfondet i ei pressemelding at ein tok sikte på å gjennomføre salet av aksjar i Kreditkassen innan utgangen av oktober, jf. også Kredittmeldinga 1999.

I siste fasen av bodprosessen blei dei interessentane som var att, inviterte til å setje fram bindande kontantbod på aksjane i Kreditkassen. Kandidatane blei i tillegg til prisen bedne om å gjere greie for andre vesentlege kriterium for si interesse for Kreditkassen, så som finansiering, rentekompensasjon, modell for organisering og integrasjon av verksemda i Kreditkassen og eventuelle andre atterhald ved bodet.

I prosessen blei partane informerte om høgste bod, og fekk høve til å by over. Denne prosedyren blei følgd fram til berre eitt bod stod att, som det høgste. Bodprosessen enda med at MeritaNordbanken baud kroner 49 kontant for alle aksjane i Kreditkassen, eit bod ingen andre interessentar ville møte eller overgå. MeritaNordbanken auka dessutan satsen for rentekompensasjon i forhold til det opphavlege bodet.

Bodet på kroner 49 blei sett fram av MeritaNordbanken om kvelden den 13. oktober 2000. Det blei godkjent av styret i Bankinvesteringsfondet den 14. oktober og lagt fram for Finansdepartementet same dagen. Finansdepartementet hadde ikkje innvendingar og Bankinvesteringsfondet og MeritaNordbanken gjorde den endelege avtalen 15. oktober 2001. Den 16. oktober blei avtalen kunngjort, og det blei halde pressekonferanse i Oslo. Same dagen sa styret i Kreditkassen seg positive til det nye bodet frå MeritaNordbanken og rådde til at aksjonærane aksepterte.

MeritaNordbanken sette fram eit likelydande bod til alle aksjonærar i Kreditkassen. Teknisk sett blei dette gjort gjennom ei forlenging og justering av det bodet banken framleis hadde ståande på Kreditkassen - inkludert at bodprisen blei justert frå kroner 44 til kroner 49.

Bodet på kroner 49 verdsette Kreditkassen til kroner 27 017 millionar. Av dette stod Bankinvesteringsfondet sin aksjepost på 34,6 prosent for 9 359 millionar. I høve til det uteståande bodet frå MeritaNordbanken på kroner 44 representerte det nye bodet ein meirverdi på Kreditkassen på kroner 2 757 millionar. Meirverdien på dei statlege aksjane (før kostnader og rentekompensasjon) utgjorde 955 millionar kroner. Bankinvesteringsfondet hadde ein rekneskapsmessig gevinst på aksjeposten på ca. kroner 7 750 millionar.

Det nye bodet frå MeritaNordbanken blei godt motteke. Etter at akseptperioden gjekk ut 3. november, hadde banken fått aksept frå 98,7 prosent av aksjane i Kreditkassen (inkludert 10 prosent aksjar i eiga eige).

Den 18. desember gav Finansdepartementet MeritaNordbanken tilsegn om konsesjon for oppkjøp av Kreditkassen. Det viktigaste vilkåret departementet stilte for konsesjonen, var at Kreditkassen framleis skulle vere eit norsk finanskonsern under norsk tilsyn, og at omdanning til utanlandsk filial ikkje kunne skje utan godkjenning frå Finansdepartementet.

Med konsesjonstildelinga fall alle MeritaNordbankens atterhald ved oppkjøpet bort, og aksjonærar som hadde akseptert bodet frå banken, fekk fullt oppgjær den 28. desember 2000.

7.6 Sal av aksjar i Den norske Bank

I 1997 vedtok Stortinget at den statlege aksjeeiga i DnB og Kreditkassen skulle reduserast til ein tredel. Det blei sagt at aksjesala burde gjennomførast i 1998, med mindre særlege forretningsmessige tilhøve eller marknadstilhøva skulle tilseie seinare sal.

I mars 1998 melde Bankinvesteringsfondet såleis frå om at det var utnemnd rådgivarar for det planlagde samla nedsalet av aksjar i DnB. På grunnlag av utviklinga i aksjemarknadene planla Bankinvesteringsfondet å gjennomføre eit nedsal av aksjane i DnB i løpet av mai/juni 1998.

Vedtaket i styret og representantskapet i DnB 6. mai 1998 om at Finn A. Hvistendahl skulle gå av som konsernsjef og Svein Aaser tilsetjast som ny konsernsjef, medførte at salssyndikatet rådde Bankinvesteringsfondet til å utsetje salet av aksjar i DnB. Det internasjonale kursfallet på ettersommaren 1998 gjorde det naturleg å vente med eit nedsal til 1999, eller til forretnings- og marknadstilhøva låg betre til rette.

I mars 1999 innleidde DnB fusjonsforhandlingar med Postbanken, og fusjonen blei gjennomført 1. desember 1999. Bankinvesteringsfondet fann det ikkje naturleg å gjennomføre eit nedsal før fusjonsprosessen med Postbanken var avslutta.

Mandatet til å redusere den statlege eiga i DnB ned mot ein tredel blei stadfesta av Stortinget og regjeringa både i samband med fusjonen mellom DnB og Postbanken og i samband dei vurderingane som blei gjorde ved salet av aksjar i Kreditkassen til MeritaNordbanken, jamfør mellom anna St.meld. nr. 38 (1999-2000) «Om statens eierskap i Kreditkassen».

Etter at Bankinvesteringsfondet avtala sal av sine aksjar i Kreditkassen til MeritaNordbanken i oktober 2000, starta ein derfor arbeidet med å etablere eit nytt syndikat for sal av DnB-aksjar. I desember 2000 heldt Bankinvesteringsfondet møte med ei rekkje norske og internasjonale meklarhus som grunnlag for å etablere syndikatet. Den 18. januar 2001 kunngjorde Bankinvesteringsfondet at ein hadde utpeika Merrill Lynch International til å leie det globale syndikatet for nedsal av aksjar i DnB, medan DnB Markets hadde fått oppdraget med å leie det offentlege salet til publikum i Noreg. Med i det institusjonelle syndikatet var, i tillegg til Merrill Lynch, ABN Amro Alfred Berg, Carnegie, DnB Markets, ABG Securities og Fondsfinans, medan Christiania

Markets, Karl Johan Fonds og Terra Fonds utfylte DnB Markets i den offentlege transjen.

Førebuingane til transaksjonen starta straks etter at tilretteleggjarane var utpeika, mellom anna i form av «due diligence», utarbeiding av prospekt, presentasjonar for syndikatet, utarbeiding av analysar og utforming av marknadsføringskampanje. Før sjølv teikningsperioden heldt representantar for institusjonssyndikatet ei lang rekkje møte med investorar i Noreg, Europa og Nord-Amerika.

Den 12. mars offentleggjorde Bankinvesteringsfondet at ein skulle selje inntil 104 millionar aksjar i DnB, tilsvarende 13 prosent av uteståande aksjar i banken, på vegner av Statens Banksikringsfond. Teikningsperioden var 19.-30. mars, og teikninga stansa samtidig i alle geografiske regionar. På desse to vekene gjennomførte to arbeidsgrupper, med representantar for bankleiinga, Bankinvesteringsfondet og syndikatet, møte med til saman 130 institusjonelle investorar i Noreg, Europa og USA. I tillegg heldt medlemmene av den offentlege transjen presentasjonsmøte ei rekkje stader i Noreg.

Aksjesalet blei gjennomført i ein relativt vanskeleg aksjemarknad. Dei fleste større børsane utvikla seg negativt i første kvartal 2001, mellom anna som følgje av uvisse omkring den økonomiske veksten på verdsbasis, svake selskapsresultat og nedjusterte resultatforventningar, spesielt i teknologisektoren. Etterspurnaden etter DnB-aksjar i spreingssalet via Bankinvesteringsfondet blei likevel svært solid. Transaksjonen blei teikna 2,5 gonger, og kvaliteten på investorane som teikna aksjar, var svært god. Interessa var størst blant investorar i Storbritannia og USA, som kvar for seg teikna 40 prosent og 34 prosent av etterspørselen, medan norske investorar teikna 16 prosent. Det offentlege aksjesalet til publikum bar preg av uvisse i kapitalmarknadene. Her melde det seg snautt 7000 interessantar som etterspurde 14 millionar aksjar.

Salskursen i transaksjonen blei sett til kroner 41,50, som var ti øre høgare enn siste omsetningskurs siste teikningsdag 30. mars 2001. Dette verdsette salet til 4,3 milliardar kroner, som er det nest største spreingssalet av aksjar i Noreg nokon gong, etter delprivatiseringa av Telenor ASA i 2000.

I tråd med retningslinjer som gjekk fram av prospektet, og med praksis i tidlegare transaksjonar Bankinvesteringsfondet hadde gjennomført, blei private investorar tilgodesedde ved tildelinga av aksjar. Såleis fekk alle teiknarar i den offentlege transjen full tildeling for bestillingar inntil 10 000 aksjar. I alt blei 9 prosent av salet tildelt den offentlege transjen, medan institusjonelle investorar blei tildelte 91 prosent av dei 104 millionar aksjane som blei selde. Fordelinga blant private investorar, norske institusjonar og utanlandske institusjonar er vist i tabell 7.2.

Tabell 7.2: Tildeling av DnB-aksjar fordelt på private investorar og norske og utanlandske institusjonar

	Etterspørsel	Tildelt	Prosentdel
Private investorar	14	9	9 %
Norske institusjonar	39	11	10 %
Utanlandske institusjonar	205	84	81 %
Totalt	258	104	100 %

Kilde: Kjelde: Statens Bankinvesteringsfond

Fordelt på land fekk investorar i Storbritannia og USA tildelt høvesvis 41 prosent og 31 prosent av aksjane, i tråd med høg etterspørsel frå desse landa. Samansetjinga av investorar fordelt på land er vist i tabell 7.3.

Tabell 7.3: DnB-aksjar fordelte på nasjonaliteten til investorane

Tildeling per land	Prosentdel
Storbritannia	41 %
USA	31 %
Noreg	19 %
Sveits	5 %
Andre	4 %
Sum	100 %

Kilde: Kjelde: Statens Bankinvesteringsfond

I første månaden etter salet viste DnB-aksjen ei stabil utvikling justert for vedteke utbytte, med høg dagleg omsetning i aksjen. Både den gode etterspørselen i samband med salet, prissetjinga i overkant av siste omsetningsskurs i teikningsperioden og reaksjonane i etterhand tilseier at transaksjonen blei godt motteken, og at gjennomføringa av salet kan kallast vellukka.

8 Verksemda til Folketrygdfondet i 2000

8.1 Innleiing

Stortinget fastsette 20. juni 1997 eit nytt regelverk for administrasjon av Folketrygdfondet og for forvaltning av midlane, revisjon o.a. i medhald av § 23 - 11 fjerde ledd i lov av 28. februar 1997 nr. 19 «Om folketrygd». Det nye regelverket erstatta det regelverket som var fastsett av Stortinget 15. februar 1990 med seinare endringar, siste gongen 21. juni 1996. Ein erstatta det gamle regelverket av formelle grunnar, mellom anna på grunn av at lova om folketrygd var blitt endra. Etter reglane skal styret for fondet sende årsmelding og rekneskap til Finansdepartementet, som på si side skal leggje fram melding for Stortinget. Årsmeldinga og rekneskapen for 2000 blei sende til departementet i brev av 2. april 2001, og følgjer som uttrykt vedlegg til denne meldinga.

8.2 Styre og administrasjon

I samsvar med regelverket for Folketrygdfondet forvaltar eit styre med ni medlemmer midlane til fondet. For kvar medlem skal det oppnemnast ein varamedlem. Samansetjinga av styret i 2000 er vist i boks 8.1.

Boks 8.1 Styret i Folketrygdfondet i 2000

Björg Ven, Oslo, leiar
varamedlem: Inger-Johanne Lund, Oslo
Per Gunnar Olsen, Oslo, nestleiar
varamedlem: Kjell Samuelson, Borgenhaugen
Stein Blindheim, Molde
varamedlem: Linda Orvedal, Flåm
Anne Breiby, Ålesund
varamedlem: Ernst Wroldsen, Tønsberg
Tove Lehre, Lillehammer
varamedlem: Ingvild Strømsheim Wold, Oslo
Per Arne Olsen, Tønsberg
varamedlem: Terje Søviknes, Lysekloster
Anna Kristine Jahr Røine, Fetsund
varamedlem: Ola Prestegarden, Tretten
Oddvar Skaiaa, Grimstad
varamedlem: Liv Skåheim, Førde
Harald Ellefsen, Trondheim
varamedlem: Anne Berit Andersen, Søgne

Styremedlemmene og varamedlemmene blir oppnemnde av Kongen for fire år. Medlemmene Ven, P.G. Olsen, Blindheim, Skaiaa og Ellefsen med var-

amedlemmer er oppnemnde for perioden fram til 15. mai 2002, og dei andre medlemmene og varamedlemmene for perioden fram til 1. juli 2004. Johanna Myklebust var personleg varamedlem for Oddvar Skaiaa fram til 27. oktober 2000 då ho på eige initiativ gjekk av som varamedlem. Ho blei avløyst av Liv Skåheim. Varamedlem Wold gjekk på eige initiativ av og blei avløyst av Roger Schjerva frå 27. april 2001.

Administrasjonen i Folketrygdfondet har gradvis blitt styrkt dei siste åra ved at det er tilsett fleire medarbeidarar. Ved utgangen av 2000 hadde fondet 22 tilsette. Dei samla administrasjons- og forvaltningskostnadene til fondet, medrekna husleige, løn, styrehonorar o.a., utgjorde 26,1 millionar kroner i 2000. Dette var 2 millionar kroner, eller vel 8 prosent meir enn i 1999. Auken kom i hovudsak av auka personalkostnader.

Finansdepartementet ser positivt på at Folketrygdfondet har styrkt mellom anna risikoovervakinga og systema for risikostyring. Departementet legg til grunn at Folketrygdfondet, med den opprustinga som fondet har gjort fram til no, er kome langt i dette arbeidet, og at kostnadsauken i tida framover ikkje blir så stor som han har vore dei siste åra. Departementet legg i denne samanhengen også til grunn at talet på tilsette ikkje skal stige vesentleg i tida framover.

8.3 Reglar for plasseringsverksemda

Styret for Folketrygdfondet har ansvaret for forvaltninga av midlane til fondet innanfor dei retningslinene som Stortinget har fastsett, og eventuelle nærare retningslinjer som er gitt av Kongen i medhald av § 9 i regelverket til fondet.

§ 5 i regelverket for Folketrygdfondet lyder som følgjer:

«Styret har ansvaret for at fondets midler anbringes med sikte på best mulig avkastning under hensyntaken til betryggende sikkerhet og den nødvendige likviditet. Styret skal påse at det er etablert et betryggende risikostyringssystem for fondets forvaltning.

Fondets midler kan plasseres i norske ihendehaverobligasjoner og sertifikater, som kontolån til statskassen og som innskudd i Postbanken og forretnings- og sparebanker. Innenfor en ramme på 20 pst. av forvaltningskapitalen kan fondets midler plasseres i aksjer noterte på norsk børs eller på børs i Danmark, Finland eller Sverige, og, etter godkjenning fra Finansdepartementet, aksjer i norske selskaper ellers hvor aksjene er gjenstand for regelmessig og organisert omsetning, børsnoterte grunnfondsbevis i norske sparebanker, kredittforeninger og gjensidige forsikringsselskaper, og børsnoterte konvertible obligasjoner og børsnoterte obligasjoner med kjøpsrett til aksjer i norske selskaper. Plassering på aksjer notert på børs i Danmark, Finland eller Sverige må samlet ikke overstige 5 pst. av Folketrygdfondets ramme for aksjeplasseringer. Fondet kan delta i emisjoner i ikke-børsnoterte aksjer i norske selskaper umiddelbart før børsintroduksjon, dersom det er klargjort på emisjonstidspunktet at de aktuelle aksjene vil bli børsnotert kort tid etter emisjonen.

Annet ledd er ikke til hinder for at Folketrygdfondet kan beholde aksjer i norsk selskap som i forbindelse med oppkjøp, fusjon e.l. endrer status til å bli utenlandsk selskap.

Fondet kan videre, innenfor den samlede rammen på 20 pst. av fondskapitalen, gå inn med egenkapitalinnskudd i form av ikke-

børsnoterte papirer, i tilfelle hvor fondet står i fare for å lide betydelige tap på plasseringer i obligasjoner. Dette må i så fall være ledd i en koordinert aksjon, hvor en dominerende gruppe av kreditorene deltar, og hvor siktemålet for fondet alene er å trygge fondets egne interesser.

Folketrygdfondet kan eie andeler for inntil 15 pst. av total aksjekapital eller grunnfondsbeviskapital i ett enkelt selskap i Norge. Folketrygdfondet kan eie andeler for inntil 0,5 pst. av total aksjekapital i ett enkelt selskap i Danmark, Finland og Sverige. Styret kan ta opp kort-siktige lån dersom dette finnes hensiktsmessig.

Folketrygdfondet kan, etter nærmere retningslinjer fastsatt av Finansdepartementet, inngå salgs- og gjenkjøpsavtaler knyttet til egenkapitalinstrumenter og rentebærende instrumenter der erververen av instrumentene etter avtalen har plikt til å tilbakeføre disse til selger.»

Stortingsvedtaket om at styret skal sjå til at det er etablert eit forsvarleg risikostyringssystem for forvaltninga av fondet, jf. første ledd i § 5, blei gjort i samband med RNB 2000. Styret i fondet fastsette i desember 2000 risikorammer for den norske aksjeporteføljen, for renteporteføljen for fondet og for totalporteføljen for fondet for 2001. I samband med NB 2001 vedtok Stortinget å endre reglementet slik at fondet også kan investerast i aksjar som er noterte på børsane i Danmark, Sverige eller Finland. Styret i Folketrygdfondet har fastsett ein referanseindeks som utgangspunkt for referanseporteføljen for aksjeinvesteringane i Danmark, Finland og Sverige. Risikoramma for investeringar i dei andre nordiske landa er sett til 1,5 prosent forventa relativ volatilitet.

Heimelen i § 9 i reglementet til å gi nærare retningslinjer om forvaltninga blei delegert til Finansdepartementet ved kongeleg resolusjon 17. januar 1992. Slike retningslinjer er av generell karakter, til dømes ved at ein fastset kvantitative rammer for verksemda.

Finansdepartementet fastset, med heimel i § 9 i retningslinjene, kvart år ramma for kor mykje Folketrygdfondet kan auke investeringane i private og kommunale obligasjonar og sertifikat (utan statsgaranti), bankinnskot og aksjar. Folketrygdfondet kan foreslå ei ramme. I brev av 12. januar 2000 til departementet foreslår fondet ein auke av ramma for private og kommunale plasseringar på 3,5 milliardar kroner i 2000. Finansdepartementet fastsette i brev av 7. februar 2000 ei ramme for private og kommunale plasseringar på 1,5 milliardar kroner for 2000. Dette er same auke som for 1999. Annan plasseringsauke skal skje i statsgaranterte papir eller som kontolån til statskassa. Når Folketrygdfondet plasserer avkastninga si i statlege verdipapir, er fondet med på å dekkje dei låna som staten har bruk for. Folketrygdfondet kan jamvel utan nokon auke i behaldninga av private og kommunale papir auke netto-plasseringane sine i aksjemarknaden opp til grensa som Stortinget har vedteke på 20 prosent av forvaltningskapitalen. Dette kan gjerast ved å plassere om eksisterande bankinnskot og private og kommunale obligasjonar.

Folketrygdfondet kan plassere fritt i første- og andrehandsmarknaden for norske statsobligasjonar, statssertifikat og statsgaranterte papir innanfor ein samla portefølje på inntil 5 milliardar kroner. Reglane for plasseringane i statspapir blei fastsette i brev frå Finansdepartementet 15. desember 1992. Dei andre plasseringane i denne gruppa skal som hovudregel vere kontolån til staten med vilkår knytte til underliggjande statslån. Etter kvart som den eksisterande porteføljen av stats- og statsgaranterte papir forfell, må den delen som overstig 5 milliardar kroner, såleis replasserast som kontolån.

8.4 Folketrygdfondet sin balanse i 2000

Stats- og statsgaranterte obligasjonar og sertifikat (medrekna kontolån til statsskassa knytte til underliggjande statslån) er hovudplasseringsforma til Folketrygdfondet. Ved utgangen av 2000 var 78,7 milliardar kroner plasserte i denne kategorien (rekna til kostpris). Dette svara til 65,5 prosent av dei samla plasseringane til fondet. Tilsvarande tal ved utgangen av 1999 var 71,9 milliardar kroner, dvs. 64 prosent av dei samla plasseringane.

Fondet sine samla plasseringar i private og kommunale obligasjonar og sertifikat utgjorde om lag 25,5 milliardar kroner ved utgangen av 2000, mot 25,7 milliardar kroner ved utgangen av 1999. Dette svara til 21,3 og 23 prosent av dei samla plasseringane. Bankinnskota var på 588 millionar kroner ved det siste årsskiftet. Marknadsverdien av dei samla plasseringane i renteberande papir utgjorde 103,5 milliardar kroner per 31. desember 2000. Fondet hadde eit urealisert kurstap på desse papira på 1,3 milliardar kroner.

Folketrygdfondet har frå juni 1991 hatt høve til å plassere i eigenkapitalinstrument i form av børsnoterte aksjar, grunnfondsbevis og konvertible obligasjonar, jamfør St.prp. nr. 69 (1990-91) og Innst. S. nr. 228 (1990-91). Den øvre ramma for plasseringar i aksjar blei utvida frå 15 til 20 prosent av forvaltningskapitalen til fondet ved Stortinget sitt vedtak 28. oktober 1994. Øvre grense for eigenkapitalplasseringar var ved utgangen av 2000 på 24,8 milliardar kroner. Utrekninga er gjort på grunnlag av fondskapitalen rekna til kostpris medrekna opptente, ikkje utbetalte renter. Eigenkapitalplasseringane til fondet var på same tid på i alt 15,3 milliardar kroner (kostpris) fordelt på 61 ulike selskap. Av dette utgjorde plasseringar i grunnfondsbevis knapt 291 millionar kroner (kostpris). Eigenkapitalplasseringane svara til 12,3 prosent av dei samla plasseringane til fondet (rekna til kostpris). Plasseringane i eigenkapitalinstrument auka med 1,6 milliardar kroner (rekna til kostpris) frå utgangen av 1999 til utgangen av 2000.

Marknadsverdien av dei samla eigenkapitalplasseringane til fondet i form av aksjar, grunnfondsbevis og konvertible obligasjonar var ved utgangen av 2000 på 21 milliardar kroner. Fondet hadde såleis ein urealisert kursgevinst på slike verdipapir på 5,8 milliardar kroner. Folketrygdfondet sine samla netto urealiserte kursgevinstar og opptente, ikkje utbetalte renter utgjorde 7,9 milliardar kroner ved utgangen av 2000.

8.5 Resultatet til Folketrygdfondet

Resultatet til Folketrygdfondet (medrekna urealiserte vinstar) var i 2000 på 7 808 millionar kroner. Dette svara til ein avkastningsrate på 6,5 prosent. Tilsvarande avkastning i 1999 var på 8,4 prosent. Avkastninga på plasseringane til fondet i renteinstrument (obligasjonar, sertifikat og bankinnskot) var i 2000 på 6,3 prosent, medan avkastninga på aksjar var på 7,0 prosent.

Aksjeavkastninga var 8,7 prosentpoeng høgare enn avkastninga til totalindeksen på Oslo Børs. Den viktigaste grunnen til meiravkastninga var at fondet har vore undervekta i IT-sektoren, som opplevde ein sterk kursnedgang siste år, og at kursutviklinga har vore relativt god i selskap som fondet har vore overvekta i.

Folketrygdfondet hadde i perioden 1995-2000 ei gjennomsnittleg årleg avkastning på eigenkapitalplasseringane på 12,8 prosent, dvs. 0,2 prosentpoeng høgare enn gjennomsnittet for børsindeksen.

Samla renteinntekter i 2000 var 6 892 millionar kroner, medan motteke aksjeutbytte var på 456 millionar kroner. Fondet hadde gjennom året ein reduksjon i urealiserte verdipapirgevinstar på aksjar og obligasjonar på 829 millionar kroner. Reduksjonen i urealiserte gevinstar var delt i minus 579 mill. kroner for aksjar og minus 250 mill. kroner for dei resterande verdipapira.

Aksjeporteføljen til Folketrygdfondet hadde ein relativ volatilitet på 5,2 prosent, i forhold til totalindeksen på Oslo Børs, i perioden 1995-2000.

9 Om verksemda til Det internasjonale valutafondet (IMF)

9.1 Innleiing og hovudpunkt

Det internasjonale valutafondet (International Monetary Fund, forkorta IMF) har 183 medlemsland og er ein sentral aktør i det internasjonale økonomiske samarbeidet. Organisasjonen har eit hovudansvar for å fremme stabiliteten i det internasjonale monetære systemet og er eit forum for internasjonalt samarbeid om penge- og valutapolitiske spørsmål. Dei omfattande oppgåvene gir IMF ei stor kontaktflate mot andre internasjonale organisasjonar i tillegg til direkte kontakt med medlemslanda.

Fram til 1997 la Finansdepartementet annakvart år fram ei eiga stortingsmelding om aktivitetane til IMF. I meldingane orienterte departementet mellom anna om sakene som hadde blitt behandla eller var til behandling i IMF. Det blei òg greidd ut om haldningane til dei nordiske og baltiske landa (som har ein felles valkrins) og kva for syn Noreg hadde hatt i dei viktigaste sakene. I St.prp. nr. 56 (1997-98) «Om samtykke til endring i IMF's statutter om spesielle trekkrettigheter og om samtykke til økning av medlemslandenes kvoter» gjorde Finansdepartementet framlegg om å avvikle ordninga med ei eiga stortingsmelding om IMF annakvart år. I staden ville ein orientere Stortinget om viktige IMF-saker i andre stortingsmeldingar og stortingsproposisjonar frå Finansdepartementet. Heile finanskomiteen slutta seg til framlegget.

I tillegg til at Stortinget i St.prp. nr. 56 blei bedd om å samtykkje til endring i statuttane til IMF om spesielle trekkrettar og kvoteauke, blei det orientert om andre aktuelle IMF-saker. Ein la òg fram ein stortingsproposisjon i november 1998 om fullmakt til å gi statsgaranti for ein garanti gitt av Noregs Bank for Den internasjonale oppgjersbanken (BIS) sitt lån til Brasil i samband med eit tilpassingsprogram frå IMF.

Sidan det dei siste åra har skjedd mykje både i IMF og med tilhøvet mellom IMF og samfunnet elles, varsla dåverande finansminister Schjøtt-Pedersen våren 2001 at regjeringa ville rapportere om utviklinga i løpet av året. Røynslene frå Asia-krise førte til ein brei diskusjon om oppgåvene og funksjonane til IMF og den finansielle arkitekturen, som det er naturleg å orientere om. Samstundes har interessa for organisasjonen auka merkbar i den siste tida. Som fleire andre internasjonale organisasjonar, er IMF blitt meir open overfor omverda når det gjeld dei sakene organisasjonen arbeider med. Store demonstrasjonar ved årsmøta til IMF og auka mediemerksemd har òg retta søkjelyset mot organisasjonen.

Dei viktigaste oppgåvene til IMF er:

- å fremme makroøkonomisk og finansiell stabilitet, som ein føresetnad for vedvarande økonomisk vekst,
- å fremme stabiliteten og integriteten i det internasjonale monetære og økonomiske systemet, som eit globalt fellesgode, og
- å hjelpe medlemslanda med å utvikle sunne finanssektorar for å gjere dei

mindre sårbare, for å mobilisere finansiering for produktive investeringar og for å nytte mogleigheitene dei globale finansmarknadene gir.

IMF blir kalla ein monetær institusjon, der ordet monetær mellom anna viser til at valutareservar frå medlemslanda er det finansielle ressursgrunnlaget i institusjonen. Det er ein føresetnad at dei finansielle ressursane skal resirkulerast, dvs. at dei ikkje skal nyttast til langsiktige lån. IMF er ikkje ein utviklingsinstitusjon, i motsetnad til delar av Verdsbankgruppa og dei regionale multilaterale utviklingsbankane. Organisasjonen har, etter vedtektene (Articles of Agreement), som formål å fremme samarbeidet om internasjonale valutaspørsmål, arbeide for stabile valutaforhold, medverke til å fremme internasjonal handel, stimulere til effektiv utnytting av ressursar og arbeide for stabil økonomisk vekst internasjonalt. Auka omfang av kapitalrørsler og auka integrering av finansmarknadene har ført til at IMF dei siste åra særleg har brukt krefter på å førebyggje og å hindre spreining av finansielle kriser.

IMF si verksemd er konsentrert om tre hovudaktivitetar: overvaking av økonomien i medlemslanda, lån i krisesituasjonar og teknisk assistanse. Økonomiane i medlemslanda blir overvaka regelmessig gjennom såkalla artikkel IV-konsultasjonar, der IMF utarbeider ein rapport med vurderingar av den økonomiske situasjonen i det aktuelle landet, med tilrådingar om den økonomiske politikken. IMF analyserer utviklinga i verdsøkonomien og i kapitalmarknadene mellom anna i World Economic Outlook og International Capital Markets Report. Land som har eller kan få problem med betalingsbalansen, kan søkje IMF om lån. Hovudformålet er å stabilisere økonomien i landet og hindre spreining av problema til andre land. Før lån blir gitt, blir det forhandla fram eit tilpassingsprogram mellom IMF og styresmaktene i landet. Dei siste ti åra har omfanget av teknisk assistanse auka. I 2000 fekk nær alle framveksande økonomiar ulike former for assistanse for å byggje opp økonomiske institusjonar, betre kvaliteten på statistikk, betre reguleringa av finansmarknadene osv.

Røynsleane frå Asia-krisa i 1997/98 har medverka til fleire endringar i måten IMF fungerer på. Organisasjonen har mellom anna sett i verk tiltak for å styrkje overvakinga av økonomiane i medlemslanda. IMF legg no sterkare vekt på å førebyggje kriser og avdekkje problem på eit tidleg stadium. Likevel innser organisasjonen at han ikkje alltid vil klare det, og det er derfor òg naudsynt å sjå på behandlinga av kriser i ettertid. Organisasjonen har dessutan forandra og forenkla utlånsordningane. Vilkåra for utlån er endra for å sikre at dei knappe ressursane blir brukte mest mogleg effektivt. Ein viktig diskusjon i IMF dreier seg om vilkåra i tilpassingsprogramma, dei såkalla kondisjonalitetskrava. Målet er å gjere tiltaka meir effektive og å gi landa ei sterkare kjensle av eigarskap til slike program. Auka involvering frå privat sektor i finansiering ved krisesituasjonar og tilhøvet til det sivile samfunnet generelt og frivillige organisasjonar spesielt er andre problemstillingar som har vore viktige den siste tida.

Saman med Verdsbanken spelar IMF ei viktig rolle i initiativet for å lette gjeldsbetalingane for fattige land og setje dei i stand til betre å kjempe mot fattigdom. Arbeidet for å løyse problema i fattige land med høg gjeld og å utforme tiltak for å redusere fattigdommen har fått auka vekt dei siste åra. Eit land som ber om hjelp frå IMF, skal no utarbeide ein eigen strategi for kampen

mot fattigdom i eit nært samarbeid med det sivile samfunnet. IMF yter assistanse, lån og eventuelt gåvemidlar. IMF legg stor vekt på at industrilanda må opne sine marknader for produkt frå utviklingslanda, og at utviklingshjelpa må auke kraftig slik at ein når målet om 0,7 prosent av BNI for industrilanda.

Noreg har ein liten open økonomi. Det er derfor viktig for landet at dei internasjonale økonomiske tilhøva er stabile. IMF gjer eit viktig arbeid for å leggje grunnlag for stabile finansielle tilhøve og er eit sentralt forum for diskusjon av dei viktigaste spørsmåla i internasjonal økonomi. Noreg og dei andre landa i den nordisk-baltiske valkrinsen har sterkt støtta hovudlinene i IMF sitt arbeid.

Årsmøtet i 2001 blei avlyst som ei følgje av terroristaksjonane i USA. Den internasjonale monetære og finansielle komite (IMFC) og Utviklingsskomiteen hadde møte med avgrensa deltaking i Ottawa, Canada, 17. og 18. november. Hovedpunkta under møta var den økonomiske situasjonen og kampen mot fattigdom, samt kamp mot kvitvasking av pengar og finansiering av terrorisme.

9.2 Organiseringa av IMF

9.2.1 Organa i IMF

Det øvste organet i IMF er *Guvernørrådet* (Board of Governors). Det er sett saman av ein guvernør og ein vararepresentant for guvernøren frå kvart medlemsland. Sentralbanksjefen i Noregs Bank er norsk medlem i Guvernørrådet, medan finansråden i Finansdepartementet er vararepresentant. Rådet har til vanleg møte ein gong i året, årsmøtet i IMF. Guvernørrådet gjer ofte vedtak utan å halde møte, ved at avstemminga skjer skriftleg ved post, telefaks o.a.

Den internasjonale monetære og finansielle komité (International Monetary and Financial Committee, IMFC) har ein viktig funksjon som eit rådgivande organ for Guvernørrådet. Han legg dei politiske føringane for verksemda til IMF. Komiteen blei etablert i 1999 som ein direkte etterfølgjar til Interimkomiteen frå 1974. IMFC har medlemmer på minister- eller sentralbanksjefnivå, som anten representerer eitt land eller ein valkrins av land.

Spørsmålet om å gjere om Interimkomiteen frå ein rådgivande til ein vedtakande komité blei diskutert i 1999. Samstundes blei komiteen sitt arbeidsområde drøfta. Det var lita stemning for å endre komiteen sin rådgivande funksjon, som hadde fungert godt. Komiteen trong derfor ingen sterkare politisk legitimitet for å løyse oppgåvene sine. Diskusjonen førte derimot til at komiteen skifta namn, for å få fram at han er permanent. Ein ønskte òg å styrkje førebuingane før møta i komiteen. Det blei derfor etablert ei *førebuingande gruppe*, som kjem saman for å leggje grunnlag for ei meir effektiv drøfting i hovudkomiteen.

IMFC kjem saman to gonger kvart år (vår og haust) og gir råd om den generelle økonomiske strategien til IMF og kva for økonomiske tema institusjonen skal konsentrere seg om. Særleg viktig er spørsmål om korleis ein skal handtere tilhøve som kan true stabiliteten i det internasjonale finansielle systemet. Under dei halvårlege møta utformar IMFC òg eit kommuniké, som oppsummerer dei aktuelle økonomiske utfordringane i verdsøkonomien og gir

tilrådingar om korleis ein skal møte desse. Kommunikéa er grunnlaget for verksemda til IMF, mellom anna dei konkrete råda institusjonen gir i kvart einskilt tilfelle.

Utviklingskomiteen blei oppretta i 1974 som ein felles rådgivande ministerkomité for Bretton Woods-institusjonane (IMF og Verdsbanken). I hovudsak er medlemmene av komiteen finansministrar eller utviklingsministrar. Mandatet til komiteen er å gi IMF og Verdsbanken råd om viktige utviklingsspørsmål, mellom anna i kampen mot fattigdom, og om dei finansielle ressursane som trengst for å fremme økonomisk utvikling i utviklingslanda. Komiteen har tolka mandatet sitt til å inkludere spørsmål knytte til handel og miljø, i tillegg til tradisjonelle utviklingsspørsmål. Komiteen kjem saman to gonger i året (vår og haust).

Det daglege arbeidet i IMF er under leiing av eit styre (Executive Board) med IMF sin administrerande direktør (Managing Director) som leiar. Horst Köhler frå Tyskland blei i mai 2000 tilsett som administrerande direktør for ein periode på fem år. Han tok over etter franskmannen Michel Camdessus, som hadde leidd institusjonen sidan 1987. Köhler kom frå stillinga som leiar av Den europeiske utviklingsbanken (European Bank for Reconstruction and Development, EBRD). Det er tradisjon at leiaren av IMF kjem frå Europa, medan nestleiaren er frå USA.

Røystevakta til kvart medlemsland, både i Guvernørrådet og styret, er avhengig av kvoten landet har i IMF. Kvotane reflekterer kor viktig landet er i verdsøkonomien. USA er største medlem i IMF, og har ei røystevekt på 17,16 prosent. Noreg har ei røystevekt på 0,78 prosent, og den nordisk-baltiske valkrinsen representerer 3,52 prosent av røystene.

Styret har 24 medlemmer. Dei fem landa som har størst kvote, USA, Japan, Tyskland, Frankrike og Storbritannia, peikar ut kvar sin representant til styret. Dei to største kreditorlanda kan òg peike ut kvar sin styremedlem, men desse har stort sett vore blant dei fem landa som er nemnde over. Resten av styremedlemmene blir valde for toårsperiodar av andre medlemsland eller grupper av land (valkrins). Kina, Russland og Saudi-Arabia har for tida eigne representantar i styret. På same måten har IMFC 24 medlemmer som representerer anten eit land eller ein valkrins av land. I samband med at Den europeiske monetære unionen blei oppretta frå 1. januar 1999, fekk Den europeiske sentralbanken (ESB) høve til å ha ein observatør i styret i IMF. Observatøren har ikkje stemmerett, men har rett til å uttale seg i saker som er knytte til euroområdet og verksemda til ESB.

9.2.2 Norsk og nordisk-baltisk samordning

Dei nordiske og baltiske landa har ein felles valkrins. På norsk side skjer samordninga av IMF-saker gjennom nær kontakt mellom Noregs Bank og Finansdepartementet. Ordninga er likeins i dei andre landa. Utanriksdepartementet, som har ansvaret for regjeringa si behandling av Verdsbanksaker, blir òg trekt inn i arbeidet. Det skjer gjennom løpande samordning av einskilte saker og møte mellom representantar for institusjonane.

Landa i valkrinsen samordnar synspunkta sine på viktige IMF-saker i første rekkje gjennom *Den nordisk-baltiske monetære og finansielle komité* (Nordic Baltic Monetary and Financial Committee, NBMFC). Denne

komiteen blei danna 1. januar 2000, og dei norske medlemmene er finansråden og visesentralbanksjefen. Dei andre landa er stort sett representerte på eit tilsvarende nivå. NBMFC er ei vidareføring og forsterking av Den nordisk-baltiske valkrinskomiteen (Nordic Baltic Constituency Committee). I realiteten erstattar NBMFC òg Nordisk Finansielt Utval, som var eit utval med representantar frå sentralbankane og finansdepartementa i dei fem nordiske landa. NBMFC har til vanleg møte tre gonger i året. Johnny Åkerholm frå Finansdepartementet i Finland har vore leiar av NBMFC sidan 1. januar 2000.

Det er etablert ei førebuande gruppe for NBMFC (Alternates-gruppa), som består av representantar for finansdepartementa og sentralbankane i alle landa i valkrinsen. Hovudoppgåva er å førebu sakene som NBMFC skal diskutere. NBMFC kan òg setje ned særskilde arbeidsgrupper for å greie ut spesielle spørsmål.

Sentralbanken i heimlandet til den nordisk-baltiske styremedlemmen har til vanleg ansvaret for den løpande samordninga av nordisk-baltiske synspunkt. I samordninga mellom landa i valkrinsen prøver ein å kome fram til felles standpunkt som styremedlemmen frå gruppa presenterer i IMF-styret. Stillinga som styremedlem, eksekutivdirektør, går på rundgang mellom dei nordiske landa. Landet som har styremedlemmen, representerer òg valkrinsen i IMFC. Ein byter representant annakvart år. I 2000 og 2001 har Finland desse verva. Noreg skal overta i 2004. I Utviklingskomiteen var den norske utviklingsministeren medlem i forrige periode, medan den svenske finansministeren representerer valkrinsen i 2001 og 2002.

9.2.3 Reglar for val av administrerande direktør

IMF og Verdsbanken har ikkje hatt klare reglar for val av toppleiar. Det har likevel vore ei sams forståing om at leiaren for IMF skulle kome frå Europa og leiaren for Verdsbanken frå USA. Mangelen på reglar blei kritisert under valet av ny leiar for IMF i 2000.

Ei arbeidsgruppe som blei etablert av dei to institusjonane, tilrådde prosedyrar som skal gjere det lettare å vurdere kandidatane etter kvalifikasjonar, og som i sterkare grad dreg styret inn i arbeidet. Som eit første steg i valet skal styret etablere ei mindre gruppe som skal vurdere kandidatane og gi styret råd. Deretter skal styret utarbeide ei liste over dei mest aktuelle kandidatane med sikte på å arbeide seg fram til ein konklusjon. Prosedyrane blei diskuterte i styret i april 2001, og dei blei tekne til etterretning av IMFC.

9.2.4 Evaluering av verksemda til IMF

I dei siste åra har det skjedd ei evaluering av arbeidet til IMF både internt i organisasjonen og av eksterne grupper. IMF har gjennomført ei sjølvevaluering av behandlinga av Asia-krisa, strukturtilpassingsordninga (Enhanced Structural Adjustment Facility, ESAF, no døypt om til Poverty Reduction and Growth Facility, PRGF) og overvakingspolitikken. Eksterne ekspertar har evaluert dei same områda.

For å supplere dette arbeidet blei det i april 2000 vedteke å etablere eit evalueringskontor (Evaluation Office, EVO) i IMF. Kontoret, som er gitt ei uavhengig rolle i forhold til leiinga og staben, rapporterer direkte til styret. Formålet med EVO er å stimulere lærekulturen innanfor IMF, styrkje truver-

det til institusjonen, auke forståinga av arbeidet IMF gjer og støtte styret i arbeidet med å leie og overvake institusjonen. Rapportane frå EVO skal offentleggjerast. Kontoret byrja verksemda si i juli 2001, og den indiske økonomen Montek Singh Ahluwalia blei oppnemnd som leiar.

9.2.5 Innsyn i verksemda til IMF

IMF arbeider for å styrkje innsynet i aktivitetane organisasjonen driv. Han har auka utsendinga av informasjon om verksemda, blant anna ved oftare å sende ut pressemeldingar etter møte og å ta i bruk internett i stadig aukande grad. IMF oppmodar medlemslanda til å offentleggjere stabsrapportane frå den bilaterale overvakinga (jf. 9.3.2.5). 59 av 106 land følgde denne oppmodinga dei ti første månadene i 2001. Den finansielle meldinga frå organisasjonen, som no fullt ut samsvarer med internasjonale standardar for rekneskap, identifiserer nøkkelkomponentar på aktiva- og passivasida av rekneskapen. Vidare har IMF aktivt søkt synspunkt frå publikum og interesseorganisasjonar på spørsmål som er under behandling, spesielt i samband med kampen mot fattigdom. IMF-leiinga har mellom anna hatt møte med interesseorganisasjonar i samband med årsmøta i IMF.

Den nordisk-baltiske valkrinsen har stilt seg positiv til at IMF blir meir open om verksemda si. I valkrinsen blir det òg arbeidd med spørsmål om korleis ein kan betre informasjonen om verksemda i IMF i dei nordisk-baltiskelanda. I august 2000 arrangerte Noregs Bank eit møte mellom norske interesseorganisasjonar og representantar for IMF. Eit tilsvarande møte blei halde i mars 2001.

9.3 Oppgåvene til IMF

9.3.1 Økonomisk overvaking

9.3.1.1 Generelt

IMF er i hovudsak ein institusjon for økonomisk overvaking. Dei to andre hovudfunksjonane, utlansverksemda og den tekniske assistansen, er nær knytte til overvakingfunksjonen.

Institusjonen er eit forum for diskusjon av nasjonale og globale penge- og valutapolitiske og makroøkonomiske spørsmål. Dei siste åra har organisasjonen lagt auka vekt på å fremme godt styresett i medlemslanda, dvs. at han òg arbeider for utvikling av lover, institusjonar og administrative system som fremmer målet om makroøkonomisk stabilitet og vekst. IMF har ei spesiell oppgåve i å tenkje på heilskapen og sikre at politikken eit land fører, ikkje rammar andre land unødig. På bakgrunn av ein gjennomgang av den internasjonale situasjonen og prognosar for den økonomiske utviklinga dei næraste åra, legg IMF kvart halvår fram ei vurdering av kva for utfordringar verdsøkonomien står framfor. Gjennom den bilaterale overvakinga analyserer IMF økonomien til kvart land med særleg vekt på om det er fare for makroøkonomisk ubalanse. Med bakgrunn i analysen og diskusjonar med styresmaktene i landa gir IMF tilråding om utforminga av den økonomiske politikken. Tilrådingane byggjer på røynsler over fleire tiår, frå land i ulike delar av verda med ulik institusjonell bakgrunn, om kva slags politikk som gjennomgåande verkar best.

IMF nyttar fleire verkemiddel i overvakinga. Desse kan delast i tre hovudgrupper: multilateral, bilateral og regional overvaking.

9.3.1.2 *Multilateral overvaking*

Basis for den multilaterale overvakinga er analysar av utsiktene for verdsøkonomien i World Economic Outlook (WEO), som blir lagd fram to gonger kvart år. Der drøftar ein utsiktene for verdsøkonomien under eitt og særlege utfordringar i ulike regionar. Desse oversiktene legg stor vekt på internasjonale aspekt ved politikktutforminga i dei største landa. IMFC nyttar òg dokumenta som grunnlag for sine drøftingar om det same temaet. I desse drøftingane legg ein vekt på samspelet mellom den økonomiske utviklinga i medlemslanda, med hovudvekt på dei største landa. Det er fordi dei i kraft av sin storleik har ein verknad på heile verdsøkonomien.

IMF utarbeider ein årleg analyse av utviklinga i dei internasjonale finansmarknadene (International Capital Markets Report). I tillegg til å analysere spørsmål knytte til ulike delar av finansmarknadene i einskilte land og regionar, drøftar rapporten samspelet mellom makroøkonomiske spørsmål og finansmarknadene. Desse forholda blir stadig viktigare på grunn av at kapitalstraumane på tvers av landegrensene aukar.

9.3.1.3 *Bilateral overvaking*

Det bilaterale overvakingssystemet er fastsett i vedtektene og gir IMF fullmakt til å gjennomføre regelfaste konsultasjonar med alle medlemmene. Medlemslanda har plikt til å samarbeide med IMF. Statuttane slår fast at medlemslanda har ei omfattande informasjonsplikt om økonomiske spørsmål. Denne informasjonen dannar grunnlaget for dokumentasjonen og analysane som er utgangspunkt for overvakingssystemet.

Den bilaterale økonomiske overvakinga utgjer kjernen i verksemda til IMF og blir utført gjennom regelmessige konsultasjonar overfor kvart medlemsland i samsvar med artikkel IV i IMF sine vedtekter. Dei fleste medlemslanda har årlege konsultasjonar. Desse konsultasjonene skjer ved at delegasjonar frå IMF møter styresmaktene og organisasjonar i kvart enkelt medlemsland for å samle inn og analysere økonomisk informasjon. Styresmaktene grunngrir den økonomiske politikken dei fører og diskuterer eit eventuelt behov for omlegging med representantar frå IMF. Staben i IMF skriv deretter ein førebels og seinare ein endeleg rapport frå diskusjonane med si vurdering av det økonomiske opplegget. Rapportane blir diskuterte i IMF-styret. Medlemslanda har ikkje plikt til å følgje tilrådingane frå IMF. Tilrådingane frå IMF-staben og vurderingane styret gjer kan likevel leggje eit press på landet til å følgje råda. For land som tek opp lån i IMF, blir det stilt krav til den økonomiske politikken. Om ikkje krava blir følgde, kan låneutbetalingane bli utsette eller avslutta. IMF har opna for at medlemsland som ønskjer det, kan offentleggjere stabsrapporten frå artikkel IV-konsultasjonen, og omkring 55 prosent av landa gjorde det dei første ti månadene av 2001.

Medlemslanda står òg fritt i valet av valutaregime. Vedtektene slår likevel fast nokre retningslinjer som medlemslanda skal følgje. Landa skal ikkje ha valutakurssystem som er diskriminerande. Dei skal unngå å bruke verkemiddel som gir medlemslandet ein urimeleg konkurransefordel, eller som gjer at ein

utset omstillingar i økonomien som er nødvendige for å oppnå balanse i utanriksøkonomien. Døme på slike verkemiddel kan vere konkurrerande devalueringar eller innføring av handelsrestriksjonar.

For land som slit med finansiering av betalingsbalansen, men som ikkje ønskjer eller treng å låne pengar av IMF, har organisasjonen eit tilbod om meir jamleg overvaking for å skape større tiltru til politikken. Denne overvakinga kan vere formell og i regi av styret, eller staben kan hjelpe til på meir uformell basis (staff monitored programs). Slik overvaking kan vere nyttig i tilfelle der det er meir usikkert enn vanleg om den økonomiske situasjonen er haldbar på sikt.

IMF kan òg overvake eit land tettare enn vanleg etter eit gjennomført tilpassingsprogram (past program monitoring). Det skjer som oftast i tilfelle der det tek lang tid å gjenopprette tilliten i dei internasjonale finansmarknadene.

9.3.1.4 Regional overvaking

Etter at den monetære unionen i EU blei etablert 1. januar 1999, vurderer IMF regelmessig den økonomiske utviklinga i euroområdet samla. Hovudvekt blir lagt på pengepolitikken. Denne regionale overvakinga kjem i tillegg til dei ordinære artikkel IV-konsultasjonane for kvart enkelt land. IMF gjennomfører ei tilsvarande regional overvaking av Den vestafrikanske økonomiske og monetære unionen (CFA franc-sona).

9.3.2 Styrking av det internasjonale finansielle systemet

9.3.2.1 Generelt

Meir globale og integrerte kapitalmarknader har ført til eit omfattande arbeid i IMF for å styrkje innsatsen med å følgje opp den økonomiske utviklinga i medlemslanda. Arbeidet starta med krisa i Mexico i 1994/1995, men det blei intensivert etter finanskrisene i Asia, Russland og Brasil i 1997 og 1998. Fleire land opplevde at sviktande tillit i dei internasjonale kapitalmarknadene brått førte til omfattande kapitalutgang. Det gjorde det nødvendig å setje i verk programtiltak frå IMF så snart som råd, kombinert med finansiell støtte langt ut over dei vanlege lånerammene.

Som ei følgje av desse hendingane har IMF sett i verk ei rekkje tiltak for å styrkje og effektivisere overvakingspolitikken. Tiltaka skal verke førebyggjande. Dei skal setje IMF i stand til å møte tilsvarande situasjonar raskare og betre i framtida. Noreg har saman med dei andre landa i valkrinsen støtta desse tiltaka. Valkrinsen har særleg lagt vekt på å støtte arbeidet for å gjere den finansielle sektoren mindre sårbar. Valkrinsen har òg aktivt støtta tiltak for å trekkje inn privat sektor i finansieringa ved krisesituasjonar.

9.3.2.2 Innsamling og publisering av statistiske data

Kvaliteten på dei økonomiske analysane frå IMF er fullt og heilt avhengig av rask tilgang av pålitelege data. IMF har derfor lagt auka vekt på datarapportering frå medlemslanda.

Ein av konklusjonane etter finanskrisene dei siste åra var at det er nødvendig å gi IMF rask informasjon og skape ei opnare haldning når det gjeld

økonomisk og finansiell informasjon til marknadene og samfunnet i det heile. Aktuell og dekkjande statistikk kan gjere det lettare å oppdage framveksande problem tidleg. Det kan gi eit betre fundament for makroøkonomisk politikk og vere eit bidrag til at finansmarknadene fungerer betre. IMF har derfor teke initiativ til å etablere standardar for offentleggjering og spreiding av økonomisk og finansiell statistikk frå medlemslanda.

IMF har utarbeidd to statistikkstandardar: ein minimumsstandard (The General Data Dissemination Standard) som skal omfatte alle medlemsland, og ein meir krevjande standard (The Special Data Dissemination Standard, SDDS). SDDS er i særleg grad tenkt for land som ønskjer tilgang til dei internasjonale kapitalmarknadene, og har omfattande krav til statistikkproduksjonen i deltakarlanda. Standarden legg vekt på dei statistikkområda som er viktige når det gjeld vurdering av makroøkonomisk utvikling og politikk. IMF legg no stor vekt på å styrkje innsatsen for å sikre ei rask levering av data om internasjonale valutareservar og kortsiktig gjeld. IMF kan ikkje påleggje medlemmene å offentleggjere data til publikum. Det er derfor frivillig om ein vil slutte seg til standardane.

Noreg slutta seg til SDDS i juni 1996. Standarden er såpass krevjande at Noreg først i april 2000 oppfylte alle krava fullt ut. Landa i den nordisk-baltiske valkrinsen har slutta seg til standarden, og alle bortsett frå Island oppfyller no alle krava. Ved utgangen av juni 2001 hadde i alt 49 land slutta seg til standarden.

9.3.2.3 Andre standardar og kodar

Å etterleve internasjonalt aksepterte standardar og kodar for såkalla beste praksis på ulike område er ein viktig faktor for å sikre det økonomiske og finansielle systemet i eit land og ein føresetnad for eit velordna internasjonalt finansielt system. I samarbeid med Verdsbanken sette IMF i 1998 i gang eit arbeid for systematisk å vurdere om medlemslanda følgde slike standardar (Report on Observance of Standard and Codes, ROSC). Systemet omfattar til saman 11 ulike standardar og kodar. IMF har sjølv utvikla standardar på område som statistikk (jf. pkt 9.3.2.2), finanspolitikk, pengepolitikk og politikk som gjeld finansmarknadene. I overvaksingsarbeidet vurderer ein i tillegg gjennomføringa av standardar som er utarbeidd av andre internasjonale organ. Dette gjeld tilsyn med bankar, forsikringsselskap og verdipapirmarknader, betalingssystem, reglar for godt styresett, samt rekneskap og revisjon. I 2002 er det planlagt ei vurdering av om Noreg oppfyller standardane på statistikkområdet.

Det er opp til kvart enkelt land om dei vil følgje desse standardane, men IMF oppmodar sterkt landa til å ta dei i bruk. Det er god framdrift i dette arbeidet. IMF har planar om å gå gjennom røynslene med ROSC i 2003.

9.3.2.4 Vurdering av den finansielle sektoren

IMF og Verdsbanken etablerte i 1999 eit system for vurdering av den finansielle sektoren i medlemslanda. Financial Sector Assessment Program (FSAP) tek sikte på å avdekkje sterke og svake sider ved eit lands finansielle system, mellom anna korleis det ivaretek ulike risikoar og tiltak med sikte på å betre tilsynet med finansinstitusjonane. Eit sentralt element i programmet er

korleis det aktuelle landet har iverksett og etterlever dei ulike internasjonale standardane og kodane for finanssektoren. Eit FSAP blir avslutta med ei vurdering av den finansielle stabiliteten i medlemslandet (Financial Stability Assessment, FSA). Denne rapporten blir diskutert og følgd opp av styret i IMF i samband med dei regelmessige artikkel IV-diskusjonane.

Det er ressurskrevjande å gjennomføre eit FSAP. IMF og Verdsbanken har sett seg som mål å vurdere 24-30 land kvart år. Det fører til at det vil ta seks år før alle medlemslanda er vurderte. IMF vil i første omgang prioritere land som er viktige for det internasjonale finansielle systemet, og land som nyleg har hatt problem med finanssektoren. I ein tidleg fase av arbeidet har IMF likevel oppmoda land til å melde interesse for å gjennomføre eit FSAP sjølv om dei strengt tatt ikkje er blant dei høgst prioriterte. Innanfor den nordisk-baltiske valkrinsen har alle landa unntake Danmark og Noreg gjennomført FSAP. Noreg har sagt seg interessert i ei slik vurdering, men ressurssituasjonen i IMF tilseier at ho neppe vil bli gjennomført før i 2003.

9.3.2.5 *Auka informasjon om analysane og tilrådingane frå IMF*

IMF legg aukande vekt på å få fram ei meir open haldning overfor omverda. Tanken er at ei open haldning om analysar og politikkvurderingar er bidrag til at marknadene lettare får oversikt over disposisjonar styresmaktene har gjort. Betre oversikt reduserer risikoen for misforståingar og kan vere bidrag til auka tillit. Alle aktørar kan såleis ta del i ein open debatt om viktige økonomiske spørsmål.

IMF opna i 1999 for at land som ønskte det, kunne offentleggjere stabsrapporten frå artikkel IV-konsultasjonen. I dei første ti månadene i 2001 gjorde omkring 55 prosent av landa det. Alle landa i den nordisk-baltiske valkrinsen offentleggjer desse rapportane.

Medlemslanda er òg blitt oppmoda til å samtykkje i å offentleggjere dei rapportane IMF utarbeider om etterleving av internasjonale standardar (ROSC) og vurderingane av finansiell sektor (FSAP). I tillegg er ein no blitt langt meir open når det gjeld innhaldet i dei økonomiske tilpassingsprogramma låntakarland inngår med IMF.

9.3.2.6 *Involvering av privat sektor*

Med bakgrunn i finanskrisene dei siste åra arbeider IMF med eit rammeverk for korleis privat sektor kan ta del i arbeidet for å hindre og å løyse finansielle kriser. Deltaking frå private er viktig for å oppnå ei rimeleg byrdefordeling mellom offentlig og privat sektor. Det er òg viktig at privat sektor sjølv ber risikoen for eigne plasseringar og ikkje forventar å bli redda ut av problema av styresmaktene og IMF.

Arbeidet med å involvere privat sektor er vanskeleg. Det blir endå meir komplisert av at kreditorsida er langt meir samansett no enn tidlegare, med mange partar som kan ha svært ulike interesser. Arbeidet er prega av usemje om ein skal oppmode og stimulere privat sektor til frivillig å medverke, eller om ein skal velje ei løysing som inneheld visse juridiske plikter. Utforminga av låneprogramma til IMF er viktig for at privat sektor skal delta frivillig. Aktørane i finansmarknadene må ha tru på at landet kan arbeide seg ut av

problema for å gi sitt bidrag til finansieringa. Dei seinaste erfaringane tyder på at det er grenser for kor langt ein kan kome med frivillig deltaking.

I tilfelle der finansieringsbehovet er relativt avgrensa, kan økonomisk tilpassing i medlemslandet, kombinert med finansiell støtte frå IMF, stimulere til innsats frå privat sektor. Sjølv om finansieringsbehovet er stort, kan privat sektor vere interessert såframt det er utsikter til å gjenvinne tilgang til kapitalmarknadene i nær framtid.

I andre tilfelle er gjenoppretting av marknadstilgangen på mellomlang sikt urealistisk og gjeldsbyrda for stor. Då kan det vere nødvendig at privat sektor er sterkare involvert, og eventuelt òg at gjelda blir restrukturert.

Den nordisk-baltiske valkrinsen har meint at involvering av privat sektor bør bli eit standardelement i kriseløysing. Rammeverket må vere tydeleg og konsistent, slik at markedsaktørane kan forstå korleis det vil bli brukt før ein konkret situasjon oppstår.

9.3.2.7 *Kapitalliberalisering*

IMF si rolle ved kapitalliberaliseringar, samt generelle fordelar og ulemper ved avvikling av restriksjonar har vore debattert i IMF sidan tidleg på 1990-talet. Det var tidleg semje om at spørsmålet skulle få auka merksemd i overvakingspolitikken. Det var likevel delte oppfatningar i styret om kor mykje og korleis IMF skal arbeide for å fremme kapitalliberalisering. Somme legg vekt på at liberalisering gjer det lettare for medlemslanda å få tilgang til kapitalmarknadene. Andre meiner at liberaliseringa kan skape auka ustabilitet. Som ein del av dette er det òg usemje om IMF bør få ein heimel i vedtektene til å arbeide for avvikling av slike restriksjonar. I dag har IMF berre heimel til å gi råd (gjennom overvakinga). Det er òg ulike syn på utforminga av ei eventuell reform. Eit omfattande arbeid har så langt ikkje gitt konkrete resultat.

Det er likevel semje om at kapitalreguleringar ikkje kan erstatte ein god økonomisk politikk. Samstundes er ein samd om at kapitalreguleringar berre kan avviklast gradvis og på ein måte som er avpassa til tilhøva i landet og koordinert med andre tiltak, særleg innanfor det finansielle systemet. Ein slik framgangsmåte reduserer risikoen for ustabilitet i utanriksøkonomien og i finansmarknadene. For tida arbeider IMF med å utforme retningslinjer for korleis ein kan tilpasse reguleringane og koordinere dei med andre tiltak.

Den nordisk-baltiske valkrinsen har gått inn for at IMF skal arbeide for auka kapitalliberalisering og har støtta at organisasjonen skal ha ein slik heimel i vedtektene. Valkrinsen har lagt stor vekt på at liberaliseringa skal skje gradvis og koordinert med andre økonomiske tiltak. I tillegg har ein fokusert på at arbeidet må skje i nært samarbeid med andre organisasjonar som arbeider med desse spørsmåla, slik som WTO og OECD. Noreg har gått inn for at IMF skal gå forsiktig fram i dette arbeidet.

9.3.2.8 *Andre forhold*

IMF har dei seinare åra lagt større vekt på vurderingar av styresettet i medlemslanda, mellom anna korrupsjon, i samband med overvaking og låne- og tilpassingsprogram. Ein har òg fokusert på kvitvasking av pengar og annan misbruk av det finansielle systemet. Bakgrunnen er i første rekkje at politikken eit land fører på desse områda, kan verke uheldig inn på den

makroøkonomiske og finansielle stabiliteten i landet. Den nordisk-baltiske valkrinsen har gått inn for at IMF bør styrkje innsatsen på desse områda.

For å styrkje dialogen mellom IMF og privat sektor blei det hausten 2000 etablert ei Capital Markets Consultative Group. Gruppa møtast fleire gonger i året. Ho har medlemmer frå IMF, finansinstitusjonar og institusjonelle investorar. Valkrinsen har aktivt støtta dette arbeidet.

I mars 2001 vedtok administrerande direktør i IMF å etablere ei eiga avdeling som spesielt skal sjå på spørsmål knytte til dei internasjonale finansmarknadene. Avdelinga vil samordne IMF sin innsats på dette området slik at institusjonen skal bli i betre stand til å førebyggje og handtere finanskriser. Den nordisk-baltiske valkrinsen har sett denne etableringa som eit positivt tiltak.

9.3.3 Utlån og kondisjonalitetskrav

9.3.3.1 Generelt

Utlånsfunksjonen til IMF er nær knytt til overvakingsfunksjonen. Dei ulike låneordningane må sjåast i samanheng med dei oppgåvene institusjonen er pålagt for å fremme valutastabilitet, halde ved lag ordna arrangement for valutakursane, unngå konkurrerande valutakursendringar og arbeide for å fjerne handelsrelaterte valutarestriksjonar. Medlemsland skal ha tilgang til finansieringsordningar slik at dei kan korrigere mellombelse vanskar i betalingsbalansen utan at dei må gripe til tiltak som kan ha uheldige økonomiske konsekvensar for landet sjølv eller for andre land.

IMF gir mellombels finansiering til land med betalingsbalanseproblem dersom landet samtidig går inn i eit økonomisk tilpassings- og reformprogram. Eit slikt program inneheld krav til utforminga av den makroøkonomiske politikken som skal leggje tilhøva til rette for ei gunstigare økonomisk utvikling og for at kreditorane skal få fornya tillit til landet. Røynsler fortel at godkjenningssempel frå IMF verkar stimulerande på anna finansiering og dermed lettar den økonomiske tilpassinga i landet. Krava som blir stilte for å få lån, skal medverke til ei berekraftig økonomisk utvikling slik at bruken av IMF sine ressursar berre blir mellombels. Låna frå IMF er ikkje sikra utover dei kondisjonalitetskrava som IMF stiller.

Det finansielle ressursgrunnlaget for størstedelen av denne verksemda er kvotane til medlemslanda. Kor mykje kreditt IMF vil yte til eit land, blir avgjort med utgangspunkt i kvoten landet har i IMF. Eit land som har behov for midlar, får tilsegn om lån i konvertibel valuta frå IMF mot å stille eigen valuta som sikkerhet. Land med overskot i utanriksøkonomien og konvertibel valuta er forplikta til å stille sin eigen valuta til disposisjon for desse låna. Igjen er det kvotane som avgjer kor mykje valuta landa må stille med. Låntakerlandet betalar normalt ei rente som er ei tilnærma marknadsorientert rente for kortsiktige lån med svært låg risiko. Renta er eit vege gjennomsnitt av rentene for amerikanske dollar, euro, japanske yen og britiske pund. Det er desse valutaene som går inn i SDR-korga (Special Drawing Rights). Finansieringsverksemda til IMF er basert på at dei finansielle midlane blir resirkulert. Det er derfor fastsett ei relativt kort nedbetalingstid.

9.3.3.2 Låneordningane

Gjennom åra har IMF etablert ei rekkje ulike utlånsordningar med ulike formål og vilkår. Systemet blei etter kvart svært uoversiktleg, og i 2000 gjekk IMF grundig gjennom utlånsordningane og forenkla systemet. Fleire utlånsordningar som hadde blitt oppretta for å dekkje spesielle formål, blei avvikla. Noreg har saman med dei andre landa i valkrinsen gått inn for forenklingar for å auke oversikta over og innsynet i utlånsverksemda til IMF.

IMF har i dag desse låneordningane (sjå òg tabell 9.1):

- Stand-by arrangement (SBA): Den primære finansieringsordninga til IMF er dei ordinære trekkrettane, som er baserte på IMF sine egne ressursar. Kreditten er tilgjengeleg i fleire transjar, som kvar svarer til 25 prosent av kvoten. For trekk i den såkalla reservetransjen (dei første 25 prosent av kvoten) blir det ikkje stilt krav om å leggje om den økonomiske politikken. Reservetransjen svarar til kva landet har betalt inn til IMF i hard valuta, og er ein del av valutareserven i landet. Ved trekk i dei andre transjane blir det stilt stadig strengare vilkår dess høgre opp i transjesystemet landet kjem. Tiltak skal i slike høve skje innanfor ein horisont på 1-2 år (programperioden). Avtalen set ei øvre ramme for kor mykje eit land kan låne i IMF, og kan samanliknast med ein kassakreditt. Eit land kan normalt trekkje opp til 100 prosent av kvoten i løpet av eitt år. Kumulativt gjeld ei lånegrense på 300 prosent.
- Extended Fund Facility (EFF): Land som har spesielt store strukturelle problem, kan få lån etter ei såkalla utvida låneordning. Her blir det stilt større krav om strukturtiltak, og programperioden er tre år.
- Supplemental Reserve Facility (SRF): I samband med finanskrisene i Sørøst-Asia etablerte IMF ei eiga låneordning spesielt meint for land som får ei vesentleg forverring av betalingsbalansen som følgje av plutsleg tillitssvikt i internasjonale kapitalmarknader. Innføringa av SRF var ei erkjenning av at integrerte kapitalmarknader gjer medlemslanda meir sårbare, ved at brist på tilliten raskt kan få store konsekvensar. Lån under SRF blir formelt gitt som eit stand-by-arrangement, men dei normale lånegrensene gjeld ikkje. Renta er òg langt høgare enn ved den ordinære låneordninga.
- Contingent Credit Lines (CCL): I 1999 blei det oppretta ei beredskapslåneordning som skal tene som eit forsvar mot at eit land får betalingsbalanseproblem som følgje av smitteeffektar frå andre land. Ordninga er open for land som i utgangspunktet har ein solid økonomi og ein sunn økonomisk politikk (førehandskvalifisering). Lån frå ordninga krev vidare at landet held ved like gode samarbeidsrelasjonar med privat sektor og signaliserer vilje til om nødvendig å setje i verk forsterka stabiliseringstiltak. Låna kan gis raskt og har kort løpetid. Utlånsrenta er høgare enn ved ordinære utlån. Dei vanlege lånegrensene gjeld ikkje. Eit alternativ til CCL er at IMF kan godkjenne ei meir ordinær programpakke, men med den føresetnaden at landet ikkje skal trekkje på finansieringa før det kjem i vanskar (precautionary arrangements).
- Compensatory Financing Facility (CFF): Ordninga tek sikte på å assistere medlemmer som har mellombels betalingsbalanseproblem fordi eksportinntektene har falt på grunn av fall i råvareprisane, eller fordi importkostnadene for korn har auka kraftig. IMF kjem inn dersom landet ikkje sjølv har kontroll med årsakene til problema.
- Emergency Assistance Facility (EAF): Dette er ei ordning der lån raskt

- kan bli gitt når eit land får problem med betalingsbalansen i samband med naturkatastrofar, borgarkrig eller væpna konflikhtar internasjonalt.
- Poverty Reduction and Growth Facility (PRGF): Denne låneordninga er spesielt retta mot dei aller fattigaste landa. Ordninga er ikkje finansiert ved dei ordinære ressursane til IMF, men er basert på at fondet har teke opp lån frå einskilte medlemsland og at bistandskjelder subsidierer renta, jf. 9.3.6.2. For å få lån må landet utforme ein særskild strategi for å redusere fattigdom og fremme økonomisk vekst. Bruk av PRGF avgrensar ikkje tilgangen landa har til dei andre finansieringsordningane.

Tabell 9.1: Oversikt over låneordningane til IMF

Låneordning	Lånegrense (i pst. av kvoten landet har)	Rente	Tilbakebetaling	Formål
<i>Ordinære ordningar:</i>				
Stand-By Arrangement (SBA) (Etablert 1952)	Årleg grense normalt 100 pst. Kumulativ grense over løpetida er 300 pst., men kan vere høgare	Grunnrente ¹ + 100-200 rentepunkt ²	Forventa innan 21/4-4 år, men maks. 5 år	Kortsiktige problem med betalingsbalansen
Extended Fund Facility (EFF) (1974)	Som for SBA	Som for SBA	Forventa innan 41/2-7 år, men maks. 10 år	Meir langsiktige betalingsbalansebehov som hovudsakleg kjem av strukturelle forhold
<i>Spesielle ordningar:</i>				
Supplemental Reserve Facility (SRF) (1997)	Inga definert grense	Grunnrente + 300-500 rentepunkt ³	Forventa innan 1-11/2 år, men maks. 21/2 år	Uventa store betalingsbalansebehov som følgje av tillitssvikt på dei internasjonale låne-marknadene
Contingent Credit Lines (CCL) (1999)	Formelt inga grense, men det er forventa at lånet ikkje skal vere meir enn 300-500 pst. av kvoten	Grunnrente + 150-350 rentepunkt ⁴	Forventa innan 1-11/2 år, men maks. 21/2 år	Beredskapsordning for land med «sunn» økonomi som får problem som følgje av smitte frå andre land
Compensatory Financing Facility (CFF) (1963)	55 pst.	Grunnrente	Forventa innan 21/4-4 år, men maks. 5 år	Mellombels eksportproblem pga. fall i råvareprisar, eller auka importkostnader for korn
Emergency Assistance Facility (EAF) (1962)	Normalt 25 pst. av kvoten, men kan vere større i spesielle høve	Grunnrente	31/4-5 år	Betalingsbalanseproblem i samband med naturkatastrofar, borgarkrig, internasjonale væpna konflikhtar
<i>Andre ordningar:</i>				

Tabell 9.1: Oversikt over låneordningane til IMF

Poverty Reduction and Growth Facility (PRGF) ⁵ (1999)	Første gong eit land nyttar ordninga, er grensa normalt 90 pst., for andre land 65 pst. Maks. 140 pst. over programperioden, som i særlege høve kan aukast til 185 pst.	0,5 pst.	51/2-10 år	Subsidierte lån til land med særleg låg inntekt som følgje av langvarige problem med betalingsbalansen. Skal fremme auka økonomisk vekst og redusere fattigdom
--	---	----------	------------	--

¹ IMF's ordinære utlånsrente (basic rate) er basert på ei kortsiktig SDR-rente, dvs. eit vege gjennomsnitt av ei tremånadersrente for dei valutaene som inngår i SDR (amerikanske dollar, euro, britiske pund og japanske yen). Grunnrenta var om lag 3,0 pst. i oktober 2001.

² Det er eit rentepåslag på 100 punkt for den delen av lånet som overstig 200 pst. av kvoten, og 200 punkt på den delen som overstig 300 pst. av kvoten.

³ Rentepåslaget startar med 300 punkt og aukar med 50 punkt etter eitt år og deretter med 50 punkt kvar sjette månad inntil det når 500 rentepunkt.

⁴ Rentepåslaget startar med 150 punkt og aukar med 50 punkt etter eitt år og deretter med 50 punkt kvar sjette månad inntil det når 350 rentepunkt.

⁵ PRGF er ei låneordning som blir administrert av IMF. Utlåna blir ikkje finansierte over IMF's ordinære ressursar, men gjennom bilaterale bidrag frå medlemslanda og spesielle IMF-ressursar.

For dei ordinære låneordningane (SBA og EFF) blei det i 2000 innført eit system der renta stig med aukande lånebeløp. Føremålet er å unngå at medlemslanda låner unødig store beløp i IMF, og å stimulere dei til ei så rask tilbakebetaling som råd. Renta er likevel svært låg samanlikna med kostnadene ved alternativ finansiering for land med betalingsbalanseproblem, dersom slik finansiering finst. For å korte ned løpetida på låna blei det òg innført eit system med forventningar om raskare tilbakebetaling dersom den økonomiske situasjonen i låntakarlandet tilseier det. Valkrinsen vår har støtta desse endringene.

Samstundes blei det innført eit system med forsterka overvaking av den økonomiske politikken i land der IMF har store midlar uteståande. Denne endringa er òg støtta av valkrinsen, som har meint at det er viktig å syte for at midlane raskt blir resirkulerte og tilgjengelege for nye utlån til andre land.

Ingen har brukt CCL-ordninga sidan ho blei oppretta i 1999. Ordninga blei justert i 2000, slik at ho skal bli meir attraktiv for potensielle brukarar. Utlånsrenta blei redusert til eit nivå som ligg midt imellom det som gjeld for SBA- og SRF-trekk. Den nordisk-baltiske valkrinsen har vore skeptisk til behovet for å gjere CCL meir attraktiv gjennom å setje ned renta og har meint at det er andre grunnar enn rentenivået som gjer at ordninga ikkje blir brukt.

9.3.3.3 Kondisjonalitetskrav

Sidan 1950-åra har det vore vanleg å knyte vilkår, kondisjonalitetskrav, til utlån frå IMF. Kondisjonalitetskrava tek sikte på å rette opp dei økonomiske ubalansane og setje landet i stand til å betale tilbake lånet. Det er viktig at utlånte midlar vender tilbake til IMF, slik at dei kan gi grunnlag for nye utlån til andre land som får betalingsproblem.

Kondisjonalitetskrava har utvikla seg over tid. Opp til 1980-talet avgrensa vilkåra seg til makroøkonomiske tiltak (etterspørselsregulering gjennom penge- og finanspolitiske tiltak). Frå slutten av 1980-talet blei vilkåra meir

omfattande. Særleg har det vore ein auke på det strukturelle området. Denne forskyvinga reflekterte mellom anna at IMF la større vekt på tiltak som kunne fremme den økonomiske veksten, og at strukturelle problem ofte låg bak betalingsbalanseproblema.

Forskyvinga i retning av meir omfattande og detaljerte kondisjonalitetskrav har reist spørsmål ved innrettinga og omfanget på vilkåra. Fleire har meint at kondisjonalitetskrava er blitt for kompliserte, og har argumentert for ei forenkling. I september 2000 blei det derfor fastsett nokre mellombels retningslinjer for forenkling av kondisjonalitetskrava på det strukturelle området:

- Kondisjonalitetskrava skal ta med strukturtiltak som er rekna som kritiske for å nå makroøkonomiske mål.
- Dei skal ikkje ta med strukturtiltak som ikkje er relevante for å nå makroøkonomiske mål.
- Strukturreformer som er relevante, men ikkje kritiske, og som ikkje er innanfor kjerneområdet til IMF, skal ikkje byggjast inn i kondisjonalitetskrava.
- Dersom strukturtiltak er kritiske, men utanfor IMF sine kjerneområde, skal organisasjonen søkje samarbeid med andre organisasjonar om innrettinga før han byggjer inn desse kondisjonalitetskrava.

I 2001 har styret diskutert spørsmålet om å effektivisere, refokusere og forenkle kondisjonalitetskrava. Det er semje om følgjande hovudelement:

- Rettesnora for utforming av kondisjonalitetskrava bør endrast frå å vere vidtfamnande til å vere selektive. Det er ønskjeleg å tilpasse kondisjonalitetskrava sterkare til behov og institusjonelle føresetnader i kvart enkelt land.
- IMF bør i sterkare grad lite på assistanse frå andre organisasjonar og spesielt Verdsbanken i strukturspørsmål. Det gjeld i særleg grad på område utanfor IMF sine kjerneområde.
- IMF bør redusere talet på formelle vilkår. Det vil gjere kondisjonalitetskrava mindre kompliserte, og innsynet i kva dei inneheld vil bli styrkt.

Bakgrunnen for endringane er at detaljerte vilkår kan hindre at landa føler eigarskap til programtiltaka. For omfattande vilkår kan vidare overbelaste den administrative kapasiteten som allereie er avgrensa i mange land. Begge delar kan gå utover gjennomføringa av programtiltaka.

Samtidig er mange opptekne av at ein må gå forsiktig fram, slik at ein unngår å svekkje kvaliteten på kondisjonalitetskrava. Dei fleste industrilanda har meint at ein må styrkje, snarare enn svekkje kondisjonalitetskrava. Utviklingsland har meint at ein bør gå langt i å forenkle krava. Det er førebels usemje i styret om kor langt ein bør gå i retning av forenkling når ein samstundes vil hindre at forenklinga går utover kvaliteten på kondisjonalitetskrava.

Styret er samd om at det står att viktige diskusjonar om kor blant anna grensa skal trekkjast for når eit strukturtiltak er relevant, og når det er kritisk for dei makroøkonomiske måla som er sette for programma. Det er vidare behov for ei nærare avgrensing av skiljet mellom IMF sine kjerneoppgåver og andre oppgåver. Desse avgrensingane er ikkje enkle å gjennomføre i praksis, og i siste omgang må avgrensinga skje etter ei grundig vurdering av kvart

enkelt tilfelle. På dette punktet er det viktig å vinne røynsler frå det praktiske arbeidet med desse spørsmåla.

Det er brei semje i styret om å styrkje samordninga av tiltak med Verdsbanken og andre organisasjonar. Institusjonane bør spesielt unngå å overlappe kvarandre. Arbeidsdelinga må gjerast tydelegare. Generelt bør institusjonane støtte opp om den politikken dei andre fører, og dei må utarbeide eit nærare rammeverk for dette arbeidet.

Saka skal diskuterast vidare i dei næraste månadene. Røynslene staben har hausta så langt med forsøka på å forenkle kondisjonalitetskrava blir eit viktig utgangspunkt for denne diskusjonen.

Den nordisk-baltiske valkrinsen har stilt seg positiv til arbeidet med å forenkle og konsentrere innhaldet i kondisjonalitetskrava. Han har meint at IMF bør redusere engasjementet sitt i strukturelle spørsmål og konsentrere seg meir om kjerneoppgåvene. Ein viktig føresetnad har vore at endringane i kondisjonalitetskrava ikkje rammar kvaliteten og styrken i låne- og tilpasningsprogramma.

9.3.4 Utviklinga i kriseland og IMF si rolle

9.3.4.1 Asia

Liberalisering av kapitalrørsler på 1990-talet og stor optimisme etter ein lang periode med sterk økonomisk vekst førte til sterkt auka kapitalinngang til Sørøst-Asia frå midten av 1990-talet. Bankar og finansinstitusjonar og i somme tilfelle òg vanlege bedrifter lånte i utlandet. Sommaren 1997 blei problema i Thailand openlyse. Tillitssvikten førte til kapitalutgang, først frå Thailand, og etter kvart frå dei fleste landa i regionen. Kapitalutgangen førte til at landa måtte la valutaene sine depresierte. Dei fleste bankane og nokre bedrifter fekk problem med å greie utanlandsgjelda.

IMF lånte pengar til Thailand, Sør-Korea og Indonesia. (Filippinane hadde fått lån før Asia-krisa braut ut.) IMF stilte store beløp til disposisjon for dei tre landa. Thailand hadde ei låneramme på vel 17 mrd. USD, Sør-Korea på 21 mrd. USD og Indonesia på vel 11 mrd. USD. IMF spelte vidare ei viktig koordinerende rolle ved reforhandling av gjeld med andre långivarar. Kondisjonalitetskrava la vekt på strukturelle reformer og sanering av bankvesen og finanssektor, som blei vurdert som kritiske for å få økonomien på fote igjen.

Etter store produksjonsfall i 1998 kom Asia raskt på fote igjen. I 1999 og 2000 hadde landa høg vekst som følgje av ei markert auke i nettoeksporten. Nesten alle land fekk store driftsbalanseoverskot. Den økonomiske veksten har falt markert i 2001 som følgje av den internasjonale konjunkturedgangen. Landa i Sørøst-Asia er særleg hardt ramma på grunn av at dei er sterkt avhengige av eksport av høgteknologi og elektronikk. Fortsatte strukturelle problem i finanssektoren og i dei store konglomerata forsterkar den svake utviklinga.

I si eiga evaluering av handteringa av Asia-krisa peiker IMF på at organisasjonen i startfasen undervurderte omfanget av problema. I landa som blei ramma av krisa, blei kapitalutgangen langt sterkare, og fallet i innanlandsk etterspørsel langt kraftigare enn venta. I lys av dette var innstramminga av finanspolitikken i starten truleg for sterk. I dei finansielle marknadene var dei òg usikre på omfanget av dei offisielle støttetiltaka. Vidare burde IMF i startfasen

ha lagt sterkare vekt på å løyse dei strukturelle problema i banksektoren og bedriftene.

I september 1999 blei røynslene frå krisa gjennomgått i styret i IMF. Styret trekte blant anna desse konklusjonane:

- IMF bør styrkje overvakinga av økonomiane i medlemslanda slik at problem kan bli oppdaga på eit tidlegare tidspunkt. Verken IMF eller andre føresåg omfanget av den finansielle krisa, med eit unntak for Thailand.
- Det er avgjerande at landa er opne om alle sider av den økonomiske politikken.
- IMF bør leggje sterkare vekt på å identifisere ubalansar i finansiell sektor. Problema i Asia stamma i stor grad frå finansiell sektor, og ikkje frå vanlege makroøkonomiske ubalansar. Utviklinga i finanssektoren må difor få ein større plass i overvakingspolitikken og i utforminga av lånevilkår.
- Raske og bestemte tiltak er nødvendige for å handtere problem i finansiell sektor og gjenreise tillit i dei internasjonale finansmarknadene.

Valkrinsen slutta seg til desse synspunkta. Valkrinsen meiner det er viktig å styrkje arbeidet med å førebyggje kriser, og å prøve å løyse problem på eit tidleg stadium.

9.3.4.2 *Russland*

Hovudproblemet i Russland var finansieringa av underskotet på statsbudsjettet. Eit valutakursbasert stabiliseringsprogram hadde fått ned inflasjonen, men etter kvart blei det vanskeleg å finansiere dei store budsjettunderskota. Skatteinntektene var små på grunn av oppbygging av restansar og ei svak realøkonomisk utvikling. Gjennom våren 1998 måtte staten betale høgare og høgare rente, og til sist blei situasjonen uhaldbar.

I juli ble eit allereie innvilga låneprogram frå IMF utvida med vel 11 milliarder USD til om lag 20 milliarder USD. IMF finansierte størstedelen av auken ved å trekke på GAB-ordninga (sjå avsnitt 9.4.1.4). Problema i Russland heldt fram utan at landet viste vilje til å treffe ytterlegare økonomiske tiltak. Til sist var det umogleg for den russiske staten å rullere låna sine. I august 1998 valde styresmaktene å utsetje nedbetalinga på store delar av gjelda, samtidig som valutaen fekk flyte fritt. Låneprogrammet med IMF blei samstundes i røynda suspendert. Styresmaktene har sidan restrukturert den rubel-denominerte gjelda og gjelda til utanlandske private investorar. Dei har stort sett greidd å halde betalingsfristane for gjelda til utanlandske offentlege långivarar.

Russland opplevde store produksjonsfall etter gjeldskrisa, og inflasjonen tok seg opp. Sidan 2000 har utviklinga vore meir positiv. Veksten har teke seg markert opp på grunn av betre konkurranseevne og høgare eksportprisar på energi. Den statsfinansielle situasjonen har òg betra seg.

Det blei retta skuldingar mot Russland om at landet hadde nytta lånet som var gitt av IMF i juli 1998 til andre føremål enn føresett. IMF sette i gang ei omfattande gransking, som blei gjennomført av eksterne revisorar. Granskinga fann ikkje bevis for å støtte skuldingane om at Russland hadde misbrukt midlane frå IMF.

9.3.4.3 *Brasil*

Krisa i Brasil utvikla seg hausten 1998. Problema var av statsfinansiell karakter. Styresmaktene si gjeld auka på grunn av store rentebetalningar og ei svak økonomisk utvikling. Ein styrt valutakurs hadde gjort eksporten lite konkurransedyktig og var ein viktig grunn til den svake økonomiske utviklinga. Etter Russland-krisa tok internasjonale investorar færre risikoutsette posisjonar, og det blei vanskeleg for land som Brasil å rullere gjelda.

Under leiing av IMF og Den internasjonale oppgjersbanken (BIS) blei det forhandla fram ei finansieringspakke på 41,5 mrd. USD. Låneramma frå IMF var 18 mrd. USD. Låne- og tilpassingsprogrammet frå IMF skulle dels gi internasjonale investorar ny tillit til Brasil blant anna ved å redusere lånebehovet i ein periode. Kondisjonalitetskrava la vekt på sanering av dei offentlege budsjetta, men strukturtiltak som skulle stimulere den økonomiske veksten var òg viktige. IMF aktiviserte ei særskild låneordning, NAB, med Noreg som ein av bidragsytarane, jf. 9.4.1.4.

Det var uvisst om delstatane greidde å betale ned gjelda si eller ikkje. Dette førte til eit spekulativt åtak på valutaen i januar 1999. Styresmaktene valde å la den brasilianske realen flyte. Depresieringa betra konkurranseevna og gjorde sitt til at veksten tok seg opp allereie i 1999. Styresmaktene vann raskt tilbake tilliten i dei internasjonale finansmarknadene, og gjeldsnedbetalinga har vore relativt uproblematisk.

På bakgrunn av problema i Argentina, den negative utviklinga i verd-økonomien og den innanlandske energikrisa oppstod det sommaren 2001 eit nytt press mot den brasilianske valutaen, og IMF har innvilga Brasil eit førebbyggjande lån på inntil 15 mrd. USD.

9.3.4.4 *Tyrkia*

I 2000 innleidde Tyrkia eit ambisiøst stabiliseringsprogram for å redusere inflasjonen. Programmet brukte valutakursen som nominelt anker ved at lire blei knytt til ei korg av dollar og euro. Etter stor optimisme og kapitalinngang i første halvår 2000 snudde stemninga i andre halvår. Avsløring av uorden i banksektoren førte til panikk hausten 2000. Resultatet var kapitalutgang og problem med finansiering av statsbudsjettet. Eit IMF-lån i desember 2000 stabiliserte situasjonen i første omgang, men fornya press mot valutaen førte til at styresmaktene måtte devaluere i februar 2001. Tyrkia sette dermed stabiliseringsprogrammet i fare trass i støtta frå IMF. Låg risikotaking i dei internasjonale finansmarknadene kombinert med uvisse rundt den økonomiske politikken blei utslagsgivande.

I mai 2001 blei ein ny låneavtale inngått blant anna for å gi ny tillit til den økonomiske politikken og lette dei statlege finansieringsproblema. Samla kan Tyrkia trekkje opp til 19 mrd. USD frå IMF. Restrukturering av finanssektoren og ei budsjettmessig konsolidering er viktige element i det noverande låneprogrammet. Den finansielle situasjonen har forverra seg i kjølvatnet av terroraksjonane i USA i september 2001. IMF's administrerande direktør annonserte derfor i november at han om kort tid ville tilrå å auke lånet for å lukke finansieringsgapet og støtte dei tyrkiske myndigheitene sitt ambisiøse reformarbeid.

9.3.4.5 Argentina

Argentina har gjennom dei siste åra hatt store statsfinansielle problem. Spesielt har det vore vanskeleg å leggje ut nye statspapir i dei internasjonale finansmarknadene. Renteforskjellen overfor USA har i periodar vore svært høg.

Problema i Argentina stammar frå tida etter Russland-krisa då framveksande økonomiar fekk vanskelegare finansieringsvilkår. I tillegg har styrkinga av den amerikanske dollaren dei siste åra svekt konkurranseevna til Argentina ettersom den argentinske pesoen er knytt til dollaren. Svak eller negativ vekst har blitt resultatet. Problema blei forsterka etter depresieringa av den brasilianske realen i 1999.

Lån frå IMF har vore med på å redusere styresmaktene sine finansieringsproblem, men utan at tilgangen til privat internasjonal kapital har blitt normalisert. Situasjonen forverra seg sommaren 2001 og i september auka IMF låneramma med 8 mrd. USD. Argentina har no ei låneramme på om lag 22 mrd. USD i IMF. Den auka låneramma bidrog ikkje til å auke investorane sin tillit til den økonomiske politikken. Situasjonen forverra seg utover hausten med stadig auka rente. Myndigheitene har sett i gang nye tiltak, mellom anna ei restrukturering av den offentlege gjelda. Så langt ser det ikkje ut til at situasjonen i Argentina har smitta nemneverdig til finansmarkadene i dei andre framveksande økonomiane.

9.3.4.6 Meltzer-kommisjonen

Kongressen i USA sette i 1999 ned ein kommisjon for å vurdere det arbeidet IMF og dei andre multilaterale finansielle institusjonane gjer, i lys av røynsene frå dei finansielle krisene. Kommisjonen, som blei leidd av professor Allan Meltzer ved Carnegie Mellon-universitetet, la fram sin rapport i mars 2000. Blant konklusjonane var:

- IMF bør konsentrere sin utlånsaktivitet til land som er utsette for betalingsbalansekriser, og opptre som ein «quasi lender of last resort». Organisasjonen bør gi store lån til slike land dersom dei på førehand tilfredsstiller visse økonomisk-politiske vilkår for finanspolitikk, kapitalisering av bankar o.a. Låna bør bli gitt til høg rente og bli tilbakebetalte raskt (i løpet av 120 dagar).
- IMF bør stoppe å låne ut til fattige land på gåvevilkår. PRGF-ordninga bør bli nedlagd.
- IMF bør styrkje overvakingspolitikken, men bør ikkje lenger overvake OECD-landa.
- IMF bør samle inn og offentliggjere økonomiske data. Openheit er viktig.
- Kondisjonalitetspolitikken til IMF bør bli endra. Kommisjonen tvilte på om kondisjonalitetskrava fører til at problema i økonomien blir løyste, og meinte dei greip for sterkt inn i suvereniteten i landa.
- IMF (og Verdsbanken) bør slette alle fordringar på fattige land.
- Rekneskapssystemet i IMF er uoversiktleg.

Den dåverande administrasjonen i USA var svært kritisk til konklusjonane i rapporten og meinte at IMF ville bli svekt dersom forslaga blei gjennomførte. IMF-styret har ikkje diskutert sjølv rapporten frå Meltzer-kommisjonen, men det har diskutert fleire av spørsmåla rapporten tok opp, jf. tidlegare omtale.

9.3.4.7 Vurdering av tiltak ved kapitalbalansekriser

Dei siste røynslene er at IMF gjennomgåande har vore med på å forhindre ein meir omfattande systemsvikt på det finansielle området. Dei fleste land har halde oppe tilgangen til den internasjonale kapitalmarknaden og fått lån på vanlege marknadsorienterte vilkår. Somme land har likevel ikkje fått den venta gjenopprettinga av tilliten i dei internasjonale kapitalmarknadene som følgje av IMF-program. IMF har derfor teke initiativ til ein meir grunnleggjande diskusjon av røynslene med IMF-program ved kapitalbalansekriser. Truleg vil organisasjonen ta opp spørsmål som samansetjinga av og styrken i dei økonomiske tiltaka som inngår i IMF-programma, så vel som graden av finansiering frå IMF. Det er òg nødvendig å diskutere korleis privat sektor skal involverast med finansiering.

9.3.5 Teknisk assistanse

Teknisk assistanse til medlemslanda har auka i omfang dei siste åra. Mange land har utilstrekkelege institusjonar og manglar fagleg kompetanse til å kunne forme og gjennomføre ein berekraftig økonomisk politikk. Den tekniske assistansen blir i hovudsak gitt innanfor tre område: (a) utforming og gjennomføring av penge- og finanspolitikken, (b) hjelp til å byggje opp institusjonar som sentralbank, statistikkbyrå, skattestyresmakter o.a., (c) lovgiving for økonomisk verksemd og finanssektoren. Assistansen tek såleis sikte på å betre det institusjonelle grunnlaget for gjennomføring av dei økonomiske tilrådingane. I tillegg til personer frå IMF deltek òg eksperter frå andre medlemsland. På den måten nyttar ein den ekspertisen som einskilde medlemsland har til å hjelpe dei andre medlemslanda. Noreg har hjulpet til med ekspertar innanfor ei rekkje område. Det er særleg låg- og mellominntektsland som mottok teknisk assistanse.

9.3.6 Arbeid mot fattigdom

9.3.6.1 Gjeldsinitiativet

Det internasjonale samfunnet innsåg på midten av 1990-talet at gjeldsbyrda for mange fattige land ikkje var til å leve med. IMF og Verdsbanken lanserte derfor i 1996 eit felles initiativ for å redusere gjelda i desse landa til eit nivå som kunne handterast (Initiative for Heavily Indebted Poor Countries, HIPC). Initiativet skulle tryggje utviklinga i fattige, gjeldsbelasta land ved at gjelda skulle bringast ned til eit nivå som gjorde det mogleg for desse landa å betene ho gjennom eksportinntekter, utviklingshjelp og kapitalinngang frå utlandet. Letten skulle skje gjennom støtte frå både offentlege og private kreditorar. Det sentrale elementet er at gjeldslette berre skal bli gitt til land som kan dokumentere evne og vilje til stor eigeninnsats i form av makroøkonomisk tilpassing og strukturelle og sosialpolitiske reformer. Krava byggjer på tidlegare røynsler om at vanskelege gjeldsproblem ikkje let seg løyse utan ei vesentleg omlegging av den økonomiske politikken, samstundes som ein skal sikre effektiv bruk av gjeldsletten.

Eit sentralt punkt er vidare at tiltak bør vere koordinerte mellom dei aktuelle kreditorane. Alle kreditorgruppene bør bere ein rimeleg del av finansieringa. Finansiering i form av lån frå IMF kjem først inn når ein rimeleg innsats ligg føre frå alle kreditorar. Tiltak på gjeldsområdet skal ta vare på den finansielle integriteten og den prioriterte kreditorstatusen til dei multilaterale

institusjonane, og dei skal vere i samsvar med IMF sine vedtekter. Slik sikrar institusjonane best evna til å gi finansiering på gunstige vilkår.

Direkte ettergiving av gjeld frå multilaterale institusjonar som IMF har aldri vore ei aktuell problemstilling. Ettergiving av gjeld ville ha gjort institusjonane mindre kredittverdige i den internasjonale kapitalmarknaden. Gjeldsettergiving vil vidare svekkje ressursgrunnlaget til IMF og dermed kapasiteten til å gi medlemslanda lån. IMF sine vedtekter opnar dessutan ikkje for dette.

Opphavleg skulle landa under gjeldsinitiativet kvalifisere seg gjennom å innføre økonomiske tilpassingar over ein treårsperiode (fase 1) som leidde fram mot vedtak om å inkludere landet i gjeldsinitiativet (decision point). Deretter gjekk landet over i ein mellomperiode (fase 2, interim period) prega av vidare omlegging av den økonomiske politikken over ein ny treårsperiode. I denne perioden skulle Paris-klubben (offentlige kreditorar) og privat sektor kome opp med gjeldslette.

IMF og Verdsbanken skulle først i sluttstadiet (completion point) kome inn med supplerande gåvemidlar i eit omfang som var nødvendig for å få gjelda ned på eit handterleg nivå. Desse gåvemidlane er bilaterale midlar medlemslanda har stilt til disposisjon for IMF under HIPC-ordninga. Vidare er gevinsten av gullsal frå slutten av 1970-talet øymerkt utviklingslanda. Desse midlane er avgrensa reservemidlar som er skilde ut frå den ordinære verksemda til IMF. IMF har i realiteten òg brukt noko av overskotet frå den ordinære verksemda si til å sanere gjeld. Etter eit særskilt vedtak selde IMF i 1999-2000 ei avgrensa mengde gull utanom den ordinære marknaden. Inntektene blei plasserte på ein eigen konto, skilt ut frå den ordinære verksemda til IMF. Avkastninga av desse plasseringane blir nytta til å finansiere IMF si deltaking i HIPC-initiativet.

Då røynsleane med gjeldsinitiativet blei gjennomgått tidleg i 1999, kom ein til at framdrifta var for lita. Gjeldsletten burde kome raskare, vere større og dekkje fleire land. G7-landa hadde i ein noko tidlegare diskusjon òg kome fram til same konklusjon. Det nye initiativet (Enhanced HIPC Initiative) inneheld følgjande element:

- Assistansen blir styrkt gjennom at ein set ei lågare grense for kva som er rekna som ein akseptabel gjeldssituasjon. Blant anna blir det sett ei lågare grense for kor stor del av eksporten gjelda skal utgjere før eit land skal ha rett til HIPC-assistanse.
- Gjennom å korte ned den innleiande kvalifiseringsperioden med tilpassing, skal lettane kome raskare.
- Samtidig blir det opna for at land som set opp tempoet i dei nødvendige tilpassingane, kan få gjeldslette tidlegare. Ein har med andre ord fått eit slags flytande sluttstadium i staden for ei fast tidsramme for tilpassinga i fase 2.
- Talet på land som kan få gjeldslette, blir utvida.

Enkelte organisasjonar og land har argumentert for at all gjeld skal slettast med ein gong og utan vilkår. Dei argumenterer med at det er betre å la alle ressursane i låntakarlanda gå til auka vekst og velferd i staden for å la dei gå til renter og avdrag til utlandet. Enkelte legg òg vekt på at låna er tekne opp av regime utan folkeleg legitimitet, og at det derfor er urimeleg at folket skal lide for dette. IMF har gått imot dette av fleire årsaker. Kostnadene vil vere svært

høge og ressursgrunnlaget til IMF blir svekt. Det kan vere viktigare at fleire land har ein sjanse til å få lån enn at dei gamle låna blir heilt sletta. Dei nemnde erfaringane om at vanskelege gjeldsproblem ikkje let seg løyse utan ei vesentleg omlegging av den økonomiske politikken, er ikkje minst viktige. I tillegg har ein lagt vekt på at landa må vise at dei kan oppfylle skyldnadene sine, for at nokon skal ville gi dei nye lån seinare.

Den nordisk-baltiske valkrinsen har sterkt støtta gjeldsinitiativet, og har lagt vekt på at auka tempo i framdrifta ikkje skal gå ut over eigeninnsatsen landa yter i form av tilpassing og eigarskapen til utviklingsprosessen.

I november 2001 hadde 24 land kvalifisert seg for det forsterka gjeldsinitiativet (gjennomført første fase av tilpassinga og nådd vedtaksstadiet). Innsatsen frå IMF, Verdsbanken og andre multinasjonale kreditorar, i kombinasjon med tradisjonell lette og ettergivingar frå bilateralt hald, kjem til å redusere noverdien av landa si gjeld med nesten to tredelar frå 53 til 20 mrd. USD. IMF skyt til om lag 2,5 mrd. USD. Det får gjelda deira ned på eit nivå som ligg under gjennomsnittet for utviklingslanda som gruppe. To land har så langt nådd sluttstadiet under gjeldsinitiativet.

Ei viktig oppgåve for IMF i tida framover er å hjelpe fattige gjeldsbelasta land som anten har kome eller i nær framtid kjem seg ut av ein konfliktsituasjon, til å starte den innleiande kvalifiserande tilpassinga under gjeldsinitiativet. IMF vil nytte den eksisterande låneordninga for naudsituasjonar (Emergency Assistance Facility) for dette formålet. Lån vil bli gitt med sterkt redusert rente, som vil bli gjort mogleg ved gåvemidlar frå bilaterale bistandskjelder. Det er sterkt behov for gjeldslette på grunn av utbreidd fattigdom og store gjenoppbyggingsbehov. Ein går ut frå at det eksisterande initiativet har tilstrekkeleg fleksibilitet for å møte dei spesielle behova deira. I heilt spesielle tilfelle er det ikkje utelukka at ein kan gi gjeldslette utover sluttstadiet.

9.3.6.2 Strategiar for reduksjon av fattigdom (PRSP-prosessen) og anna arbeid mot fattigdom

IMF legg aukande vekt på å nedkjempe fattigdom, noko som under årsmøtet i 1998 fekk brei støtte frå vår eigen valkrins. Innrettinga av fattigdomsarbeidet er seinare konkretisert nærare. Låneordninga Poverty Reduction and Growth Facility (PRGF) blei etablert i 1999 som ei direkte vidareføring av Enhanced Structural Adjustment Facility (ESAF). Namneskiftet indikerer at ordninga skal leggje større vekt på å redusere fattigdom og fremme økonomisk vekst. Samtidig skal ein halde seg til rammene som omsynet til makroøkonomisk stabilitet set. For å få lån under denne ordninga må landet sjølv utforme ein særskild strategi for å redusere fattigdom og fremme økonomisk vekst, der erkjenninga av at makroøkonomiske, strukturelle og sosiale utfordringar må løyses i ein integrert prosess er heilt sentral. Formålet er å styrkje eigarskapen landa har til tiltaka som skal nedkjempe fattigdom. Strategien skal bli til i nært samarbeid med det sivile samfunnet (interesseorganisasjonar, partane i arbeidslivet osv.), donorar og internasjonale organisasjonar. Strategiane blir nedfelte i eigne dokument (Poverty Reduction Strategy Papers, PRSP). Hovudformålet med dei er å leggje grunnlag for sterkare økonomisk vekst og for å redusere fattigdommen i eit mellomlangt perspektiv. Landa skal årleg leggje fram ein framskrittssrapport og kvart tredje år ajourføre eller revidere strateg-

ien. Dokumenta utgjer eit viktig grunnlag for å vurdere utlån under PRGF-ordninga og gjeldslette.

Utarbeiding av PRSP-dokument er berre i startfasen. Det kjem til å ta noko tid før fullstendige og godt spesifiserte program er ferdig utarbeidde. Inntil vidare vil ein utarbeide nokre ufullstendige og mellombels dokument (interimdokument), som berre indikerer retninga på moglege tiltak. Fram til midten av november 2001 var det utarbeidd 38 interimdokument og 6 fullstendige dokument.

PRGF-ordninga er ikkje basert på IMF sine egne ressursar, men på at medlemsland stiller utlånsmidlar til disposisjon for IMF. Renta er 0,5 prosent og tida for tilbakebetaling ti år. Den låge renta er mogleg på grunn av rentesubsidiar, finansierte ved gåver frå medlemslanda.

Noregs Bank har ytt innskot av kapital til PRGF-ordninga på 150 millionar SDR, som tilsvarar om lag 1 700 millionar norske kroner med kursen ultimo november 2001 (1 SDR = 11,3 NOK). Totalt har 15 land ytt 11,3 mrd. SDR til innskot i ordninga. I tillegg har Utanriksdepartementet over bistandsbudsjettet løyvd til saman 354 millionar kroner til rentesubsidieringa.

9.4 Ressursar og samarbeidspartnarar

9.4.1 Tilgangen på finansielle ressursar

9.4.1.1 Generelt

Ressursane til IMF er for det meste midlar som medlemslanda har betalt inn i samband med tildeling av kvotar. Kapitalen - eller kvotane - som medlemslanda har skote inn, er hovudsakleg rekna ut frå den økonomiske storleiken deira. IMF sine statuttar utelukkar ikkje at fondet kan ta opp lån i dei internasjonale marknadene, men denne løysinga er aldri blitt brukt. Det ser ut til å vere semje om at IMF ikkje skal bruke denne utvegen. IMF kan òg auke ressursane sine ved å utferde spesielle trekkrettar (SDR) til medlemslanda. Sist gong det blei gjort ei generell tildeling av SDR, var i 1981. I 1997 blei det gjort framlegg om ei målretta eingongstildeling av SDR, men denne er enno ikkje gjennomført (sjå punkt 9.4.1.2).

Dei samla ressursane til IMF ved utgangen av juli 2001 utgjorde 217 milliardar SDR (om lag 2 450 milliardar kroner). Av dette beløpet var nesten halvparten rekna som ikkje tilgjengeleg. Det var hovudsakleg midlar frå land som anten er på IMF-program (og som derfor per definisjon har ein svak utanriksøkonomisk situasjon), eller land som blir vurderte å ha ein svak ekstern balanse. Fråtrekt ein nødvendig arbeidsbalanse og allereie lovde beløp stod det att om lag 74 milliardar SDR som kan nyttast til nye utlån.

IMF har òg to spesielle ordningar der nokre medlemsland gir organisasjonen kortsiktige lån for å styrkje likviditeten i fondet i krisesituasjonar, jf. punkt 9.4.1.4. Ordningane sikrar at IMF kan mobilisere ytterlegare 34 milliardar SDR.

9.4.1.2 Kvotar

Det er kvoten eit medlemsland har, som avgjer den finansielle tilknytninga landet skal ha til IMF. Kvart enkelt medlemsland yter eit innskot i IMF som er lik

kvoten landet har. Av dette skal 25 prosent betalast i framand valuta og dei andre 75 prosent i eigen valuta. Kvoten set ramma for kor mykje landet sjølv kan låne i IMF dersom det kjem i betalingsvanskar, og kor mykje valuta eit land må stille til rådvelde når andre land får slike vanskar. Røystevakta eit medlemsland har i dei styrande organa i IMF, er òg definert av kvoten. Både bruttonasjonalproduktet i eit land, utanrikshandelen, valutareservane og variasjonar i eksporten og importen er med på å avgjere kor stor kvote eit land får. Kvotane uttrykkjer den relative økonomiske posisjonen landa har i verdsøkonomien.

Fleire land har teke opp spørsmålet om representasjonen i IMF-styret. Nokre land meiner at dei framveksande økonomiane og utviklingslanda er for dårleg representerte. Vår valkrins har meint at det vil vere mest naturleg å ta denne diskusjonen som ein del av arbeidet med å revidere kvotane.

I samsvar med vedtektene i IMF går ein gjennom behovet for justeringar av kvotane kvart femte år. Det blir kravd 85 prosent majoritet i styret og samtykke frå minst 60 prosent av medlemslanda for at kvotane skal kunne endrast. Arbeidet med den ellevte revisjonen av kvotar tok til i 1995 og blei avslutta 21. januar 1999 etter at medlemsland med til saman 85 prosent av stemmevekta hadde gitt sitt samtykke. I Noreg blei kvoteauken godkjend (ratifisert) av Stortinget 19. juni 1998, jf. St.prp. nr. 56 (1997-98) og Innst. S. nr. 203 (1997-98). I gjennomsnitt blei kvotane auka med 45 prosent frå 146 milliardar SDR til 212 milliardar SDR (om lag 2400 milliardar kroner). Etter auken er Noregs kvote om lag 1672 millionar SDR, svarande til om lag 19 milliardar kroner.

Kina bad i 1997 om ein spesiell kvoteauke som følgje av at Hong Kong blei ein del av landet. I januar 2001 blei det vedteke å auke kvoten med om lag ein tredel til 6370 millionar SDR, eller frå 2,2 prosent til 3 prosent av dei samla kvotane. Kina har etter dette den åttande største kvoten i IMF.

I august 1999 sette IMF ned ei arbeidsgruppe med eksterne ekspertar for å vurdere dei formlane som blir nytta ved utrekning av kvotane. Gruppa la fram ein rapport i mai 2000. Ekspertgruppa foreslo eit kraftig forenkla system. I staden for det noverande systemet med fem ulike formlar og ei rekkje variablar foreslo gruppa at kvoten skulle reknast ut etter berre ein formel med to variablar: bruttonasjonalproduktet, som ein indikator på evna landet har til å yte finansielle ressursar, og variasjonar i valuta- og kapitalstraumane, som ein indikator på mogleg støttebehov.

Utrekningar viste at dette forslaget ville gi ein markert kvoteauke for industriland som USA og Japan og framveksande økonomiar som Brasil og Mexico. Små industriland, som Noreg, og dei mindre utviklingslanda ville få redusert sin kvote.

Forslaget frå arbeidsgruppa fekk ikkje sterk støtte då det blei diskutert i styret i IMF. Vår valkrins gjekk inn for ein kvoteformel med fleire variablar enn det arbeidsgruppa foreslo. Mellom anna ville valkrinsen ha med ein variabel som betre gav uttrykk for den utanriksøkonomiske situasjonen i landa. Forslaget frå arbeidsgruppa blei sett på som eit av fleire moglege forslag. Diskusjonen om kvotefordeling har berre så vidt begynt. Det vil truleg ta tid før han leier fram til konkrete endringar i strukturen på kvotane.

9.4.1.3 *Spesielle trekkrettar*

Spesielle trekkrettar (SDR) er instrumentet IMF bruker for å tilføre internasjonal likviditet dersom det skulle oppstå ein langsiktig, global mangel på likviditet. I dei seinare åra har det vore delte oppfatningar i styret i IMF om kva som skulle forståast med langsiktig global mangel på likviditet. Somme har meint at globalt behov ikkje absolutt inneber at ein stor majoritet av medlemslanda har mangel på likviditet samtidig. Dei har meint at regionale problem kan tolkast inn i dette. Andre meiner derimot at dagens effektive kapitalmarknad vil forsyne verdssamfunnet med nødvendig likviditet så lenge medlemslanda fører ein fornuftig økonomisk politikk. Slike motsetningar har gjort det vanskeleg å få oppslutning om nye tildelingar.

Styret i IMF har meint at det er urettferdig at nye medlemsland, inkludert transformasjonsøkonomiane, ikkje har fått tildelt SDR, og då heller ikkje får same tilgangen som andre til dette reservesystemet. Under årsmøtet i 1997 vedtok derfor Guvernørrådet i IMF ei eingongstildeling av SDR som skulle bli gitt til alle medlemslanda, men som i første rekkje var retta mot dei nye medlemslanda i IMF. Etter denne tildelinga skulle forholdet mellom tildelte trekkrettar og kvotar bli likt for alle land (29,32 prosent). Tildelinga vil samla sett doble dei kumulative SDR-allokeringane. Noreg vil få ei tildeling på 156 millionar SDR.

Tildelinga krev ei endring av IMF's statuttar (fjerde artikkelendring) og er framleis til ratifikasjon hos medlemslanda. Ho er så langt ikkje godkjend av ein tilstrekkeleg majoritet. Artikkelendringa tek ikkje til å gjelde før 60 prosent av medlemslanda med ei stemmevekt på 85 prosent har godkjent ho. Så langt har landa som har godteke endringa, berre 72 prosent av stemmevekta sjølv om talet på land er nesten stort nok. I Noreg blei saka lagd fram for Stortinget i St.prp. nr. 56 (1997-98), og Stortinget godkjende endringa i god tid før IMF-årsmøtet i 1998. Ho er òg godkjend av alle land innanfor den nordisk-baltiske valkrinsen.

Fastsetjinga av verdien på SDR er endra frå 1. januar 1999. Som følgje av innføringa av euro er tyske mark og franske franc erstatta med tilsvarende beløp i euro i SDR-korga.

9.4.1.4 *Utvida ordning for finansiering av IMF*

General Arrangements to Borrow (GAB) er ei ordning der G10-gruppa (G7, Sverige, Nederland og Belgia, samt Sveits) og Saudi-Arabia har forplikta seg til å yte ekstraordinære lån til IMF. Desse låna skal ytast dersom IMF har for lite likviditet i ein situasjon der stabiliteten i det internasjonale monetære systemet kan vere truga. Ordninga blei etablert i 1962.


Røynslene frå handteringa av den økonomiske krisa i Mexico i 1994/1995 viste at det kan kome situasjonar der det er behov for svært store utlån frå IMF og indikerte eit behov for å doble GAB-midlane. I 1998 blei det derfor etablert ei utvida ordning New Arrangements to Borrow (NAB). IMF kan til saman mobilisere 34 milliardar SDR gjennom GAB og NAB (om lag 380 milliardar norske kroner). Noreg er eit av 25 land som er med, jf. 9.5.2. IMF skal som hovudregel trekkje på NAB, men GAB kjem likevel til å eksistere som ei separat ordning mellom G10-landa. NAB blei aktivisert i samband med krisa i

Brasil hausten 1998, jf. 9.4.2.2. Ein viser til stortingsproposisjon 50 (1996-97) for ein meir detaljert gjennomgang av NAB-ordninga.

9.4.2 Bruken av ressursane

9.4.2.1 Samla utlån

Ved utgangen av finansåret 2000/01 (30. april) hadde IMF uteståande lån på 42,2 mrd. SDR (om lag 480 mrd. norske kroner). Av desse låna var 17,1 mrd. SDR lån under SBA-ordninga, 4,1 mrd. SDR lån under Supplemental Reserve Facility, 16,1 mrd. SDR lån under Extended Fund Facility og 4,9 mrd. SDR lån under dei andre ordningane. I tillegg kom 6,4 mrd. SDR i lån under PRGF-ordninga. Ein nærare omtale av dei ulike ordningane for lån er gitt i avsnitt 9.3.3.2. Fordelinga av låna dei siste ni åra er vist i figur 9.1.



Figur 9.1 Uteståande lån frå IMF¹

¹ Per utgangen av finansåret, dvs. 30. april.

9.4.2.2 Aktivisering av NAB

Ved utgangen av 1998 opplevde Brasil ein vesentleg kapitalutgang som følge av sviktande marknadstillit. Under leiing av IMF og Den internasjonale oppgjersbanken (BIS) blei det forhandla fram ei finansieringspakke på 41,5 milliardar USD. Noreg deltok med eit lån på 111,9 millionar SDR gjennom NAB-ordninga og ein garanti på 50 millionar USD, jf. 9.5.2.

Av IMF-midlane på 18 milliardar USD blei 70 prosent stilte til disposisjon ved at IMF trekte på NAB. Dette var første gong NAB blei brukt. Dei resterande 30 prosent av IMF-finansieringa kom frå det ordinære ressursgrunnlaget i institusjonen. Då likviditetssituasjonen i IMF betra seg som følge av kvoteauken i januar 1999, betalte IMF tilbake lånet til NAB-kreditorane.

9.4.2.3 Restanseproblematikken

Uteståande restansar til IMF utgjorde ved utgangen av oktober 2001 2,3 mrd. SDR. Fire land står for hovudparten av restansane, nemleg Kongo, Liberia, Somalia og Sudan. Sudan er landet med dei største restansane.

Nivået på uteståande restansar er redusert over dei siste åra etter at IMF i 1990 utforma ein særskild strategi for reduksjon av restansane. Strategien blei nylig forlenga til sommaren 2002. Han inneheld tre nøkkelement: førebygging, intensivert samarbeid og tiltak gjennom sanksjonar.

Det viktigaste tiltaket når det gjeld førebygging er kondisjonalitetskrav ved bruk av ressursane til IMF. I samband med krava, gjer IMF ei grundigare vurdering av debitorlandet sin kapasitet til å betale tilbake låna i eit mellomlangt perspektiv.

Som ledd i eit intensivert samarbeid har IMF laga ein strategi som tek sikte på å hjelpe landa ut av dei økonomiske problema. Organisasjonen hjelper landet med å forme ein berekraftig økonomisk politikk. Gjennom å iverksetje denne politikken kan landet opparbeide seg ein lånerett, noko som igjen mobiliserer finansielle ressursar frå kreditorar og donorar. Etter at landet har opparbeidd lånerettar, gir IMF nye lån. Denne strategien har hjulpet fleire land ut av problema.

Avhengig av kor lenge restansane er blitt ståande, kan diverse sanksjonar setjast i verk. Røysteretten landet har i IMF, kan bli suspendert, og i siste omgang startar IMF ein prosedyre som kan føre til at landet blir tvinga til å trekkje seg som medlem. Sudan er døme på eit land der denne prosedyren tok til, fordi restansane til IMF hadde vore uteståande i mange år, samtidig som landet ikkje gjorde teikn til at det ville ta opp att samarbeidet med IMF. Sudan har seinare vist vilje til å samarbeide for å løyse problema. Tvungen tilbaketrekking av medlemskap krev vedtak med 85 prosent majoritet i Guvernørrådet.

Noreg og valkrinsen har sett det som svært viktig at problem i samband med restansar blir takla på ein effektiv måte, ettersom restansar er ei undergraving av det finansielle grunnlaget til organisasjonen. Noreg har òg hjulpet til ved å gi såkalla brubyggingslån til restanseland, jf. 9.5.3.

9.4.3 Samarbeid med andre organisasjonar

9.4.3.1 Dei sameinte nasjonane

Samarbeidet med Dei sameinte nasjonane (FN) har blitt stadig tettare dei siste åra. Formannen for IMFC og IMF's toppsjef har jamleg hatt møte med Det økonomiske og sosiale rådet (ECOSOC). Styremedlemmene i IMF har hatt møte med ambassadørane i ECOSOC. Dette samarbeidet er eit ledd i arbeidet for å styrkje innsynet i verksemda til IMF og tek sikte på å trekkje vekslar på ulike perspektiv organisasjonane måtte ha på nedkjemping av fat-

tigdom og gjeld. IMF har oppretta eit kontor i FN for å sikre deltaking ved møte i komitéar og kommisjonar som arbeider med tema som grensar til verksemda til IMF. Institusjonen deltek òg i førebuingane til konferansen *Financing for Development* som FN skal arrangere i mars 2002.

9.4.3.2 Verdsbanken

Samarbeidet mellom IMF og Verdsbanken er blitt stadig tettare. Oppgåvane til dei to institusjonane overlappar òg kvarandre i nokre tilfelle. Samanhengen mellom makroøkonomiske og strukturelle spørsmål er blitt forsterka i ei verd prega av opne og meir integrerte kapitalmarknader. Organisasjonane må derfor i aukande grad utfylle kvarandre for å styrkje økonomisk vekst og sikre stabilitet i det internasjonale finansielle systemet. Samstundes har det vore viktig å klarleggje arbeidsdelinga mellom dei for å unngå dublering av verksemda. Institusjonane arbeider kontinuerleg for å betre samarbeidet endå meir. Samarbeidsavtalar frå 1966 og 1989 slår fast retningslinjer for samarbeidet, og det er laga prosedyrar for utveksling av informasjon og for løysing av eventuelle konflikter eller meningsforskjellar som måtte oppstå. I 1998 blei tre prinsipp for samarbeidet slegne fast: klare reglar for kva for ein organisasjon som har det primære ansvaret, konsultasjon om spørsmål av felles interesse og prinsippet om at kvar institusjon ber ansvar for sine utlånsvedtak.

Samarbeidet er spesielt viktig i arbeidet for å nedkjempe fattigdom og for å bringe hardt gjeldsbelasta land over i ein meir akseptabel situasjon. Vidare er samarbeidet styrkt på finanssektorumrådet. Utviklingskomiteen og IMFC har sidan 1999 til tider arrangert fellessesjonar.

9.4.3.3 G20

G7-landa oppretta i 1999 eit samarbeidsorgan for ei uformell drøfting av spørsmål knytte til internasjonal finansiell stabilitet. Drøftingane har dreidd seg om spørsmål som gjeld globaliseringa, tiltak for å gjere landa mindre sårbare overfor finansielle kriser, implementeringa av kodar og standardar, samt involvering av privat sektor ved finansielle kriser. Gruppa består av G7-landa, 13 framveksande økonomiar, blant andre Argentina, Brasil, Kina, Mexico, Russland og Tyrkia, i tillegg til representantar for EU. Leiarane for IMF, Verdsbanken, IMFC og Utviklingskomiteen deltek òg i møta. Ingen land i den nordisk-baltiske valkrinsen er representerte i forumet. Valkrinsen har uttrykt skepsis til at slike ad hoc-forum med ei avgrensa deltaking diskuterer og i realiteten ofte avgjer spørsmål som høyrer inn under kompetanseområdet til internasjonale institusjonar som IMF.

9.4.3.4 Forum for finansiell stabilitet

Forum for finansiell stabilitet (Financial Stability Forum, FSF) blei etablert i 1999 etter initiativ frå G7-landa. Formålet er blant anna å gi forvarsel om finansielle kriser ved å identifisere veikskap i det internasjonale finansielle systemet og å fremme tiltak for å bøte på veikskapen. Organet møtest to gonger i året. Det består av representantar på høgt nivå frå finansdepartement, banktilsyn og sentralbankar i G7-landa, Australia, Hong Kong, Nederland og Singapore. I tillegg er internasjonale institusjonar som IMF, Verdsbanken, BIS og OECD medlemmer.

9.4.3.5 Andre organ

Sidan IMF og WTO underteikna ein samarbeidsavtale i 1996, har samarbeidet ekspandert. WTO-sekretariatet er blitt invitert til å sende observatørar til relevante møte i IMF. IMF deltek i WTO sin komité for konsultasjonar om betalingsbalanserestriksjonar.

IMF har òg forsterka samarbeidet med regionale utviklingsbankar.

IMF og OECD samarbeider nært ved utarbeidinga av halvårsoversikter over den internasjonale økonomiske situasjonen.

IMF og BIS samarbeider nært om tilsyn som gjeld finansielle marknader.

9.5 Særskilde forhold som gjeld Noreg

9.5.1 Deltaking i PRGF

Noregs Bank har inngått låneavtalar med IMF om å finansiere ein del av kapitaldelen av PRGF-låneordninga (sjå avsnitt 9.3.6.2). Sentralbanken har ytt eit kapitalinnskot på til saman 150 millionar SDR (90 millionar SDR i 1988 og 60 millionar SDR i 1994). Det svarar til 1,32 prosent av innskota, medan Noregs andel av dei samla kvotene i IMF er 0,78 prosent. Kapitalmidlane blir betalte tilbake til Noregs Bank i takt med at låntakarane betaler ned lånet til IMF. Uteståande beløp ved utgangen av oktober 2001 var redusert til 107,4 millionar SDR.

Opphavleg skulle IMF ha trekt på kapitalmidlane innan utgangen av 1997. Styret i IMF vedtok i desember 1996 å forlengje perioden for å gi tilsegn om lån fram til utgangen av 2000. IMF hadde då berre delvis trekt på tilsegna frå Noregs Bank om kapitalinnskot frå 1994 og bad derfor Noregs Bank om ei forlenging av trekkperioden fram til 2003. I samsvar med paragraf 26 i sentralbanklova blei spørsmålet om ei slik forlenging lagt fram for Finansdepartementet, som ikkje hadde innvendingar. I september 2000 retta IMF ein førespurnad til Noregs Bank om endå ei forlenging av trekkperioden fram til 31. desember 2005, og heller ikkje denne gongen hadde Finansdepartementet innvendingar. Forlenginga av trekkperioden endrar ikkje dei samla kapitalinnskota frå Noregs Bank eller tryggleiken for desse.

Noreg fekk i 1999 spørsmål om å yte 100 millionar SDR i kapitalmidlar til påfylling av PRGF-ordninga. Finansieringsbehovet viste seg då å bli ivareteke av forpliktande tilsegner frå andre land. Dette skjedde medan saka var under vurdering i Noreg. Eit nytt spørsmål om kapitalbidrag kom i 2000. Denne gongen gjaldt det vidareføring av ordninga over perioden 2001-2004. Saka er no til vurdering i Finansdepartementet og Utanriksdepartementet.

9.5.2 Deltaking i NAB under krise i Brasil

Noreg er eit av 25 land som er med i NAB, jf. 9.4.1.4. Noregs Bank vil stå som utlånar når ordninga må takast i bruk. Noreg godkjende ordninga 28. august 1997, og avtalen tok til å gjelde 17. november 1998 etter at alle kreditorlanda hadde godkjent han.

Ved aktiviseringa av NAB under krise i Brasil, var Noreg sin del av finansieringa 111,9 millionar SDR. Noregs Bank gav òg ein garanti på 50 millionar USD for lån gitt av BIS. Garantien blei gitt med statsgaranti av Stortinget den 3. desember 1998, jf. St.prp. 28 (1998-99) og Innst. S. nr. 42 (1998-99). Brasil

betalte tilbake lånet til BIS i april 2000. Garantien frå Noregs Bank overfor BIS tok slutt frå same tidspunkt, og statsgarantien til Noregs Bank blei avvikla.

9.5.3 Lån til Jugoslavia - klarering av restansar

I samband med klarering av restansane som Republikken Jugoslavia hadde til IMF, oppmoda organisasjonen norske og sveitsiske styresmakter til å yte eit kortsiktig SDR-lån. Klarering av restansane var naudsynt for at Jugoslavia igjen kunne bli medlem av IMF. Det gjaldt eit såkalla brubyggingslån. Arrangementet gjekk ut på at Jugoslavia lånte til saman vel 100 millionar SDR frå Noreg og Sveits. Pengane blei deretter overførte til IMF som oppgjer for betalingsrestansar. Dermed fekk Jugoslavia på ny status som medlem med rett til lån og betalte med ein gong tilbake brubyggingslånet ved å trekkje på lån i IMF. Alle transaksjonane skjedde såleis ved interne overføringar mellom konti i IMF og ved ein operasjon innanfor same dagen. Lånet frå Noregs Bank på 50 millionar SDR blei gitt og innfridd 20. desember 2000. Transaksjonen førte ikkje til kostnader for Noregs Bank i form av gebyr eller rentetap. Lånet blei gitt innanfor ramma av paragraf 26 i sentralbanklova, som føreset tilstrekkeleg tryggleik og godkjenning av Finansdepartementet.

Denne typen lån er gjennomført fleire gonger tidlegare med andre deltakarland og med norsk deltaking. Noregs Bank er med på desse fordi Noreg er interessert i at operasjonar i regi av IMF kan gjennomførast på ein smidig måte.

9.5.4 Artikkel IV-konsultasjon

IMF gjennomfører årleg ei vurdering av norsk økonomi. Den såkalla artikkel IV-konsultasjonen blir gjennomført ved at ein delegasjon frå IMF har møte med Finansdepartementet, Noregs Bank, andre offentlege styresmakter og representantar for partane i arbeidslivet, academia og den finansielle sektoren.

Noreg har samtykt i at rapportane som blir utarbeidde i samband med artikkel IV-konsultasjon, kan offentliggjeraast. Det gjeld både den mellombels vurderinga som delegasjonen skriv ved avslutninga av konsultasjonen i Noreg, og den langt meir omfattande stabsrapporten som ligg til grunn for diskusjonen i styret.

Den siste artikkel IV-konsultasjonen blei gjennomført i månadsskiftet november-desember 2001. Dei mellombelse vurderingane blei publiserte 6. desember. Stabsrapporten vil bli diskutert i IMF-styret tidleg i 2002. Rapporten og ei oppsummering av styret sine vurderingar (Public Information Notice, PIN) vil bli offentliggjorde kort tid etter dette.

Finansdepartementet

tilrår:

Tilråding frå Finansdepartementet av 7. desember 2001 om Kredittmeldinga 2000 blir send Stortinget.

Vedlegg 1

Saker behandla av Finansdepartementet i 2000 etter finansieringsverksemdslova, forsikringsverksemdslova, banklovene og enkelte andre lover

Oversikta gir opplysning om søkjar, vedtak, heimat, dato, saksnummer og om det er stilt vilkår. Oversikta er ikkje fullstendig. Det er mellom anna ikkje teke med vedtak om oppnemning til råd og verv, innsyn i dokument, fritak frå teieplikt o.a.

Forkortingar:

finl. - lov 10. juni 1988 nr. 40 «Om finansieringsvirksomhet og finansinstitusjoner»

forsl. - lov 10. juni 1988 nr. 39 «Om forsikringsvirksomhet»

spbl. - lov 24. mai 1961 nr. 1 «Om sparebanker»

fbl. - lov 24. mai 1961 nr. 2 «Om forretningsbanker»

ktrl. - lov 7. desember 1956 nr. 1 «Om tilsynet for kredittinstitusjoner, forsikringsselskaper og verdipapirhandel m.v.» (kredittilsynslova)

vphl. - lov 19. juni 1997 nr. 79 «Om verdipapirhandel»

fvl. - lov 10. februar 1967 «Om behandlingsmåten i forvaltningssaker» (forvaltningslova)

asl. - lov 13. juni 1997 nr. 44 «Om aksjeselskaper» (aksjelova)

asal. - lov 13. juni 1997 nr. 45 «Om allmennaksjeselskaper» (allmennaksjelova)

rskl. - lov 17. juli 1998 nr. 56 «Om årsregnskap» (rekneskapslova)

Løyve til å drive bank og endring av vilkår

Kor mange: 2

29.9.2000-00/3158

Privatbanken ASA - Løyve til at Privatbanken ASA kan drive bankverksemd. Vilkår.

Heimat: fbl. § 8 (1), jf. kgl. res. 29.09.2000.

6.10.2000-00/1846

Jernbanepersonalets Interessekontor, Region Øst og Jernbanepersonalets Forsikring Gjensidig - Løyve til etablering av Jernbanepersonalets Sparebank og etablering av konserngruppa Jernbanepersonalets Bank og Forsikring, som består av Jernbanepersonalets Sparebank og Jernbanepersonalets Forsikring Gjensidig. Avslag på søknad om unntak frå reglane om samansetjinga til forstandarskapet. Vilkår.

Heimat: spbl. §§ 3 (1), finl. § 2a-3 (1), jf. kgl. res. 6.12.1991 nr. 78, finl. §§ 2a-6 (2) og 2a-7, spbl. § 8 (4), jf. (2).

Løyve til å drive forsikringsverksemd og endring av vilkår

Kor mange: 6

25.2.2000-99/5790

Kommunal Landspensjonskasse - Godkjenning av endring av vedtektene til KLP.

Heimel: forsl. § 3-2.

30.5.2000-99/2406

Oslo Pensjonskasse AS - Løyve til at «Oslo Pensjonskasse» kan drive verksemd innanfor livsforsikringsklasse I b og c og klasse V. Avslag på søknad om løyve til å drive forsikringsverksemd i klasse I a. Dispensasjon frå eigaravgrensingsreglane slik at Oslo kommune kan eige 100 prosent av aksjane. Vilkår.

Heimel: forsl. § 2-1, jf. forskrift 18.09.1995 nr. 797, asl. § 1-3, forskrift 19.02.1993 nr. 177 § 4-8, jf. forskrift 27.11.1991 nr. 757 § 5-2 (3), finl. § 2-2 (2) nr. 9.

16.6.2000-00/1437

Bayerische Rückversicherung Norge AS - Løyve til at Bayerische Rückversicherung Norge AS kan drive direkte skadeforsikring og gjenforsikring i Noreg i alle forsikringsklassar. Løyve til at Rück Trasury & Management (Luxembourg) S.A. kan eige 100 prosent av aksjane i Bayerische Rückversicherung Norge AS. Vilkår.

Heimel: forsl. § 2-1 (1), § 2-2 (2) nr. 6.

30.6.2000-00/2335

Industriforsikring AS - Løyve til at Industriforsikring AS kan overta kundekredittforsikring som reassuranse.

Heimel: forsl. § 13-8 (1), jf. § 1-2 (3) 1. p.

9.10.2000-00/2830

Vesta Forsikring AS - Søknad om løyve til å drive livsforsikringsverksemd o.a.

Løyve til at Fondsforsikringsselskapet Vesta Link AS kan drive livsforsikringsverksemd, dispensasjon frå eigaravgrensingsreglane og finanskonsernreglane slik at Vesta Forsikring AS kan eige 100 prosent av aksjane i Fondsforsikringsselskapet Vesta Link AS, godkjenning av endringar i organiseringa av Vesta-konsernet, samtykke i at Fondsforsikringsselskapet Vesta Link AS kan ha identisk kontrollkomité med Vesta Forsikring AS, Vesta Liv AS, Vesta Liv Holding AS, Vesta Garanti AS, Aktiv Forsikring AS, Dial Forsikring AS og Vesta Reinsurance Company Ltd. AS og løyve til at N.N. kan vere formann i styret i Fondsforsikringsselskapet Vesta Link AS fram til 30. juni 2001. Vilkår.

Heimel: forsl. § 2-1, jf. kgl. res. 25.8.1989 nr. 825, forskrift 18.9.1995 nr. 797, finl. § 2-2 (2) nr. 11, jf. kgl. res. 15.6.1990 nr. 453, finl. §§ 2a-3 (2), 2a-7 (2) og 2a-11 (4), forsl. § 13-8 (3), jf. § 5-1 (1) og forsl. § 2-2 (1) nr. 4.

20.12.2000-00/4827

Garanti-Instituttet for Eksportkreditt AS - Søknad om løyve til etablering av kredittforsikringsselskap. Løyve til at Garanti-Instituttet for Eksportkreditt AS kan drive forsikringsverksemd innanfor klasse 14 (kreditt), klasse 15 (kausjon) og 16 (diverse økonomiske tap) frå 1. januar 2001. Unntak frå eiga-

avgrensingsreglane i finl. § 2-2 (1) og unntak frå kravet til kapitaldekning og solvensmargin i forsl. § 7-3 (1) og (5) i perioden frå verksemda startar 1. januar 2001 til den nødvendige kapitalen blir overført 2. januar 2001. Vilkår.

Heimel: forsl. § 2-1 (1) og (3), jf. forskrift 18.9.1995 nr. 797, finl. § 2-2 (2) nr. 11, jf. § 2-2 (1) og forsl. § 7-3 (3), jf. (1) og (5).

Løyve til å drive finansieringsverksemd og endring av vilkår

Kor mange: 2

26.6.2000-99/5454

NetCom GSM AS - Løyve til å drive finansieringsverksemd knytt til tenestene «salgsautomat» og «elektronisk parkeringsløsning». Dispensasjon frå føresegnene i finansieringslova om verksemd knytte til dei nemnde tenestene. Vilkår.

Heimel: finl. 3-3, § 3-3 (4), jf. § 1-3 (2).

30.10.2000-00/2811

Easy Park ASA - Løyve til å drive finansieringsverksemd knytte til tenesta «elektronisk parkeringsløsning» slik ho er omtala i søknaden. Dispensasjon frå fråsegner i finansieringsverksemdslova om verksemd knytt til dei nemnde tenestene. Vilkår.

Heimel: finl. §§ 3-3 og 1-3 (2), jf. kgl. res. 10.6.1988 nr. 457.

Dispensasjon frå eigaravgrensingsreglane

Kor mange: 4

9.3.2000-00/525

Gjensidige NOR - Løyve til å overdra 50 prosent av aksjane i Gjensidige NOR Fondforsikring frå Gjensidige NOR Spareforsikring til Sparebanken NOR og endring av organiseringa som følgje av overdraging etter finl. § 2a-7

Heimel: finl. § 2-2 (2) nr. 11, § 2a-7.

28.4.2000-99/4150

Eika Kort AS - Løyve til at Eika Kort AS kan ha ein eigardel på 35 prosent i Sparebank 1 Kredittkort AS. Vilkår.

Heimel: finl. § 2-2 (1).

28.4.2000-00/532

Sparebank1 Gruppen AS - Løyve til at SpareBank1 Gruppen AS kan eige 65 prosent av aksjane i SpareBank 1 Kredittkort AS.

Heimel: finl. § 2-2 (2) nr. 11 og § 2a-7 (2).

16.6.2000-99/1450

Eika-kort AS - Endring av vilkår nr. 2 i brev frå Finansdepartementet av 28.04.2000 slik at Eika-kort AS berre skal kunne finansierast av Eika-Gruppen AS. Godkjenning av endring i konsernet som følgje av at Eika-kort AS er direkte ått av Eika-Gruppen AS.

Heimel: finl. § 2a-7 (2), jf. kgl. res. 6.12.1991 nr. 782.

Fusjon mellom finansinstitusjonar

Kor mange: 1

24.8.2000-00/3036

Terra Skadeforsikring AS - Løyve til at Terra Skadeforsikring AS kan eige 100 prosent av aksjane i Nore og Uvdal Brannkasse AS. Dispensasjon slik at Terra Skadeforsikring AS kan eige alle aksjane i Nore og Uvdal Brannkasse AS til fusjonen er gjennomført. Løyve til fusjon mellom Terra Skadeforsikring AS og Nore og Uvdal Brannkasse AS.

Heimel: finl. § 2a-3 (2), forsvl. § 3-6 (2), finl. § 2-2 (2) nr. 11.

Vedtak i samband med finanskonsernreglane

Kor mange: 13

21.2.2000-99/3675

Den norske Bank - Løyve til å organisere utlånsverksemda i London gjennom avtale med dotterselskapet Den norske Finance Ltd. Vilkår.

Heimel: finl § 2a-3 (4) og § 2a-7 (2).

25.2.2000-99/4555

Skandia-konsernet og Vesta-konsernet - Godkjenning av søknad om fisjon og endring i konsernstrukturen i Vesta-konsernet. Løyve til at Skandia AFS Nordic Holding kan eige aksjane i Skandia LTS Norge Holding AS. Løyve til at Skandia Kapitalforvaltning Holding AB kan eige aksjane i Skandia Asset Management Norge Holding AS. Løyve til at SkandiaBanken AB kan eige aksjane i Vesta Finans Holding AS. Løyve til at If Skadeförsäkring kan eige aksjane i Vesta Reinsurance C ltd. Løyve til at Vesta Forsikring kan avhende porteføljen i divisjon Marine & Energy, mellom anna organisasjonen og retten til å fornye porteføljen, til If Skadeförsäkring AB. Godkjenning av endringar i organiseringa i Vesta-konsernet som følgjer av dei nemnde løyva, og ved avhending av aksjane til konsernet i Skandia Marine Insurance C ltd, Skandia Insurance Services ltd og SAFIR Reporting Systems AS.

Heimel: finl. § 2-2 (2) nr. 6, § 3-2 (3) b, § 3-6, § 2a-6 (2), § 2a-7.

23.3.2000-99/1142

Storebrand ASA - Omgjering av vedtak - fråfall av vilkår om stemmefleirtal ved eige av inntil 50 prosent av eigardelane i utanlandsk finansinstitusjon. Vilkår.

Heimel: finl. § 2a-3 (4).

6.4.2000-99/6322

Tryg-Baltica AS - Godkjenning av søknad frå Tryg Baltica AS om å eige aksjane i Vesta Forsikring AS og Skandia LTS Holding Norge AS o.a. Vilkår.

Heimel: finl. § 2-2 nr. 6 og forsl. § 3-6.

28.4.2000-00/532

SpareBank1 Gruppen AS - Godkjenning av søknad om endring i konsernstruktur.

Heimel: finl. § 2a-7 (2).

13.6.2000-00/594

Sparebank 1 Gruppen - Løyve til at Sparebank 1 Gruppen kan eige 100 prosent av aksjane i VÅR Gruppen ASA. Dispensasjon frå eigaravgrensingsreglane slik at desse kan eige Sparebank 1 Gruppen:

Sparebanken Midt-Norge (13 %)

Sparebanken Nord-Norge (13 %)

Sparebanken Vest (13 %)

Sparebanken Rogaland (13 %)

Samarbeidende Sparebanker AS (13 %)

FöreningsSparbanken AB (publ) (25 %)

Landsorganisasjonen i Norge (LO)/forbund tilknytte LO (10 %).

Vilkår.

Heimel: finl. § 2a-3 (2), § 2-2 (2) nr. 11.

13.6.2000-99/4048

Gjensidige Skadeforsikring - Løyve til at Gjensidige Skadeforsikring kan eige 30 % av aksjane i Länsförsäkringar Miljö - försäkringsaktiebolag.

Heimel: finl. § 2a-3 (4).

28.6.2000-99/5835

Storebrand ASA - Løyve til at Storebrand ASA kan eige meir enn 50 prosent av aksjane i Euroben Life and Pension Limited i Irland. Godkjenning av endringa i organiseringa i Storebrandkonsernet som følgje av løyvet. Vilkår.

Heimel: finl. § 2a-3 (4), finl § 2a-7 (2).

7.7.2000-00/1474

KLP Forsikring - Løyve til at KLP kan yte eit lån på inntil 500 millionar kroner til det nyoppretta dotterselskapet.

Heimel: finl. § 2a-8 (4), jf. kgl. res. 6. desember 1991 nr. 782.

7.7.2000-00/1474

KLP Forsikring- Godkjenning av søknad om endring av konsernet.

Heimel: finl. § 2a-7 (2), jf. kgl. res. 6. desember 1991 nr. 782.

30.8.2000-00/3258

Storebrand ASA - Løyve til at Finansbanken ASA kan eige 100 prosent av aksjane i Den Københavnske Bank A/S. Godkjenning av organiseringa av Storebrand-konsernet og Finansbanken som delkonsern som følgje av at Den Københavnske Bank A/S blir eit heilått dotterselskap av Finansbanken ASA.

Heimel: finl. § 2a-3 (4), jf. kgl. res. 6.12.1991 nr. 782 og finl. § 2a-6 andre ledd.

22.11.2000-99/6175 og 95/7954

Kommunal Landspensjonskasse - Klage over avslag på vedtak om konsernbidrag frå KLP Skadeforsikring AS. Omgjort.

Heimel: finl. § 2a-8 tredje ledd, jf. kredittilsynslova § 4 nr. 9.

19.12.2000-00/1654

Lindorff Holding ASA - Løyve til at Lindorff Holding ASA kan vere morselskap i finanskonsern og eige 100 prosent av aksjane i Lindorff Capital AS. Løyve til at Lindorff Capital AS kan drive finansieringsverksemd. Løyve til at Lindorff Capital AS fram til ordinær generalforsamling våren 2003 har eit representantskap på minimum seks medlemmer og godkjenning av konsernstruktur. Vilkår.

Heimel: finl. § 2a-3 (1), jf. kgl. res. 6.12.1991, § 2a-2 litra d, § 2a-3 (2), jf. kgl. res. 6.12.1991, § 3-3 (1), § 3-10 (1), jf. kgl. res. 15.6.1990, § 2a-6 (2), jf. kgl. res. 6.12.1991.

Samarbeidsavtalar mellom finansinstitusjonar

Kor mange: 1

7.1.2000-99/6259

Den Norske Bankforening - Overføring/vidareføring av tidlegare godkjenningar av Den norske Bankforening/samarbeidsavtalar til Bankforeningens servicekontor til Finansnæringens Hovedorganisasjon/Finansnæringens Servicekontor.

Heimel: finl. § 2-7.

Oppretting av filial og dotterselskap i utlandet

Kor mange: 1

7.7.2000-00/1474

KLP Forsikring - Løyve til at KLP opprettar eit dotterselskap i København som er ått 100 prosent av KLP Eiendom AS.

Heimel: finl. § 2a-3 (4), jf. kgl. res. 6. desember 1991 nr. 782.

Overdraging av verksemd

Kor mange: 2

12.12.2000-00/2055

Norsk Energiverk Forsikring AS - Løyve til å eige aksjar i Fender Forsikring ASA og etablering av mellombels konsernforhold. Vilkår.

Heimel: forsl. § 3-6 (2), finl. § 2a-3 (2), jf. kgl. res. 6.12.1991 nr. 782, § 2-2 (2) nr. 11, jf. kgl. res. 15.6.1990 nr. 453 og § 2a-6 (2), jf. kgl. res. 6.12.1991 nr. 782.

18.12.2000-00/897

Merita Nordbanken Abp - Løyve til at Merita Nordbanken Abp kan eige alle aksjar i Christiania Bank og Kredittkasse ASA. Vilkår.

Heimel: fbl. § 4 (3) og § 31, jf. finl. § 2-2 (2) nr. 6, jf. kgl. res. 15.6.1990, kgl. res. 22.9.1961 og kgl. res. 7.5.1999.

Avvikling av verksemd

Kor mange: 2

23.5.2000-00/1941

Stiftelsen UNI - Godkjenning av vedtak om å avvikle stiftelsen som ein stiftelse etter finansieringsverksemdslova. Vilkår.

Heimel: finl. § 2-24 (1) 2.p.

26.9.2000-00/2166

Stiftelsen Lokal Forsikring - Samtykke i avvikling av Stiftelsen Lokal Forsikring som stiftelse etter finansieringsverksemdslova. Vilkår.

Heimel: finl. § 2-24 (1) 2.p.

Kapitalutviding og opptak av ansvarleg lån

Kor mange: 1

17.2.2000-00/454

Statens Bankinvesteringsfond - Løyve til endring i vedtektene til Bankinvesteringsfondets slik at grunnkapitalen blir auka i samsvar med søknaden.

Heimel: lov om Statens Bankinvesteringsfond § 3 (3).

Unntak frå kapitaldekningskrav o.a.

Kor mange: 3

9.3.2000-99/39

Den norske Bank ASA - Løyve til bruk av fondsobligasjonar som kjernekapital. Vilkår.

Heimel: forskrift 1.6.1990 nr. 435 § 3 nr. 12, jf. finl. § 2-9 (2), § 3-17, fbl. § 21. 30.3.2000-00/1037

Sparebanken NOR - Løyve til bruk av fondsobligasjonar som kjernekapital. Vilkår.

Heimel: forskrift 1.6.1990 nr. 435 § 3 nr. 13, jf. finl. § 2-9 (2), § 3-17, spbl. § 25.

5.7.2000-99/4148

Gjensidige NOR Pensjonstjenester AS - Avslag på søknad om dispensasjon frå krav til ansvarleg kapital.

Heimel: forskrift 19. februar 1993 nr. 117 (pensjonskasseforskrifta) § 20, jf. § 8.

Vedtak i samband med styre, kontrollkomitear o.a.

Kor mange: 3

17.7.2000-98/2390

Norske Liv AS - Løyve til at fire av seks styremedlemmer i Norske Liv AS kan vere tilsette i Kredittkassen-konsernet, og at formann i styret kan veljast blant dette fleirtalet.

Heimel: forsl. § 13-8(3), jf. § 5-1 (1) 4. og 5. pkt, jf. kgl. res. 25. august 1989 nr. 825.

17.7.2000-98/6175

K-Fondsforssikring AS - Løyve til at tre av fem medlemmer kan vere tilsette i Kredittkassen-konsernet, og at formann i styret kan veljast blant dette fleirtalet.

Heimel: forsl. § 13-8 (3), jf. § 5-1 (1) 5.p.

22.11.2000-00/4177

Gjensidige Marine & Energy Insurance AS - Avslag på søknad om dispensasjon frå krav om at tilsette i eit forsikringsselskap skal vere representerte i styret i selskapet.

Heimel: forsl. § 5-1 (1), § 13-8 (3), jf. kgl. res. 25.8.1989 nr. 825.

Vedtak i samband med verdipapirhandel

Kor mange: 1

14.7.2000-98/3220

Norsk Oppgjørssentral ASA - Løyve til at Norsk Oppgjørssentral kan drive verksemd som oppgjørssentral. Verksemd som medfører risiko eller fare for interessekonfliktar som kan verke inn på evna til Norsk Oppgjørssentral ASA til å ivareta pliktene sine som oppgjørssentral, må drivast skilt frå den konsesjonspliktige verksemda.

Heimel: vphl. § 6-1 (1), jf. kgl. res. 10. juni 1997 nr. 614.

Vedtak i samband med eigedomsmekling

Kor mange: 1

27.10.2000-00/2814

Meglerne i Gågaten AS - Avslag på klage over Kredittilsynets vedtak om ilegging av dagmulkt for manglande oppfyljing av rapporteringsplikta for føretak som driv eigedomsmekling.

Heimel: Eigedomsmeklingslova § 2-7 (1), jf. forskrift 20.5.1999 nr. 673, Kredittilsynslova § 10 (2).

Andre vedtak

Kor mange: 23

21.2.2000-99/6210

Privatperson - Avslag på søknad om registrering i Einingsregisteret.

Heimel: einingsregisterlova § 4 (1) c, forskrift 9.2.1996 nr. 114 § 8.

25.2.2000-99/4259

Privatperson - Avslag på klage over Noregs Bank sitt vedtak om deponering.

Heimel: deponeringslova § 1.

9.3.2000-99/6256

Norsk Luthersk Misjonssamband - Søknad om dispensasjon frå plikt til å levere rekneskap.

Heimel: rskl. § 1-2 (1) nr. 10

6.4.2000-99/4629

Hadeland Gjensidig Brannkasse - Løyve til at representantskap kan velje registrert revisor.

Heimel: forsl. § 13-8 (3), jf. § 6-2.

23.5.2000-00/1862

Privatperson - Avslag på klage over vedtak om tvangsmulkt ilagd på grunn av manglande statistikkrapportering.

Heimel: statistikklova § 2-3, jf. § 2-2 og kgl. res. 16. juni 1989 nr. 387.

15.6.2000-00/338

Privatperson - Avslag på klage over Noregs Bank sitt vedtak om at det ikkje skal leggjast til renter på det deponerte beløp i deponeringstida.

Heimel: deponeringslova § 2.

20.6.2000 - 99/4460

Skiforeningen - Avslag på søknad om avvikande rekneskapsår.

Heimel: rskl. § 1-7.

15.8.2000-00/1165

Advokatonline AS - Avslag på klage over Einingsregisteret sitt vedtak om å registrere enkeltmannsføretaket N.N. Advokat i Einingsregisteret.

Heimel: einingsregisterlova § 1 (2), jf. § 17.

15.8.2000-00/890

Sameiet Gml. Drammensv. 35 - Avslag på klage over Einingsregisteret sitt pålegg om å gi opplysningar.

Heimel: einingsregisterlova §§ 5 og 6, § 2 b nr. 1, jf. folketrygdlova § 25-1.

15.8.2000-00/2106

Christiania Låsservice - Avslag på klage over registrering av Christiania Låsservice N.N. i Einingsregisteret.

Heimel: einingsregisterlova §§ 17, 1 (2), føretaksregisterlova § 5-1, firmalova §§ 3-2 og 5-1.

15.8.2000-00/2191

Odal Lydavis - Avslag på søknad om registrering i Einingsregisteret.

Heimel: einingsregisterlova §§ 19 (1).

15.8.2000-00/303

Boligsameiet Knausen - Avslag på klage over pålegg om å melde sameigarar til Einingsregisteret.

Heimel: einingsregisterlova § 16 (1).

15.8.2000-00/3096

African Musicians Union in Norway (AMUN) - Avslag på klage over vedtak om registrering av AMUN. Årsaka til klagen er usemje om kven som er styreleiar og styremedlemmer, og kven som har signatur i AMUN.

Heimel: einingsregisterlova § 1 (2).

15.8.2000-00/1910

Privatperson - Avslag på søknad om å registrere enkeltmannsføretak i Einingsregisteret fordi innehavaren er mindreårig og ikkje har høve til å drive eiga næringsverksemd, jf. verjemålslova § 2.

Heimel: einingsregisterlova § 19.

5.9.2000 - 94/4367

A. F. Klaveness & Co AS - Avslag på søknad om samtykke til å nytte sikkerheitstillegg og premiefondsmidlar som ansvarleg kapital i pensjonskassa til A.F. Klaveness & Co. AS.

Heimel: føretakspensjonslova § 10-4 (1) og (2), jf. forskrift 1.6.1990 nr. 435 (berekningsforskrifta).

5.9.2000-00/3675

Stiftelsen Steinerskolen Oslo Øst - Avslag på søknad om å følge eit avvikande rekneskapsår.

Heimel: rskl. § 1-7 (1).

9.10.2000-00/3604

Finansnæringens Hovedorganisasjon - Godkjenning av samarbeidsavtale (avtale om etablering av eit felles EFTPOS-selskap, Bank-Axept) AS mellom finansinstitusjonar som ikkje inngår i same konsern.

Heimel: finl. § 2-7, jf. kgl. res. 10.6.1988 nr. 457.

9.10.2000-00/3604

Sparebankforeningen i Norge - Godkjenning av samarbeidsavtale (avtale om etablering av eit felles EFTPOS-selskap, Bank-Axept AS) mellom finansinstitusjonar som ikkje inngår i same konsern.

Heimel: finl. § 2-7, jf. kgl. res. 10.6.1988 nr. 457.

11.10.2000-00/894

Lovewell Blake for Seatrax UK Ltd. - Løyve til å oppbevare rekneskapsmateriale utanfor Noreg.

Heimel: rskl. § 9-1 (2), jf. forskrift 6.5.1999 nr. 544 § 6-3 (5).

2.11.2000-98/5913

Sparebankenes sikringsfond - Delvis godkjenning av søknad om vedtektsendringar.

Heimel: banksikringslova § 2-4 (3), jf. kgl. res. 6.12.1996.

2.11.2000-98/5913

Forretningsbankenes sikringsfond - Godkjenning av søknad om vedtektsendringar.

Heimel: banksikringslova § 2-4 (3), jf. kgl. res. 6.12.1996.

4.12.2000-00/2716

Thomassen Design - Avslag på klage over vedtak om avslag på søknad om fritak frå framtidige strukturundersøkingar. På det noverande tidspunktet er det ikkje fatta vedtak etter statistikklova § 2-2 om oppgåveplikt for klagar for undersøkingar som gjeld år 2000 eller seinare.

Heimel: statistikklova.

14.12.2000-00/5242

BDO International AS, på vegner av Link IT AS - Løyve til at Link IT AS får nytte avvikande rekneskapsår.

Heimel: rskl. § 1-7, jf. forskrift 19.7.1999 nr. 816 § 1.

Vedlegg 2

Fråsegn frå finansminister Bosse Ringholm på vegner av dei nordiske landa i IMF og Verdsbanken og dei baltiske landa i IMF i den felles årlege diskusjonen under årsmøta til IMF og Verdsbanken, 26. - 28. september 2000

Innleiing

Herr President, eg er æra over å tale til dei felles årsmøta i 2000 på vegner av den nordisk-baltiske valkrinsen i IMF og dei nordiske medlemmene i Verdsbanken. La meg byrje med å takke dei tsjekkiske styresmaktene for at dei er vertskap for årsmøta i denne vakre og historiske byen.

Dei noverande utsiktene for verdsøkonomien er gunstige. Sterkare innføring av sunn politikk i mange land rundt i verda, så vel som framgangen ein har oppnådd i arbeidet for å ta opp svake punkt i den internasjonale finansielle arkitekturen, har gjort oss betre førebudd på å takle finansielle, makroøkonomiske og strukturelle trugsmål på eit tidleg tidspunkt. Til tross for denne oppmuntrande framgangen, må vi fortsette arbeidet slik at vi sikrar stabilitet over tid. Medan ein har gjort viktige framsteg i kampen mot fattigdom og i arbeidet for å fremme den sosiale agendaen for dei fattige i verda, har talet på menneske som lever i fattigdom auka. Verdsbanken og IMF har ei enorm oppgåve framfor seg når dei skal takle fattigdom og sosiale spørsmål, og eg ønskjer den fornya vektlegginga av desse spørsmåla velkomen.

Otta som manifesterer seg i gatene, er ei utfordring for oss som medlemmer av Bretton Woods-institusjonane og andre multilaterale institusjonar. For å møte denne utfordringa, må vi delta i ein konstruktiv, klar og balansert debatt. Vi må bli flinkare til å forklare veljarane våre kva for ei viktig rolle institusjonane spelar i å hjelpe land som prøver å utnytte dei sjansane og unngå dei farane globaliseringa inneber. Vi må leggje vekt på påverknaden bidraga frå Verdsbanken og IMF har når det gjeld låneopptak frå private selskap for å fremme produktive investeringar og for å gjere land med låge eller middels inntekter mindre sårbare overfor finansielle kriser. Bretton Woods-institusjonane gir òg viktige bidrag til implementeringa av strategier for reduksjon av fattigdom som landa lagar sjølve og til å hjelpe land å bli betre integrerte i verdsøkonomien.

HIPC-initiativet er eit godt eksempel på korleis Bretton Woods-institusjonane har tatt leiinga i å takle eit vanskeleg spørsmål på ein måte som hjelper til å redusere fattigdommen. Dei landa i valkrinsen min som er med, har nettopp teke ei avgjerd om å gi eit ytterlegare bidrag til HIPC-fondet på meir enn 100 millionar USD dei neste to åra. Dei nordiske landa har så langt båret sin rettferdige byrde, og vi ventar at alle G7-landa skal gjere det same.

Vi støttar etableringa av ein formalisert prosess for etterfyljing av HIPC-fondet. Truverdet vårt står på spel. Bidraget vi nyleg gav til fondet til Verdsbanken blei utløyst av avtalen ein kom fram til på u-hjelpsmøtet i Lisboa om at

ein prosess for etterfyljing snart Bskulle vere på plass. Vi ber Verdsbanken sørge for at ein slik mekanisme blir etablert.

Herr President, eg er overtydd om at globaliseringa av kapitalmarknadene gir store moglegheiter for vekst og utvikling for både fattige og rike land. Likevel må tilpassinga skje på ein forsiktig måte og i riktig rekkefølge for at vi skal kunne hauste fordelane av den globaliserte verda vi lever i i dag. Bretton Woods-institusjonene må endre seg slik at reiskapane dei har for å fremme stabilitet og hindre store kriser blir spissa.

Reform av Bretton Woods-institusjonane

Eg vil derfor fokusere på to særskilde område når det gjeld reformar av IMF og Verdsbanken: den auka rolla for standardar og involvering av privat sektor.

Utviklinga av internasjonalt aksepterte og godt utarbeidde standardar og kodar er ein opplagt og viktig oppgåve for IMF. Dei bør ha ei stadig viktigare rolle i politikkråda og lånearrangementa til IMF. Både IMF og Verdsbanken bør, innanfor mandata sine, fortsetje å arbeide for at medlemslanda skal innføre standardar ein har blitt einige om, slik som ILOs sentrale arbeidsstandardar (Core Labour Standards).

Ein må òg setje i verk passende tiltak for å hindre misbruk av det internasjonale finansielle systemet. Slike tiltak bør vere eit viktig element i arbeidet til dei internasjonale finansielle institusjonane. Der det er mogleg, bør IMF inkludere eit eige avsnitt om markedsintegritet og korrupsjon i overvåkings- og programrapportane sine. Avsnittet bør òg ta opp kampen mot kvitvasking av pengar basert på informasjon og vurderingar nasjonale styresmakter og relevante organisasjonar som Financial Action Task Force on Money Laundering og OECD legg fram. Styret kunne bli spurt om å vurdere moglegheitene for ei slik involvering.

Finanskrisene i 1997 og 1998 leidde til eit velkome fokus frå Verdsbanken på strukturelle spørsmål i finanssektoren på nasjonalt nivå. Vi vil spesielt støtte den felles tilnærminga frå Verdsbanken og IMF for å løyse problem i fleire land gjennom Financial Sector Assessment Programme.

IMF har ansvar for handtering av kriser og overvaking. Verdsbanken leier arbeidet med å gi råd om strukturelle reformer, inkludert spørsmål om godt styresett, i finanssektoren. Det vil bidra til å gjere land mindre sårbare overfor kriser.

Fattigdomsfokuset til Verdsbanken inneheld òg eit ansvar for å hjelpe land med å dempe effektane av ei finanskrise. Valkrinsen min ønskjer velkomen at Verdsbanken fokuserer på sosialt vern i den samanhengen. Den set òg pris på IMF's arbeid for å redusere dei sosiale kostnadene ved finanskriser.

Det er avgjerande å involvere privat sektor i førebygging og handtering av internasjonale finanskriser. Passande deltaking frå privat sektor har blitt dess meir viktig ettersom sektoren har ei dominerande rolle i globale finansielle operasjonar. Vidare kan utilstrekkeleg deltaking frå privat sektor over tid leie til ein reduksjon i offentleg finansiering, inklusive frå IMF. Involvering av privat sektor burde faktisk vere eit fast innslag i alle programma til IMF, men slik at detaljane blir fastlagde i kvart einskild tilfelle.

Mot denne bakgrunnen er det viktig å fortsetje å utforske alle moglegheitene for å sikre konstruktive bidrag frå privat sektor. Ein mogleg framgangsmåte kunne vere å etablere juridiske retningsliner for velordna ordningar for frysing av gjeldsbetaling, inklusive avvegingar om ei mogleg rolle for IMF.

La meg no gå over til den framtidige rolla og dei framtidige verkemidla til Verdsbanken. Den fallande trenden i utlån frå Verdsbanken reiser spørsmål om låneinstrumenta er relevante. Ein bør ikkje neglisjere konsekvensane av dette for den finansielle styrken til Verdsbanken og for evna hans til å finansiere ei rekkje viktige initiativ.

Verdsbanken må undersøkje korleis han kan bli flinkare til å hjelpe mello-minntektsland som ofte har alvorlege problem med ulikskap og fattigdom. Vi ønskjer å sjå fleksible instrumentar med ein pris og innretting som møter behova desse landa har. Vi er ivrige etter å sjå ei fornya og djupare forplikting til å fremme utvikling av privat sektor, spesielt i overgangskonomiane. IFC har ei særskild rolle å spele for å skaffe eigenkapitalfinansiering og fremme utanlandske private kapitalstraumer.

Ein må òg vurdere rolla Verdsbanken spelar og instrumenta han brukar i dei fattigaste landa. Lån via internasjonal u-hjelp har minka, og vi når ikkje målet om at 50 pst. skal gå til Afrika. Regional integrasjon og framveksande regionale marknader er skjøre, og det er nødvendig med støtte.

Mot denne bakgrunnen er diskusjonen som er i gang om Verdsbankens framtidige rolle og strategiske retning avgjerande, og vi ser fram til nyskapande forslag frå leiinga som ein basis for det neste møtet i Utviklingsskomiteen.

Transparens

Eit anna sentralt spørsmål når det gjeld måten det internasjonale monetære og finansielle systemet fungerer på, er kor transparente eller gjennomsiktige organisasjonar og system er. Eg ønskjer velkomen dei imponerande skritta framover både Bretton Woods-institusjonane og medlemslanda har teke dei siste åra, til dømes ved å offentleggjere evalueringane IMF gir av individuelle økonomiar, styringsstrategien til Verdsbanken og Verdsbanksinstituttets arbeid med korrupsjon i enkeltland. Desse tiltaka er viktige for å lette deltaking frå den private sektoren og for å gjere innhaldet i økonomiske reformprogram allment kjent.

Eit aspekt ved transparens - eller mangel på transparens - er dei siste tilfella av misrapportering til IMF. Desse tilfella peikar på behovet for å fortsette arbeidet for å sikre ressursane til IMF. Det bør vere eit krav for å få finansiell støtte frå organisasjonen at finansielle årsmeldingar, reviderte av uavhengige revisorar i tråd med internasjonalt aksepterte standardar, blir publiserte.

Verdsbanken harforbetra seg

Eg vil vende tilbake til spørsmålet om reformar i Verdsbanken og seie at han har erkjend visse punkter der han har kome til kort og har arbeidd hardt for å

overvinne dei. Valkrinsen min er ein sterk tilhengjar av det nye fokuset på fattigdomsreduksjon og partnerskap gjennom prinsippa i Comprehensive Development Framework og Poverty Reduction Strategy Papers.

Vi støttar spesielt tanken om at landa sjølve må kjenne eigarskap til utviklingsprosessen, samspelet mellom økonomiske, strukturelle og sosiale dimensjonar ved utvikling, og den auka vektlegginga av donorsamarbeid. Vi har nå ei breiare forståing av kva fattigdom er, noko som blir reflektert i The Voices of the Poor og World Development Report for 2000. I kampen mot fattigdom, må vi vere merksame på at nødvendige reformar kan truge eksisterande maktstrukturar. Verdsbanken må halde fram med arbeidet mot korrupsjon og ikkje-transparente styresett ettersom dei skader arbeidet for reduksjon av fattigdommen.

Framleis har ikkje Verdsbanken klart å ta skikkeleg omsyn til kjønns-spørsmål i operasjonane sine. Godt politikktutviklings- og intellektuelt arbeid er ikkje blitt følgt opp på det operasjonelle nivået. Ein må styrkje innsatsen for å få til ei slik oppfølging. Vi veit at kjønnsperspektivet gjer utviklingsarbeidet vårt meir effektivt og gjer at vi når dei mest sårbare av dei sårbare. Dei nordiske landa ser fram til den komande diskusjonen om ein ny kjønnsstrategi i Verdsbankgruppa. Ein World Development Report som tek opp kjønns-spørsmålet burde for lengst ha vore utarbeidd.

HIV/aidsepidemien drep fleire menneske enn konflikhtar og truger med å utrydde ein heil generasjon i fleire afrikanske land. Det vi har oppnådd innan utvikling og fattigdomsreduksjon dei siste tiåra er i fare både i Afrika og Asia. Situasjonen krev umiddelbar handling frå Verdsbanken. The Global Alliance for Vaccines and Immunisation (GAVI) er eit eksempel på eit nyttig initiativ som dannar ein brei allianse mellom multilaterale institusjonar, regjeringar og den private sektoren. Men andre tiltak trengst for å halde framdrifta frå Vår møta oppe. Konflikhtar i dei fattigaste landa har viska ut utvikling gjennom mange år. Spørsmålet om passande Verdsbankinstrument og eit globalt partnerskap for å takle alle dei nemnde spørsmåla må tas opp i den komande etterfyljinga av u-hjelp.

Revisjonen av kvotesystemet

Avslutningsvis vil eg seie nokre få ord om revisjonen av kvotesystemet i IMF. Ein ny kvoteformel må gi ei fordeling av kvotar som er truverdig og akseptabel for alle medlemmene. Formelen bør helst innehalde berre økonomiske variable som det er brei oppslutning om og som har ei tett tilknytning til måla og arbeidet til IMF. Kvoten eit land har i IMF bør bli styrt av evna landet har til å bidra til IMF's ressursar, så vel som av faktorar som heng saman med behovet landet kan ha for å låne i IMF.

Konklusjon

Herr President, Bretton Woods-institusjonane har ei avgjerande rolle å spele i å styre globaliseringa slik at ho gir fordelar til alle land og alle menneske. Verdsbanken og IMF har innsett at dei må gjere reformar. Arbeid gjenstår, og vi ser fram til å arbeide saman for å sikre global makroøkonomiske og finan-

siell stabilitet og for å hjelpe dei fattige i innsatsen deira for å hauste fordeler av globaliseringa.

Takk skal dykk ha.
